

Masteroppgåve

**Overgangsprosessen med start i barnehagen  
for små barn – moglegheiter for brubygging  
mellom heim og barnehage**

Ein kvalitativ intervjustudie med personale og foreldre  
om overgangsprosessen

Berit Huse

UL 306-D

Mastergradsstudium i undervisning og læring,  
spesialisering i spesialpedagogikk  
2020

45 studiepoeng

Tal ord: 28608



HØGSKULEN  
I VOLDA

## **SAMANDRAG ENGELSK**

The theme of this study is the transition process starting with the youngest children in kindergarten, and the experiences of the parents and staff around this practice. The spotlight is directed at the youngest children in the kindergarten, where three one-year-olds are studied through the transition process. The overall research question for the study is: What is the kindergarten's practice of the transition process for the three children and how do the children, their parents and staff in the kindergarten experience this process.

The study is conducted as a qualitative study with focus interviews and individual interviews as well as document analyses. Documents collected are based on the kindergartens communication and contains written communication with parents in connection to the transition process, as well as Power points used in meetings with the parents.

Data from Statistics Norway (2020) show that 84.4 % of the children at the age 1-2 years are attending daycare in 2019. Practices for the transition process will thus be important for how the transition is experienced by the children, parents and staff.

Results in this study show that "Veslebakken kindergarten" and "Solstova department" conduct a practice for the transition process where they emphasize facilitation of basic connections between home and kindergarten before the child start in kindergarten. This connection consists of a meeting point and communication between home and kindergarten, and thus make it possible for parents and staff to together prepare the child for their start in kindergarten. The results are analyzed and interpreted using Bronfenbrenner's (1979, 2005) bio-ecological model.

This study finds that there seems to be a connection between past experiences, new experiences and expectations in relation to the transition process based on the phases; pre-start, during the start and after the child has started in the kindergarten. For new parents and parents who have experienced a challenging transition process earlier, connections and processes appear to be of greater significance than for parents who have experiences from earlier transitions or good experiences. The study also finds a connection between the preschool's practice of the transition process and both parents and staffs experiences of a positive transition from home to kindergarten for these one-year-olds.

## SAMANDRAG NORSK

Tema i denne studien er barnehagen sin praksis for overgangsprosessen med start for dei yngste barna, og foreldre og personale sine erfaringar og opplevingar omkring denne praksisen. Søkjelyset er retta mot dei yngste barna i barnehagen, der ein har fylgt barnehagen sin praksis for overgangsprosessen i samband med tre eittåringar sin start i barnehage.

Undersøkinga si problemstilling er: *Kva er barnehagen sin praksis for overgangsprosessen for dei små borna og korleis erfarer og opplever foreldra og personalet denne?* Undersøkinga er gjennomført som kvalitativ studie med fokusgruppeintervju og individuelle intervju, samt analyse av dokument barnehagen brukar i overgangsprosessen. Dokument som er samla inn består av barnehagen sin skriftlege kommunikasjon med foreldre i samband med denne overgangsprosessen, samt Power Point brukt i foreldremøte.

Tal frå Statistisk sentralbyrå (2020) syner at andel barn 1-2 år som går i barnehage var 84,4 % i 2019. Praksis for overgangsprosessen vil vere av betydning for korleis overgangen vert erfart og opplevd av borna, foreldre og personale. Resultat i denne undersøkinga viser at Veslebakken barnehage og avdeling Solstova sin praksis for overgangsprosessen med borna sin start i barnehagen legg til rette for grunnleggande forbindelsar og prosessar mellom heim og barnehage før borna startar i barnehagen. Forbindelsane består av møtepunkt og kommunikasjon mellom heim og barnehage og gjer det mogleg for foreldre og personale kvar for seg og saman å førebu borna sin start i barnehagen. Desse resultatata blir analyserte og tolka i lys av den bioøkologiske modellen av Bronfenbrenner (1979, 2005).

Det synest vere ein samanheng mellom tidlegare erfaringar og opplevingar og forventningar til overgangsprosessen i fasane før, under og etter borna sin start i barnehagen. For nye foreldre og foreldre som har opplevd utfordrande overgangar tidlegare, synest forbindelsane og prosessane å vere av større betydning enn hos foreldre som har gode erfaringar og opplevingar frå tidlegare overgangar. Studien finn også ein samanheng mellom barnehagen sin praksis for overgangsprosessen og både foreldre og personale si oppleving av ein positiv overgang frå heim til barnehage for dei yngste borna.

## FORORD

Innleiingsvis vil eg rette ei stor takk til Veslebakken barnehagen ved styrar som opna inngangsporten til ei spennande reise i Veslebakken sin praksis for overgangsprosessen for dei små borna. Og ikkje minst personale på avdeling Solstova og foreldre til dei tre borna som byrja på avdeling Solstova som prioriterte å sette av tid til å dele sine erfaringar og opplevingar i ei spennande tid med overgang frå heim til barnehage for dei små borna. Utan dykkar si store velvilje og lærerike forteljingar om praksis knytt til overgangsprosessar, kunne ikkje denne studien ha funne stad.

Å kombinere deltidsutdanning og jobb kan opplevast som utfordrande, samstundes som det har sine fordeler ved å vere på fagfeltet ein studerer. I tida mi som deltidsstudent ved Høgskulen i Volda har oppbygging og organisering av «Mastergradsstudium i undervisning og læring, spesialisering i spesialpedagogikk», gjort det mogleg å kome i mål med denne studien. Støtta eg har fått frå kollegaer, familie, sosiale nettverk og rettleiar Liv Ingrid Aske Håberg, har vore heilt nødvendig for at eg meistra å kome i mål med studien og slik sit att med ei oppleving av ein positiv prosess.

Volda juni 2020

Berit Huse

## INNHALDSLISTE

1	INNLEIING .....	9
1.1	Problemstilling og forskingsspørsmål .....	10
1.2	Oppbygging av oppgåva .....	12
2	KUNNSKAPSGRUNNLAG .....	13
2.1	Offentlege føringar for overgangen mellom heim og barnehage .....	13
2.2	Teoretisk referanseramme .....	14
2.2.1	Definisjon på overgangar .....	14
2.2.2	Det bioøkologiske miljøet .....	17
2.2.3	Transaksjonsmodellen .....	18
2.2.4	Den bioøkologiske modellen .....	18
2.2.4.1	Mikrosystemet .....	19
2.2.4.2	Mesosystemet .....	20
2.2.4.3	Eksosystemet .....	22
2.2.4.4	Makrosystemet .....	22
2.2.5	Barnehagen sitt miljø og samarbeid med heimen .....	23
2.2.6	Forsking på praksis knytt til dei yngste barna si tilvenning .....	24
2.2.7	Positive overgangar .....	26
2.2.8	Oppstart i barnehage og relasjonar .....	27
2.2.9	Primærkontaktmodellen og tilknytingsrelasjonar .....	29
2.2.9.1	Tilknytning til personalet i barnehagen .....	29
2.2.9.2	Tryggleikssirkel .....	30

2.2.9.3	Overgangsobjekt .....	30
<b>3</b>	<b>METODEDEL .....</b>	<b>32</b>
3.1	Kvalitativ metode .....	32
3.2	Rekruttering og utval .....	33
3.2.1	Kontekstforståing – kort beskriving av barnehagar .....	34
3.3	Intervju.....	35
3.3.1	Utvikling av intervjuguide.....	36
3.3.2	Gjennomføring av datainnsamling .....	36
3.3.3	Intervjuprosessen.....	38
3.3.4	Dokument som datamateriale .....	39
3.4	Lyddoptak, transkribering, tolking og analyse .....	40
3.5	Reliabilitet og validitet .....	41
3.6	Etiske betraktningar .....	43
<b>4</b>	<b>PRESENTASJON AV RESULTAT.....</b>	<b>46</b>
4.1.1	Informantane sine tidlegare erfaringar med overgangsprosessar mellom heim og barnehage for små born	46
4.2	Overgangsprosessen mellom heim og barnehage for dei yngste barna.....	46
4.2.1	Kort presentasjon av barnehagen sin praksis for overgangsprosessen mellom heim og barnehage sett i samanheng med tidspunkt for datainnsamling.....	47
4.2.2	Veslebakken barnehage og avdeling Solstova sin praksis for overgangsprosessen mellom heim og barnehage for dei små barna .....	47
4.2.2.1	Avdeling Solstova sin praksis før borna sin start i barnehagen .....	48
4.2.2.2	Avdeling Solstova sin praksis for borna sin start i barnehagen .....	48

4.2.3	Personale sine erfaringar og opplevingar av praksis før borna startar i barnehagen.....	50
4.2.3.1	Foreldremøte for nye foreldre.....	51
4.2.3.2	Heimebesøk med oppstartssamtale.....	52
4.2.3.3	Besøksettermiddag på avdeling Solstova.....	53
4.2.3.4	Personale om førebuing av borna sin start i barnehagen.....	54
4.2.3.5	Oppsummering av personale sine erfaringar og opplevingar av praksis før borna startar i barnehagen.....	55
4.2.4	Foreldra sine erfaringar og opplevingar av overgangsprosessen mellom heim og barnehage før borna sin start i barnehagen.....	55
4.2.4.1	Foreldrepar A.....	56
4.2.4.2	Foreldrepar B.....	57
4.2.4.3	Foreldrepar C.....	58
4.2.4.4	Oppsummering.....	59
4.2.5	Personalet sine erfaringar og opplevingar av eigen praksis når borna startar i barnehagen.....	60
4.2.6	Oppsummering.....	63
4.2.7	Foreldra om sine forventningar til borna sin oppstart i barnehagen og korleis dei opplevde at det gjekk av borna sin start i barnehagen.....	63
4.2.7.1	Foreldrepar A om forventningar til barnet sin start i barnehagen og korleis dei opplevde det gjekk	63
4.2.7.2	Foreldrepar A om korleis dei opplevde barnet sin start i barnehagen.....	64
4.2.7.3	Foreldrepar B om forventningar til barnet sin start i barnehagen og oppleving av korleis det gjekk	65
4.2.7.4	Foreldrepar B om korleis dei opplevde barnet sin start i barnehagen.....	66
4.2.7.5	Foreldrepar C om forventningar til barnet sin start i barnehagen og korleis dei opplevde det gjekk	67
4.2.7.6	Foreldrepar C om korleis dei opplevde barnet sin start i barnehagen.....	68

4.2.7.7	Oppsummering.....	70
4.2.7.8	Oppsummering av praksis for overgangsprosessen før, under og etter borna sin oppstart i barnehagen og informantane sine erfaringar og opplevingar av denne .....	70
<b>5</b>	<b>DRØFTING.....</b>	<b>72</b>
5.1.1	Forskingsspørsmål 1 : Kva er barnehagen sin praksis for overgangsprosessen mellom heim og barnehage for dei små borna.....	72
5.1.1.1	Ein praksis som tek omsyn til overgangsprosessen sine fasar før-under-etter.....	72
5.1.1.2	Ein praksis som byggjer bru mellom heim og barnehage gjennom forbindelsar og prosessar ...	73
5.1.1.3	Ein praksis som legg til rette for samarbeid med foreldre om oppstarten.....	74
5.1.2	Forskingsspørsmål 2: Kva er personalet og foreldre sine erfaringar og opplevingar med barnehagen sin praksis for overgangsprosessen før borna startar i barnehage? .....	75
5.1.2.1	Møtepunkt mellom heim og barnehage før oppstart .....	76
5.1.2.2	Heimebesøk og oppstartssamtale mellom foreldre og pedagogisk leiar .....	77
5.1.2.3	Besøksettermiddag.....	77
5.1.2.4	Etablering av samarbeid.....	78
5.1.2.5	Førebuing til borna sin start i barnehagen.....	78
5.1.3	Forskingsspørsmål 3: Korleis erfarte og opplevde personalet eigen praksis når borna starta i barnehagen?.....	80
5.1.3.1	Organisering av oppstart.....	80
5.1.3.2	Tilvenningsdagar og foreldredeltaking .....	80
5.1.3.3	Primærkontaktordning med fast gruppe av born.....	82
5.1.4	Forskingsspørsmål 4: Kva forventningar hadde foreldra til borna sin oppstart i barnehagen og korleis opplevde dei at den gjekk?.....	83
<b>6</b>	<b>Avslutning og vegen vidare .....</b>	<b>86</b>
6.1.1	Refleksjon over eige forskingsarbeid, studien sine avgrensingar, og vegen vidare.....	87



7	LITTERATURLISTE .....	89
8	VEDLEGG.....	93

# 1 INNLEIING

Gjennom livet vil menneske gå gjennom fleire overgangar som til dømes når barnet skal begynne i barnehagen, skifte avdeling i barnehagen, byrje på barneskulen og ungdomsskulen, og når ein går frå utdanning til arbeid og frå arbeid til pensjonist tilvære. Overgangar vert sett på som vendepunkt gjennom livsløpet (Vogler, Crivello, & Woodhead, 2008) der opplevinga av dette vendepunktet vil kunne vere av betydning. Rosenkoetter, Hains, & Fowler (1994) peikar på betydninga av gode overgangar, og seier «Successfully completion of early transition can promote confidence and encourage success with later transition» (s. 5).

Denne masteroppgåva vil difor presentere ein studie om korleis foreldre og personale opplever og erfarer overgangsprosessen mellom heim og barnehage for born som er eitt år gamle. Tal frå Statistisk sentralbyrå (2020) syner at andel barn 1-2 år som går i barnehage var 84,4 % i 2019. Praksis for overgangsprosessen vil vere av betydning for korleis overgangen vert erfart og opplevd av borna, foreldre og personale.

Denne studien tek utgangspunkt i tre born som byrja på same avdeling i ein barnehage. Foreldre og personalet sine opplevingar og erfaringar av overgangsprosessen til desse tre borna vart studert gjennom å arrangere fleire intervju med borna sine foreldre i tillegg til intervju med personale i barnehagen. Overgangsprosessen er følgt over tid (7 veker) og det er difor gjennomført to intervjurundar, der dei første intervjuet vart gjennomført før borna byrja i barnehagen og andre intervjurunde vart gjennomført etter at borna hadde byrja i barnehagen.

Når det gjeld forskning knytt til barn mellom 0-3 år peikar Brostrøm (2016) på at denne har vore underprioritert i pedagogiske institusjonar, men blitt meir synleg både i nordisk og internasjonal forskning sidan århundreskiftet. I fylgje Drugli (2017, s.127) er det ikkje mykje forskning på tilvenningsperiodar i barnehagen, men ein kan finne nokre større kvantitative studiar og små kvalitative studiar frå skandinaviske land og andre land. Zachrisson og Schølberg (2010, s.781) stiller spørsmål om i kva grad internasjonal forskning kan generaliserast til norske tilhøve, då velferdsordningar for barn og barnefamiljar varierer mellom land og barnepass utanfor heimen har svært ulike vilkår og reguleringar i dei ulike landa. Når det gjeld forskning på feltet om overgang for små barn frå heim til barnehage vert det i denne studien såleis vektlagt nordisk forskning, og supplert med internasjonal forskning der

overføringsverdien til norske tilhøve er aktuell. Formålet med studien er gjennom empirisk forskning å løfte fram faktorar som har betydning for overgangsprosessen og på den måten bidra til auka kunnskap på feltet.

## 1.1 Problemstilling og forskingsspørsmål

Forskingsspørsmålet for studien er knytt til overgangsprosessen frå heim til barnehage for dei små borna, der både moglegheiter og utfordringar gjennom denne overgangen vert belyst. Studien tek utgangspunkt i at auka kunnskap om overgangen mellom heim og barnehage for dei yngste borna kan knytast til oppstart av samarbeid mellom heim og barnehage og ein positiv start på barnehagelivet til beste for barnet (Barnehagelova, 2005).

Omgrepet *overgangsprosessen* vert nytta og framhevar at overgangen består av prosessar før barnet har sin oppstart i barnehagen, samt under og etter barnet sin oppstart i barnehagen. Wilder og Lillvist (2017) peikar på at tid er eit viktig aspekt ved overgangar og at ein kan bruke omgrepa før, under og etter. Lengda av den faktiske overgangen varierer avhengig av korleis overgangen opplevast av barnet og dei andre involverte partane, og at ein såleis gjennom å studere dette over tid får eit meir heilskapleg bilete av kva som skjer i prosessen (Wilder & Lillvist, 2017, s.173). Tidsaspektet sine tre fasar før, under og etter er ivaretatt i denne studien.

Forsking innan overgangar brukar omgrepet «*positive overgangar*» (Wilder & Lillvist, 2017, s.175). Almeida og Wong (2009, s.160) peiker på overgangane sine utfordringar og moglegheiter. Dei seier at overgangar kan gje nye moglegheiter som aukar trivselen samstundes som overgangar kan føre til stress ved at ein må tilpasse seg slik at ein kan risikere å verte tappa for fysiske og psykiske ressursar. Dette samsvarar med tidlegare forskning der Rosenkoetter, et al., (1994), seier at utfordringar i overgangen høyrer med i overgangen, og det å meistre desse er avgjerande for opplevinga og erfaringane ein tek med seg vidare. Slik ein forstår dette i denne studien er *utfordringar ein naturleg del av overgangen*, og at meistring av denne vil ha betydning for om ein erfarer og opplever overgangen som positiv. I studien vert utfordringar og positive overgangar ikkje ein motsetnad, men ei forståing av at utfordringar er ein naturleg del av overgangen og at meistring vil ha betydning for om ein opplever overgangen som positiv. Med utgangspunkt i dette vil difor foreldre og barn kunne oppleve denne tidlege overgangen som både positivt og

utfordrande. Borna kan få positive opplevingar av nye moglegheiter i ei pedagogisk verksemd, der dei er saman med andre barn og vaksne. Samstundes kan barna oppleve det som utfordrande og kunne trenge tid til å venne seg til livet i barnehagen. Foreldra som vender tilbake til arbeidslivet kan oppleve dette som positivt samstundes som dei kan oppleve det som utfordrande å få mindre tid saman med borna.

Omgrep som *dei små borna* i barnehagen vert nytta i denne studien, som tek utgangspunkt i praksis knytt til oppstart i barnehage for tre barn som alle er eitt år. Dei små borna vert såleis forstått som born kring eitt år. Rosenkoetter et al. (1994) framhevar korleis overgangar kan skilje seg frå kvarandre og peikar her på barnet sin alder, familietilhøve, korleis dei involverte tek del, kva alternativ tenestene tilbyr og den offisielle politikken. Dei seier også at tidlege gode overgangar ikkje kjem av seg sjølv men er eit resultat av felles innsats mellom foreldre og profesjonelle.

Overgangen frå heim til barnehagen for barnet vert belyst gjennom foreldre og personale sine erfaringar og opplevingar. Barna i denne studien er om lag 1 år gamle, noko som gjer at det vil vere utfordrande å hente inn barnet sine opplevingar. Med å studere denne overgangen kan det gi auka kunnskap som kan brukast til å sjå moglegheitene i å leggje eit godt fundament/grunnmur for samarbeid mellom heim og barnehage og sjå moglegheitene og redusere utfordringar ved overgangen mellom heim og barnehage til beste for dei små borna.

For å belyse overgangsprosessen mellom heim og barnehage for dei yngste barna når dei skal byrje i barnehagen for første gong undersøker studien problemstillinga: *Kva er barnehagen sin praksis for overgangsprosessen for dei små borna og korleis erfarer og opplever foreldra og personalet denne?*

Problemstillinga er i denne studien operasjonalisert i fire forskings spørsmål:

- Forskingsspørsmål 1: *Kva er barnehagen sin praksis for overgangsprosessen mellom heim og barnehage for dei små borna ?*
- Forskingsspørsmål 2: *Korleis erfarte og opplevde personale og foreldre praksis for overgangsprosessen **før** borna starta i barnehagen*
- Forskingsspørsmål 3: *Korleis erfarte og opplevde personalet eigen praksis når borna startar i barnehagen ?*
- Forskingsspørsmål 4: *Kva forventningar hadde foreldra til borna sin oppstart i barnehagen og korleis opplevde dei at den gjekk ?*

## 1.2 Oppbygging av oppgåva

I **kapittel 1** er tema og bakgrunn for masteroppgåva presentert, samt studien si problemstilling og forskingsspørsmål

I **kapittel 2** er det vist til studien sitt kunnskapsgrunnlaget, som samfunnsmandat, teoretisk referanseramme og forskning på feltet.

**Kapittel 3** er metodekapittelet, der det vert vist til kvalitativ forskingsmetode som vert nytta i denne studien. Det vert vidare vist til korleis datainnsamlinga fann stad og korleis datamaterialet er blitt analysert og tolka. Til slutt er det greia ut om reliabilitet, validitet, generalisering og etiske perspektiv som det er teke omsyn til i denne undersøkinga.

I **kapittel 4** er datamaterialet frå gruppeintervjua, fokusgruppeintervjua og datamaterialet , samt resultat av analysen presentert.

I **kapittel 5** er det gjennomført ei drøfting av dei resultata studien har gitt. I drøftinga er resultata sett i samanheng med kunnskapsgrunnlaget som er presentert i kapittel 2.

I **kapittel 6** er det gjort ei oppsummering av studien, og styrkjer og svakheiter i studien vert belyst. Det vert også gjort refleksjonar om eige forskingsarbeid, kva implikasjonar resultata frå studien kan gje og korleis ein eventuelt kan forske vidare på tema.

## 2 KUNNSKAPSGRUNNLAG

I dette kapitlet vert først samfunnsmandatet presentert, slik det kjem til uttrykk i offentlege føringar for samarbeid mellom barnehage og heim, overgang når barnet byrjar i barnehagen, samt definisjonar på overgangar. Deretter vert teoretisk referanseramme, forskning som omhandlar overgangar og dei yngste barna og relasjonar. Til slutt er Bronfenbrenner (1979, 2005) sitt perspektiv presentert i «Det bioøkologiske miljø», der mennesket si utvikling i samspel med miljøet over tid vert studert.

### 2.1 Offentlege føringar for overgangen mellom heim og barnehage

Som overordna prinsipp for all barnehageverksemd slår Rammeplanen fast at barns beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, og grunnjev dette gjennom Grunnlova § 104 og Barnekonvensjonen art 3 nr. 1. (Kunnskapsdepartementet, 2017, ). Vidare seier Barnehagelova (2005, § 1) at «Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling».

Rammeplan for barnehagen frå 2017 er den første rammeplanen som legg offentlege føringar for overgang knytt til når barnet begynner i barnehagen. Tidlegare rammeplan for barnehagen har lagt føringar for overgangar men dette er knytt til overgangen mellom barnehage og skule. Rammeplan for barnehagen gir føringar for tre ulike overgangar; Når barnet begynner i barnehagen, overgangar i barnehagen og overgangen mellom barnehage og skule. Om overgangar når barnet begynner i barnehagen står det :

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, Overgangar)

Barns beste som overordna prinsipp må og leggast til grunn for samarbeidet mellom foreldre og barnehagen, og Rammeplanen trekker fram dette samarbeidet som viktig for ein god

overgang. Det vert peika på at foreldre og personale har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg, og at det skal leggest til rette for foreldresamarbeid og god dialog med foreldre. Rammeplanen seier vidare at barnehagen skal legge til rette for at foreldre og barnehagen med jamne mellomrom kan utveksle observasjonar og vurderingar knytt til helse, trivsel, erfaringar, utvikling og læring for det einskilde barnet (Kunnskapsdepartementet 2017, Samarbeid mellom heimen og barnehagen).

## 2.2 Teoretisk referanseramme

I denne delen vert studien sitt teoretiske utgangspunkt presentert.

### 2.2.1 Definisjon på overgangar

Overgangar ser ut til å verte definert på litt ulike måtar. Vogler et al., (2008) har i sin review drøfta omgrepet «transition» som eit synonym til overgangar. Dei peikar på at omgrepet ikkje er enkelt å fange i ein definisjon: «The term `transition` has a variety of meanings that are not readily captured in a single definition» (s.1). Vogler et al. (2008) har difor prøvd å lage ein definisjon som famnar kompleksiteten i omgrepet:

Overgangar er sentrale hendingar og/eller prosessar som førekjem til spesifikke/ fastsette tider eller vendepunkt gjennom eit livsløp. Dei er generelt knytt til forandringar i ein person sin utsjånad, aktivitet, status, roller og relasjonar, samt tilknytt endringar i bruken av fysisk og sosialt rom, og/eller endra kontakt/tilhøyrse til kulturell tru, forteljingar og praksis, spesielt der desse er knytt til endringar i miljø og i nokon tilfelle til det dominerande språket (Vogler et al., 2008, s.1, eiga oversetting).

Med utgangspunkt i definisjonen til Vogler et al., (2008) kan ein tenkje seg at overgangen frå heim til barnehage fører til fleire endringsprosessar for barnet. I barnehagen vil barnet møte eit miljø som inneheld aktivitetar og relasjonar som er både nye og annleis, og innhaldet vil difor kunne skilje seg frå miljøet barnet møter heime. Barnet vil såleis kunne oppleve endringar knytt til både det fysiske og sosiale rommet (Vogler et al., 2008). Ved å starte i barnehagen vil barnet få ein ny status og rolle ved at det vert eit barnehagebarn samstundes som det framleis har andre roller som til dømes dotter eller son. Den nye statusen og rolla til

barnet vil kunne skape andre forventningar til barnet både i barnehagen og heime (Vogler et al., 2008).

Også Rosenkoetter et al. (1994) har prøvd å definere omgrepet overgang der han involverer fagfolk og foreldre:

Overgangar inneberer å vokse opp og gå ut, møte nye utfordringar og lære å overvinne dei. Dei inneberer å møte nye menneskje, gå til nye stadar, tilpasse seg ulike tidsplanar og nye skikkar, og akseptere endra forventningar.

Overgangar er også ei stor utfordring for lærarane, terapeutar, administratorar og agentar som fremmer utviklinga av små born. For fagfolk, så vel som for barn og deira familiar, gir overgang ofte ubalanse. Faktisk inneberer overgangen endring» (Rosenkoetter et al., 1994, s.3, eiga oversetting).

Sett i samanheng med denne studien vert definisjonen til Rosenkoetter et al. (1994) forstått slik at denne tidlege overgangen mellom heim og barnehage involverer både barn, foreldre og personale. I tillegg framhevar Rosenkoetter et al. i sin definisjon samanhengen mellom utfordring, meistring og det å vekse opp. Dette er ei optimistisk og konstruktivt utgangspunkt som samstundes tek innover seg at endringane som fylgjer med overgangen kan vere ei utfordring for både barn, foreldre og fagfolk (Rosenkoetter et al, 1994).

Gjennom livet vil menneske gå gjennom fleire overgangar som til dømes når barnet skal begynne i barnehagen, skifte avdeling i barnehagen, byrje på barneskulen og ungdomsskulen, og når ein går frå utdanning til arbeid og frå arbeid til pensjonist tilvære. Overgangar vert sett på som vendepunkt gjennom livsløpet (Vogler et al., 2008) der opplevinga av dette vendepunktet vil kunne vere av betydning. Rosenkoetter et al. (1994) peikar på betydninga av gode overgangar, og seier «Successfully completion of early transition can promote confidence and encourage success with later transition» (s.5).

I fylgje Bø (2018, s.182) kan ein kan skilje mellom *daglege «trivielle» overgangar»* og *«dramatiske overgangar»*. Når barnet byrjar i barnehagen for første gong er dette eit vendepunkt som inneheld desse to typane av overgangar, både dei første erfaringane med den daglege overgangen mellom heim og barnehage og den første erfaringa med overgang



generelt sett. I vendepunkta som fylgjer med overgangane som dette framhevar Bø (2018, s.85) at dei kan føre med seg både nye moglegheiter og påkjenningar som gjer oss meir sårbare. Når barnet byrjar i barnehagen skjer det endringar både i miljøet heime samstundes som barnet trer inn i eit nytt miljø i barnehagen. Barnet vil og oppleve endringar i relasjonar, då det ved oppstart i barnehagen vil gå inn i nye relasjonar til både andre barn og vaksne. Overgangen er og eit vendepunkt ved at barnet trer inn i barnehagen som er ein institusjon og del av eit utdanningssystem.

I tillegg til Vogler et al.(2008), Roesenkoetter et al. (1994) og Bø (2018) blir det i denne studien lagt omfattande vekt på Bronfenbrenner (1979) som introduserte omgrepet *økologisk overgang* med utgangspunkt i det teoretiske perspektivet presentert i utgjevinga av ««The Ecology of Human Development». Han viser her eit perspektiv der ein studerer utvikling og miljøet, og då særskilt betydninga av interaksjonen mellom mennesket og miljøet (s.3). Interaksjonen mellom mennesket og miljøet står difor sentralt når Bronfenbrenner (1979) skildrar kva han legg i økologisk<sup>1</sup> overgang: «Ein overgang oppstår når ein person sin posisjon i det økologiske miljøet vert endra som eit resultat av endring i rolle, setting eller begge (s.26, eiga oversetting). «Setting er å forstå som ein stad der menneske lett kan engasjere seg i ansikt til ansikt interaksjon» (Bronfenbrenner 1979, s.22, eiga oversetting). Ei rolle er i fylgje Bronfenbrenner (1979) det sett av aktivitetar og relasjonar som forventast av barnet, og av andre i forhold til barnet. Ein relasjon oppstår når ein person i ein setting gir merksemd til eller deltek i ein aktivitet til den andre (Bronfenbrenner 1979, s. 56, eiga oversetting).

---

<sup>1</sup> *Økologien til menneskeleg utvikling inneber den vitskapelege studien av den progressive, gjensidige innkvarteringa, gjennom livsløpet, mellom et aktivt, veksande menneske og dei foranderlege eigenskapane til umiddelbare settingar der personen i utvikling lever, då denne prosessen er påverka av forhold mellom desse settingane og ved dei større samanhengar der settinga er innebygd. (Bronfenbrenner, 2005, s.107, eiga oversetting)*

### 2.2.2 *Det bioøkologiske miljøet*

Denne studien har søkt å ta ei systemteoretisk tilnærming gjennom å ta utgangspunkt i Bronfenbrenner (1979, 2005) sitt økologiske perspektiv og bioøkologiske modell. Bø (2018) seier at Bronfenbrenner tek eit systematisk perspektiv når han ser på utvikling og sosialisering i sitt hovedverk «The ecology of human development». Bronfenbrenner (1979, 2005) viser til eit teoretisk perspektivet som har fokus på <sup>2</sup>personen i utvikling, miljøet og særskilt interaksjonen mellom desse to. Det bioøkologiske miljøet består av strukturane mikro-, meso-, ekso- og makrosystemet. Bronfenbrenner (1979) viser til Babusjka-dukke, der den eine kan puttast i den andre for å visualisere det økologiske miljøet og framhevar at «det økologiske miljøet er tenkt som eit sett av tilpassa strukturar, kvar og ein inni den neste» (s. 3 eiga oversetting).

I 1979 - versjonen framhevar Bronfenbrenner eit økologisk perspektiv på utvikling, medan han i 2005 utgåva viser til eit biologisk perspektiv. Gulbrandsen (2017, s. 51) hevdar at endringa frå økologisk til bioøkologisk modell tydeleggjorde og peika på den aktive personen si rolle i utviklinga. Bronfenbrenner (2005) trekker sterkare fram tydinga av korleis individ og omgjevnader påverkar kvarandre over tid. Definisjonen av den teoretiske strukturen til menneskeleg utvikling synleggjer dette:

The ecology of human development is the scientific study of the progressive, mutual accommodation, throughout the life course, between an active, growing human being and the changing properties of the immediate settings in which the developing person lives, as this process is affected by the relations between these settings, and by the larger contexts in which the settings are embedded. (Bronfenbrenner, 2005, s.107).


Med utgangspunkt i Bronfenbrenner (1979, 2005) si vektlegging av gjensidig påverknad over tid kan ein trekke inn Sameroff (2009) sin transaksjonsmodell som visualiserer korleis individ og miljø påverkar kvarandre gjensidig over tid.

---

<sup>2</sup> «Personen i utvikling» kan nyttast om både barn og vaksne, då Bronfenbrenner (1979, 2005) har som utgangspunkt at ei utviklar seg gjennom heile livsløpet.

### 2.2.3 Transaksjonsmodellen

Transaksjonsmodellen er utvikla av Sameroff (2009) syner korleis ein kan forstå overføringsprosessar mellom individ og individet sitt miljø over tid (sjå figur 1).



Figur 1: Transaksjonsmodellen (Sameroff, 2009 i Tetzchner 2012, s 29)


Skildringa av transaksjonskjeda begynner med individet og miljøet på tidspunkt 1 (B<sub>1</sub> og O<sub>1</sub>). Både individet og miljøet endrar seg gjennom gjensidig påverknad, slik at individet på ulike tidspunkt på ei tidslinje er eit resultat av si tidlegare utvikling og nye påverknader frå miljøet, og miljøet er eit resultat av eksisterande eigenskapar og nye påverknader frå individet (Sameroff, 2009).

Sameroff (2009) inkluderer og tek omsyn til samvirket mellom dei involverte partane over tid, som også blir framheva av Wilder og Lillvist (2017) som peikar på dei tre fasane før, under og etter i overgangsprosessen. Roesenkoetter et al. (1994) sin definisjon som peikar på at både personale, foreldre og born vert involvert i prosessen og Vogler et.al,(2008) som peikar på endringane i miljøet dette medfører. Når ein undersøker praksis for overgangsprosessen mellom heim og barnehage og kva erfaringar og opplevingar denne kan ha for dei involverte partane vil det difor vere relevant å ta utgangspunkt i den bioøkologiske modellen (1979, 2005) og transaksjonsmodellen (Sameroff, 2009) som tek omsyn til samvirket mellom dei involverte partane over tid.

### 2.2.4 Den bioøkologiske modellen

Det er fleire lærebokforfattarar som omtalar Bronfenbrenner sitt perspektiv som ein modell, t.d. «den økologiske utviklingsmodellen» (Gulbrandsen, 2017) og «den utviklingsøkologiske modellen» (Bø, 2018). I denne oppgåva vert Bronfenbrenner (1979 og 2005) sin teori vidare referert til som den bioøkologiske modellen som her vert nærare presentert. Bronfenbrenner har sjølv ikkje presentert ein visualisert modell av den bioøkologiske modellen, men den er

visualisert av Bø (2018, s.171). Bø har valt å lage ein modell som viser tidsaksen og dei fire systema; mikro, meso, ekso, og makro (sjå figur 2).



**Figur 2:** Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell (Bø 2018, s.171).

I den vidare teksten vil kvar av dei fire systema til modellen av Bronfenbrenner (1979; 2005) verte presentert.

#### 2.2.4.1 Mikrosystemet

Som ein ser av modellen er nærmiljø og arenaer eksempel på mikrosystemet for born. I fylgje Bronfenbrenner (2005) er byggsteinane i mikrosystemet mellommenneskelege relasjonar, roller og aktivitetar, der mikrosystemet er mønsteret av byggsteinane som ein erfarer i ei gitt <sup>3</sup>setting. Bronfenbrenner (2005) seier at det fysiske miljøet, dei karakteristiske eigenskapane våre og system av trusretningar er ein del av den gitte settinga, der eksempel på karakteristiske eigenskapar han gir er temperament og personlegdom (s.148). Bronfenbrenner (1979) peikar på at å sjå relasjonen mellom begge partane er ein nøkkel til å forstå utviklingsmessige endringar og at begge vert påverka (s.5-6).

<sup>3</sup> Omgrepet setting vert definert som ein stad der menneskje lett kan engasjere seg i ansikt-til-ansikt interaksjon-heim, barnehage (Bronfenbrenner, 1979, s.22, eiga oversetting).

Slik ein forstår dette i denne studien vil barnet når det begynner i barnehagen bevege seg mellom hovudarenaene heim og barnehage og som begge har fleire delsettingar. Og at barnet vil kunne erfare ulike og like mønster av byggesteinane relasjonar, roller og aktivitetar i dei ulike settingane. I samanheng med denne studien vil det vere av betydning korleis deltakarane erfarer aktivitetane som dei deltek i eller observerer, rollene dei møter eller prøver, og dei sosiale relasjonane som utviklast og er verksame i settingane. Som ein ser av definisjonen til Bronfenbrenner (1979) vil og eigenskapane til dei andre deltakarane vere med på å påverke erfaringane.

#### 2.2.4.2 Mesosystemet

Mesosystemet omfattar i fylgje Bronfenbrenner (1979) forbindelsar og prosessar mellom dei ulike miljøa eller arenaene barnet deltek i, der mesosystemet vert forma eller utvida når ein går inn i den nye settinga. Bronfenbrenner gir sjølv som døme forbindelsane og prosessane mellom heim og skule (1979, s.209-210) og som i denne studien blir overført til samarbeidet mellom heim og barnehage. Bronfenbrenner (1979) presenterer fire grunnleggande forbindelsar mellom heim og barnehage: For det første *multisetting participation* (deltaking i begge settingar) oppstår når same person deltek i fleire settingar. I denne forbindelsen kan det oppstå *primære lenker* og *sekundære lenker*, som styrker bindinga. Når barnet deltek både i heim og barnehage vert dette referert til som den primære lenka medan barnehagelæraren som besøker heimen eller foreldre som besøker barnehagen vert den sekundære lenka. Den andre grunnleggande forbindelsen mellom heim og barnehage, er *indirekte link* som oppstår når same person ikkje aktivt tek del i begge settingane, slik at ei samanbinding av tredjepart tener som mellomledd mellom personar i dei to settingane.

Den tredje grunnleggande forbindelsen er *intersetting communication* (kommunikasjon mellom settingane) som kan oppstå på fleire måtar: direkte gjennom fjes til fjes interaksjon, telefonsamtalar, korrespondanse og andre skrivne meldingar, notat og annonseringar, eller indirekte via kjeder i det sosiale nettverket. Kommunikasjonen kan vere einseitig eller oppstå i begge retningar. Den fjerde og siste grunnleggande forbindelsen mellom heim og barnehage er *intersetting knowledge* (kunnskap om den andre) som refererer til informasjon eller erfaringar som eksisterer mellom og i den eine settinga om den andre, der ein kan få denne kunnskapen gjennom kommunikasjon mellom settingane.

Bronfenbrenner (1979) knyt økologisk overgang til mesosystemet der dette systemet vert forma eller utvida når ein går inn i nye settingar, og seier at det oppstår ein økologisk overgang når ein går inn i den nye settinga. Slik sett vil det oppstå ei økologisk overgang for barnet når det byrjar i barnehagen, då barnet sin posisjon vert endra på grunn av endringar i både i rolle og setting. Bronfenbrenner (1979) peikar på at den mest kritiske forbindelsen mellom to settingar er når barnet trer inn i det nye miljøet: «Utviklingspotensialet til ei setting i eit mesosystem er forbetra dersom personen sin første overgang til denne settinga ikkje blir gjort åleine, det vil seie om han går inn i den nye settinga i selskap med ein person som han har deltatt med i tidlegare settingar» (s.211, eiga oversetting).

Samankoplinga mellom heim og barnehage kan vere i og mellom ytterpunkta «fleirlenka» og «svakt lenka», der «fleirlenka» refererer til samankoplingar i mesosystemet der det er meir enn barnet som er aktiv i begge settingane og «svakt lenka» referer til samankoplinga direkte gjennom barnet sjølv (Bronfenbrenner, 1979). Betydinga av kva deltakinga frå andre har å seie for barnet sine moglegheiter til å finne seg til rette i barnehagemiljøet, vert framheva av Bronfenbrenner (1979): «I make these distinctions not merely because they are logically possible but because I believe them to be significance for the way in which the developing person is able to function in a new settings (s. 211). I lys av denne teorien forstår ein det slik at når foreldre og personale er aktiv i begge settingane vert samankoplinga fleirlenka og vil kunne bidra til ein positiv overgangsprosess for barnet. Dette kan vere av betydning for borna sine moglegheiter til å finne seg til rette i barnehagemiljøet og forbetrar utviklingspotensialet til barnet.

Bronfenbrenner(1979) peikar på at ei målsamordning mellom heim og barnehage i overgangen (mesosystemet) og at rollekrava til barnet i heim og barnehage er foreinleg med kvarandre vil vere ein fordel for barnet. I samanheng med denne studien vil det vere av betydning at foreldre og barnehage då får kunnskap om kvarandre for slik å kunne legge til rette for å samordne mål og forventningar til borna sin start i barnehagen.

#### 2.2.4.3 Eksosystemet

I Bronfenbrenner (2005) sin bioøkologiske modelle omfattar eksosystem koplinga og prosessane som foregår mellom to eller fleire settingar:

Exosystem encompasses the linkage and processes taking place between two or more settings, at least one of which does not ordinarily contain the developing person, but in which events occur that influence processes within the immediate setting that does contain that person (e.g., for a child, the relationship between the home and the parents workplace ; for a parent, the relationship between school and neighborhood group) (Bronfenbrenner, 2005, s.148)

I denne studien vert eksosystemet forstått slik at barnet som skal starte i barnehagen, ikkje er direkte del av dette systemet men at det skjer ein indirekte påverknad. Døme kan vere forbindelsar og prosessar knytt til familien sitt sosiale nettverk og tilknytning til arbeidslivet. Foreldra sine rettigheter knytt til permisjonar kan og vere døme på tilhøve som påverkar moglegheitene for foreldredeltaking i tilvenningsperioda. For å aktualisere utfordringar relatert til eksosystemet og barnehagane sin praksis i overgangsprosessar, kan tal på dagar tilvenning vere relevant. Drugli et al. (2017) fann at ei gruppe av barnehagepersonale argumenterer for at foreldra må få bestemme kor mange dagar dei er saman med barna under tilvenningstida og trekkjer fram at det er mest praktisk med tre dagars tilvenning Barnehagar som brukar tre dagar med tilvenning grunngeiv dette med at det er enklare for foreldra. Barnehagane som har prøvd ut lenger tilvenningsperiode meiner foreldre må få god informasjon om tidsbruk slik at dei kan planlegge ut frå dette, og at det då er sjeldan at dei ikkje får til å følgje opp (Drugli et al., 2017, s. 140). I studien til Drugli et al. er det personalet sine perspektiv som kjem fram. Å intervjuje også foreldre, slik som i denne studien, kan gi relevante synspunkt på aktuelle moment i eksosystemet.

#### 2.2.4.4 Makrosystemet

Ifylgje Bronfenbrenner (2005, s.149) er makrosystemet det systemet som dannar eit overordna mønster av dei tre andre systema i modellen. Mønsteret får si form påverka av fleire faktorar som er karakteristiske for ein gitt kultur, subkultur eller ein anna breiare samfunnskontekst Bronfenbrenner, 2005, s.149-50. Makrosystemet består såleis av det overordna mønsteret av

mikro-, meso- og ekso-systemet. I samheng med denne studien kan ein reflektere over kulturen og mønstra i samfunnet knytt til heim og barnehage, ressursar og moglegheitene ein ser. Vidare kan ein og sjå nærare på samfunnsmandatet beståande av barnehagelov og rammeplan, samt dei lokale planane knytt til temaet. Eksempel på tilhøve i makrosystemet som kan påverke prosessane i overgangen mellom heim og barnehage kan vere barnehagen sine planar og praksis. Lovverket som regulerer foreldra si arbeidstid og permisjonsrettar er andre eksempel på kva som kan påverke.

### **2.2.5 Barnehagen sitt miljø og samarbeid med heimen**

Ifølge Bronfenbrenner sin bioøkologiske modell (1979, 2005) har miljøa barna ferdast i, stor betydning. Forsking viser at miljøet i norske barnehagar er av varierende kvalitet og også at det er behov for å definere kva faktorar som kjenneteiknar høg kvalitet. I dybdestudien om «Kvalitet i barnehagen» frå forskingsprosjektet Gode barnehager for barn i Norge (GoBaN) oppsummerast viktige kjenneteikn på god kvalitet. Av faktorar knytt til personale vert det m.a. peika på høg kompetanse, profesjonell entusiasme, god og tydeleg leing og at personale samarbeider godt både internt, med foreldre og eksterne partar. Det pedagogiske arbeidet er m.a. kjenneteikna av heilskapleg tilnærming til omsorg, leik læring og danning, felles mål og retning, veksling mellom vaksen- og barneinitiert aktivitet, god struktur, organisering i mindre barnegrupper og vektlegging av barna sine perspektiv og medverknad. Det peikast og på godt språkleg samspel, vektlegging av barns leik ute og erfaringar i nærmiljøet. (Alvestad et al., 2019, s 70-71).

I 2012 presenterte Bjørnstad og Samuelson ei forskingsoversikt over «Hva betyr livet i barnehagen for barn under 3 år ?». Oppsummeringa av undersøkinga viser både til strukturelle og prosessuelle faktorar som er av betydning for kvaliteten, og dei viser til at barnehagar med høg kvalitet er sentralt for barn si kognitive, sosiale og språklege utvikling, og at dette vert framheva i alle studiar. Høg personaltettleik, stabilt personale og god utdanning er faktorar som vert trekt fram som indikatorar på høg kvalitet, og ein nøkkelfaktor som vert løfta fram som positiv for små barn si læring og utvikling, er interaksjonen mellom førskulelærer / vaksen og barn i barnehagen. Om personalet sin kompetanse og barnehagemiljøet seier dei «det bør arbeide erfarne og sensitive voksne som kan skape et stressfritt miljø, noe som også avhenger av antall barn per voksen og hvor stor barnegruppen er» (Bjørnstad & Samuelson 2012, s. 5).



Bronfenbrenner (1979, 2005) framhevar betydinga av forbindelsane og prosessane mellom heim og barnehage. Nordahl og Drugli (2016) viser i sin forskingsartikkel om samarbeid mellom heim og skule til at heimen og skulen kvar for seg påverkar barnet si fungering og utvikling, i tillegg til at samarbeidet mellom desse to areanene også har påverknad i seg sjølv. Dette kan også gjelde for barnehagen. I artikkelen legg Nordahl og Drugli (2016) til grunn ein systemisk utviklingsmodell som tek utgangspunkt i at barn si utvikling er påverka av eit gjensidig samspel mellom ei rekke faktorar på ulike nivå, og peikar vidare på at skule-heim samarbeidet vert kalla eit mesosystem av Bronfenbrenner. Læraren sine haldningar er viktig for kvaliteten på samarbeidet, og for å fremme foreldresamarbeid er det viktig med *foreldreinvolvering*, avklaring av forventningar og *positiv kontakt*. Heimebesøk og *forståing for kva som kan hindre foreldre i å samarbeide* kan og vere moment som fremmar samarbeid. Alle foreldre vil ha ulike forventningar til skulen og samarbeidet med skulen, og mange foreldre er usikker på kva forventningar skulen har til dei. Avklaring omkring medverknad, foreldremøte og utviklingssamtalar er difor viktig. I dialog mellom foreldre og skule er det og sentralt at foreldre føler seg velkomne og at dei vert møtt med ei vennleg haldning (Nordahl & Drugli 2016, s 19-23). Dette er relevante moment å ta med vidare for denne studien.

### **2.2.6 *Forsking på praksis knytt til dei yngste barna si tilvenning***

Norske barnehagar sin praksis knytt til dei yngste barna si tilvenning varierer i fylgje ei undersøking av Drugli, Grip og Solheim (2017). 4983 barnehagar fekk moglegheit til å delta i undersøking om rutinar og grunngeving av desse, gjennom å svare på ei spørjeundersøking og 2501 svar vart gitt. Resultat knytt til rutinane før og etter borna startar i barnehagen viser følgande:

- Nesten alle barnehagar inviterer foreldre og born til å besøke barnehagen før oppstart,
- Nesten alle barnehagar har samtale med foreldre i samband med tilvenningsperiode.
- Vel halvparten av barnehagane har foreldremøte før borna startar i barnehagen.
- Nesten ingen av barnehagane gjennomfører heimebesøk (under to prosent)
- Omlag halvparten av barnehagane hadde tre dagars tilvenning med foreldre til stades som fast ordning.
- Noko under halvparten av barnehagane hadde fleksibel ordning der ein fortløpande vurderer kor mange dagar barnet treng å ha foreldre til stade.

- Barnehagar som praktiserte ein til to vekers tilvenning og/eller mange besøk av barn og foreldre før barnehagestart var på om lag seks prosent.
- Om lag ein tredjedel av barnehagane har primærkontaktmodell som fast ordning medan om lag seksti prosent nyttar det under tilvenningsperioda medan åtte prosent ikkje brukar primærkontakt i det heile.

Drugli et al. (2017) seier resultata frå undersøkinga syner det er ulik praksis og ulik forståing av dei yngste barna si tilvenning til barnehagen. I samband med dette viser dei til grunngevingane og hevdar at skilnadene synest kome av kva deltakarane tenkjer om kva som er best for barna, kva kunnskap dei har om små barn sine behov og teoretisk ståstad til den enkelte barnehagen (Drugli et al., 2017, s.97-98). Argumentasjonen frå barnehagepersonalet knytt til «lengre tilvenning» var at små barn har behov for å oppleve trygghet i tilvenningsperioden, og at foreldre vart oppfordra til å være i barnehagen så lenge som barnet hadde behov for det. Grunngeving knytt til «kort tilvenning» var at det var enklast for foreldra og at foreldra i mange høve ikkje har tid til meir. At barna berre må venne seg til at foreldra ikkje kjem til å være saman med dei i barnehagen vart og brukt som argumentasjon for «kort tilvenning». I drøftinga peikar Drugli et al., (2017) på at personalet kan ha ulike syn på barnet og at barnehagane generelt er delt i synet på barnet som «kompetent» eller «sårbart». I refleksjonane som fylgjer seier Drugli et al. (2017):

Vår undersøkelse indikerer at en del barnehager vegrer seg for å se at små barn kan være sårbare i forbindelse med at de skal begynne i barnehagen, men vi har ikkje dekning for å generalisere våre funn til å gjelde for alle barnehager (s. 98).

Også den finske barnehageforskeren Kalliala (2014) drøftar barnehagediskursen om barna som «kompetente» og /eller «sårbare». For å undersøke barnet som sosial aktør i eige liv, har ho undersøkt dei yngste barna i barnehagen. I sin analyse av observasjonsdata finn ho at ei overgeneralisering av diskursen om barnet som kompetent eller sårbart i liten grad stemmer. I staden for finn ho barna som både sårbare og kompetente og ikkje som enten eller:

Instead of finding ‘old fragile novice’ or ‘new resilient competent’ children, we seem to find both characterizations in the same children, who are eager to

learn, are competent and strong, but also vulnerable, immature and needy in different respects Kalliala (2014, s.4).

Det vert og peika på at resultata syner at det er store individuelle skilnader mellom barna (Kalliala, 2014).

### ***2.2.7 Positive overgangar***

Forskningsprosjektet «Barnet i Centrum» ved Aarhus Universitet har ved hjelp av aksjonsforskning undersøkt overgangsprosessen heim-barnehage for dei yngste borna (Brostrøm, 2016, kp.1; Hansen, 2016). Undersøkinga har sett på korleis ein på best mogleg måte kan ta imot dei yngste barna i barnehagen når det gjeld overgangsprosessen og den daglege mottakinga om morgonen. Hansen (2016) framhevar at resultata frå studien syner at å starte tilvenningsperioda før barnet byrjar i barnehagen er ein god måte å ta imot dei yngste barna i barnehagen på. Andre faktorar for ein god oppstart er i fylgje Hansen (2016. kp.4):

- Besøk i heim og barnehage der barnet besøker barnehagen ein gong i veka over tid og pedagogane kan besøke barnet heime.
- Bruk av overgangsobjekt der ein let barnet ha med bilete av familien og heimen sin med i barnehagen og omvendt at barnet har eit bilete av barnehagen og personalet med seg heim.
- Iscenesett møtesituasjonen der ein ser til at ein har nok tid til situasjonen og gjer seg tilgjengeleg for barnet. Ein kan for eksempel sette seg ned på golvet og på den måten la barnet kjenne på at det sjølv kan gå til deg når det er klar. Ved behov prioriter barnet sine behov i staden for å bruke tid på foreldra.
- Vis innleving og ta barnet og foreldra på alvor: Eit personale med empati og innlevingsevne, som fangar opp borna sine signal. Anerkjenn barnet og foreldra sine kjensler og hugs at foreldra sine kjensler kan påverke barnet.

Den daglege mottakinga i barnehagen vert utdjupa av Hansen (2016), der han introduserer omgrepet «vinduet» som refererer til den opninga der barnet er klart til å gå inn i barnehagen og sleppe foreldra: «Vinduet opstår, når forælderen kommer med barnet om morgonen og skal aflevere det til omsorgsgiveren» (s. 110). Hansen (2016) peikar på at det kan resultere i gråt

hjá barnet om ein mistar dette vindauget. Også foreldra har dette «vindauget» der dei aksepterer og er klar til å avlevere sitt barn til omsorgsgjevaren.

Også annan internasjonal forskning peiker på betydinga av praksis for ein god overgangsprosess. I New Zealand er det gjennomført ei undersøking der ein fulgte mødrer, barnehagelærarar og borna i overgangen frå heim til barnehage for barn under 3 år (Dalli, 2002). Dalli (2002) framhevar at resultata frå studien tyder på at *barnehagen sin praksis og praksisteori* har betyding for kvaliteten og korleis barna og mødrene erfarte overgangen. I samanheng med dette vert to ulike praksisar med to ulike utfall for barna presentert. I den eine praksisen var det klare reglar og rutinar, primærkontakt som fylgjer barnet tett gjennom dagen sine aktivitetar, og ein utvidar til fleire relasjonar til resten av personalet etter kvart som barnet vart trygt. I den andre praksisen var det mindre planar, med ei meir avventande haldning for å sjå kven barnet vil knyte seg til, og det var i større grad overlatt til foreldra korleis oppstarten skulle gå føre seg. Resultat av observasjonar av denne praksisen syner at mangelen på klare prosedyrar gjorde at mødrene kjende seg «lost and un-supported» for både mor og barn fekk ein «slow and bumpy» start på å etablere relasjon (Dalli, 2002).

Mødrene sine erfaringar kan tyde på at det var av betyding for dei å utvikle tillit til personalet, få oversikt over reglar og rutinar og å kunne trygge og støtte borna i overgangen. Dette samsvarar med resultat frå studien om overgangar av Rosenketter et al. (1994), som fann at faktorar som synest vere av betyding for ein positiv og suksessfull overgang er *planlegging, delt og mykje informasjon, tillit*, samt betydinga av å *individualisere*. I tillegg har også foreldre si anledning til å vere talsmenn for borna sine behov og *evaluering av overgangane* for å kunne forbetre dei, betyding for ein positiv overgangsprosess.

### **2.2.8 Oppstart i barnehage og relasjonar**

I definisjonar og teori om overgangar vert det peika på at denne inneberer etablering av nye relasjonar (Bronfenbrenner, 1979, Vogler et.al., 2008, Rosenkoetter et.al.,1994, Hansen, 2016). Som vist ovanfor frå rammeplanen om overgangen frå heim til barnehage skal barnehagen «tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn» (Kunnskapsdepartementet, 2017, Overgangar). Teori knytt til dei yngste barna og etablering av relasjonar, samt korleis dei knyt seg til personale og barn vert difor presentert i denne delen.

Hartrup (1989) introduserer to hovudtypar av relasjonar som han kallar horisontale og vertikale relasjonar. Vertikale relasjonar oppstår når barnet knyt seg til individ som har større kunnskap og sosial styrke enn seg sjølv, medan barnet sine relasjonar med individ som har same verdi av sosial styrke som seg sjølv vert kalla horisontal relasjon. Både vertikal og horisontale relasjonar har stor betyding:

Social competence emerges mainly from experience in close relationships. Experience in both vertical and horizontal relationships is necessary for optimum growth. These two types of relationships serve somewhat different functions in the child's development and emerge at somewhat different times. The quality of these relationships affects the child in more or less enduring ways (Hartrup, 1989, s. 120).

Askeland og Sataøen (2013) seier at sjølv om barn syner interesse for kvarande heilt frå spedbarnsalder av så er samspelet mellom barn fram til eittårsalder prega av avgrensa interaksjon. For dei yngste barnehagebarna er det særst viktig med gode personal-barn-relasjonar (Drugli, 2017, s.61). Drugli seier at relasjonar med jamaldrande får større betyding frå toårsalder, men at barn treng sensitive vaksne som kan hjelpe til med å få barn-barn samspelet til å fungere (s.61). Dette samsvarar med Askeland og Sataøen (2013) sine argument om at den sosiale interaksjonen aukar ut over det andre leveåret. Dei seier at «samspillet får et klarere følelsesmessig preg både positivt i form av gleden ved å være saman, men også negativt, ved at en kan vise følelser i retning av uvensskap» (s.72).

Bronfenbrenner (1979) peiker på at den meste grunnleggande eininga i ei setting er dyaden, som han seier er ei gruppa bestående av to personar. Han viser samstundes til betydinga av utvidinga av gruppa og seier at; funn indikerer at kapasiteten i ein dyade vert påverka av tredje part. Sett i samheng med arenaen barnehage kan eksempel på dette vere at tilstedeværelse og deltaking av mor/far påverkar kapasiteten i dyaden personale-barn og barn-barn, samt personale påverkar kapasiteten i dyaden barn-barn. Om betydinga av kvaliteten på relasjonen mellom personale og barn framhevar Pianta (1999) at denne påverkar korleis ein meistrar å kunne støtte barnet til ei optimal utvikling ut frå barnet sine ressursar. Nøkkel-kvalitetar som er relatert til den vaksne si evne og ferdigheiter til å lese barnet sine signal nøyaktig er at ein reagerer fortløpande på grunnlag av desse signala, at ein formidlar aksept og emosjonell varme, tilbyr assistanse om nødvendig, at ein modellerer regulert åtferd og set

passande strukturar og grenser for barnet si åtferd (Pianta, 1999, s.67). Pianta drøftar korleis relasjonane i miljøet til barnet påverkar kvarandre og peikar på at erfaringane barnet har frå relasjonane heime vil påverka barnet i sine relasjonar med andre vaksne som i denne samanhengen er barnehagepersonale.

### **2.2.9 Primærkontaktmodellen og tilknytingsrelasjonar**

I fylgje Drugli (2017) innførte fleire norske barnehagar primærkontaktmodellen i 1990-åra og ho hevdar at dette vart gjort for å «tilrettelegge for tilknytingsrelasjonar mellom personale og barn» (s. 150). Ein tilknytingsrelasjon vil henge saman med den vaksne sin relasjonskompetanse og vert påverka av faktorar som sensitivitet, positiv haldning, synkronitet, felles fokus, støtte og stimulering (Drugeli, 2017, s. 53). Ifølge ei undersøking av Undheim og Drugli (2011) førte ein kombinasjon av bruk av primærkontakt og fleksible rutinar for kor mange dagar foreldra kan vere saman med barnet under oppstarten, til ein letta oppstart for mange av barna . Foreldredeltaking tyder i denne samanhengen fleksible rutinar for kor mange dagar dei kan vere saman med barnet under oppstarten. Det er og lettare å verte kjent med ein person til å begynne med, samstundes som barn og foreldre også forhold seg til dei andre i personalet gjennom dei daglege situasjonane i tilvenninga (Drugli & Lekhal 2018, s107-108). Drugli (2017, s 134) hevdar vidare at det er lettare for barn å gå inn i nye relasjonar dersom barnet får utforske «den nye vaksne med foreldrene som base», fordi dette kan medføre at barnet indirekte får informasjon om at foreldre støttar relasjonen til den nye vaksne.

#### **2.2.9.1 Tilknytning til personalet i barnehagen**

Det er ei felles oppfatning om at barn knyt seg til andre menneske, men grunnlaget for denne tilknytninga vert forklart på ulike måtar. Spørsmålet om korleis barnet dannar relasjonar vert særleg belyst gjennom perspektiv på tilknytning og tilknytningsteori (Tetzchner, 2012). Smith (2017) seier at tilknytning kan «defineres som et varig emosjonelt bånd som forener et barn med en omsorgsperson over tid på tvers av fysisk avstand.» (Smith, 2017, s. 141). Innafor feltet tilknytningsteori er ein oppteken av kva tilhøve som fremjar trygg tilknytning. Ifølge Smith (2017, s.145) kan trygg tilknytning verte forklart som «den psykologiske tilstanden hos et barn som forventer at tilknytningspersonen vil være tilgjengelig og responsiv, selv om hun eller han ikke er tilstede i øyeblikket». Regelmessig og konsistent omsorg, fastheit i omsorga,

sensitiv og responsiv omsorgsøferd, og at omsorgspersonen er psykologisk tilgjengeleg og hjelpsam, er faktorar som leggst vekt på for å fremme trygg tilknytning (Smith, 2017).

Små barn kan danne tilknytning til personalet i barnehagen (Drugli 2017; Smith 2017). Smith (2017) hevdar at borna si tilknytning til personalet ikkje har den same emosjonelle djupna som til borna sine egne foreldre, og at det difor ikkje utan vidare kan utviklast ei likeverdig tilknytning til personalet i barnehagen som til foreldre. Resultat frå ein metaanalyse av Ahnert, Piquart og Lamb (2006) knytt til relasjon mellom born og personale, syner at trygg tilknytning fremjast av personale sin sensitivitet retta mot barnegruppa snarare enn mot det einskilde barnet når barna er i større grupper. I mindre grupper derimot såg Ahnert et al. (2006) i større grad at tilknytning til personalet var meir likeverdig den borna hadde til egne foreldre.

#### 2.2.9.2 Tryggleikssirkel

Eittåringen har behov for å vere tett innpå den vaksne med den vaksne som ladestasjon der eittåringen tek korte turar opp i *tryggleikssirkelen*, noko som medfører at den vaksne må være i nærleiken heile tida (Brandtzæg, Torsteinson & Øiestad, 2013, s 51-52). Etter kvart som barna vert meir mobile gjennom krabbing og gange vil dei kunne nytte tilknytingspersonar som ei trygg base for utforsking. Dette vil ifølge Smith (2017) seie at «trygge barn kan bevege seg vekk fra den vaksne for å utforske nye omgivelser, men likevel ha behov for periodevis å vende tilbake for å få den nødvendige forsikring om at omsorgspersonen er til stede, ser dem og deler glede med dem» (s.150). Det vert og framheva at behova til eittåringen gjer at ei viktig rolle til personalet er å gje born mykje fysisk kontakt, halde, sitte på fang, klappe og stryke. Brandtzæg et al., (2013) viser til at det å snakke og smile til barnet, leike og tøyse, ha fysisk nærheit og snakke roande når barnet er lei seg, frustrert eller sint er viktig for tilknytning. Dei peikar vidare på at barnet treng ein kontaktperson, men at barnet samstundes treng å kjenne seg trygg på alle dei vaksne på avdelinga.

#### 2.2.9.3 Overgangsobjekt

Eit overgangsobjekt kan t.d. vere ein sutteklut, eit mjukt kosedyr, smukk, tommelsuging etc., som hjelper barnet til å bygge bru mellom opplevinga av å vere på eiga hand og det å vere nær foreldra sin kropp, lukt og varme. Ved hjelp av overgangsobjekta beherskar små barn på ein symbolsk måte fråværet av foreldra eller sine nære omsorgspersonar. Dei får ei «indre berbar mamma og pappa» (Abrahamsen, 2015).

Som ei oppsummering er det i dette kapitlet blitt presentert ei teoretisk tilnærming til problemstillinga «Kva er barnehagen sin praksis for overgangsprosessen for dei små borna og korleis erfarer og opplever foreldra og personalet denne? Dette er gjort ved å fokusere på samfunnsmandat, teoriar og forskning. Spørsmålet vidare vert korleis ei empirisk tilnærming til problemstillinga vil arte seg, og kva metodiske val og vurderingar som vil ligge til grunn for den vidare forskingsprosessen.



## 3 METODEDEDEL

### 3.1 Kvalitativ metode

Målet med denne studien er å sjå på korleis overgangsprosessen mellom heim og barnehage kan gjennomførast for dei yngste borna og korleis foreldre og personale i barnehagen erfarer og opplever denne gjennomføringa. Med bakgrunn i problemstillinga vil ei kvalitativ tilnærming gjennom bruk av intervju av foreldre og personale i barnehagen kunne gje den innsikta ein er ute etter. I følgje Thagaard (2013, s.17) inneberer ei kvalitativ tilnærming at ein framhevar prosessar og mening som tolkast i den konteksten dei inngår i, og kvalitative metodar eignar seg godt til å studere personlege og sensitive emne som kan omfatte private tilhøve i personar sine liv (Thagaard, 2013, s.12). I følgje Befring (2015) har kvalitativ forskning fokus på erfaringar og opplevingar, og har stor relevans når det vert søkt etter innsikt i særlege fenomen. Ein kvalitativ metode vil vere særleg formålstenleg når ein ønsker å få innsikt i menneske sine indre liv, inkludert deira interesser og haldningar til seg sjølv og andre, til arbeidsoppgåver og utfordringar (Befring, s.38). Kvalitative metodar vert ofte gjennomført som observasjon eller intervju, og som forskar søker ein å ha ein fleksibilitet i prosessen (Thagaard, 2013). Kjenneteikn ved kvalitative metodar er at ein prioriterer nærleik til informantane og har ei datainnsamlingsmetode som kan gje forskaren tilgang på kunnskap som elles hadde vore vanskeleg å få tak i (Kleven, 2014, s.19).

Denne studien har ei fenomenologisk tilnærming. I følgje Kvale og Brinkmann (2015, s. 45) er fenomenologi eit omgrep som peikar på ei interesse for å forstå sosiale fenomen ut frå aktørar sine eigne perspektiv og at ein skildrar verda slik den vert opplevd av informantane. Studien har også ei hermeneutisk tilnærming, då det vert søkt å vere i ein fortolkande prosess som suksessivt kan bidra til auka forståing av det innsamla datamaterialet (Befring, 2015, s.20-21). I fylgje Befring (2015) vil prosessen i ei hermeneutisk tilnærming starte med forskar og informantar si forforståing, som så vert vidareutvikla ved innhenting av nye erfaringar, som igjen vert tolka og fører til ny utvida forståing. Slik har det vore nyttig å fylgje informantane gjennom to datainnsamlingsperiodar.

Datainnsamlinga i denne studien vert gjort gjennom å intervju foreldre og tilsette, knytt til tre barn i ein og same barnehage, før og etter at barna har starta i barnehagen som eitt-åringar. På denne måten vert det i denne studien også nytta eit kasusdesign, som i følgje Befring (2015, s.90) inneberer intensive studiar av få personar, institusjonar eller hendingar, der ein set fokus

på eit tydeleg avgrensa område og gjennomfører ei heilskapleg djupneundersøking. Thagaard (2013, s.56) ein kasusstudie omhandlar ein eller fleire einheiter, der kvar einheit representerer ein avgrensa kontekst som må identifiserast tidleg i forskingsprosessen. I forsøkt å ivareta dette behovet gjennom presentasjon av resultat ved å presentere foreldreinformantane sine forteljingar kvar for seg. Dette opnar for at studien og har komparativt opplegg slik at ein kan finne interessante samanlikningar i rom og tid (Thagaard, 2013, s.57). I samanlikningane ser ein både på det som er felles erfaringar og opplevingar og dei særskilde erfaringane og opplevingane til informantane. Med Bronfenbrenner (1979, 2005) si økologiske perspektiv kjentest det naudsynt å gjennomføre denne studien som case-studie. Utfordringa har vore å finne rom for ein god presentasjon av resultat då datamaterialet har vore omfattande og utfordrande å presentere under omfanget masteren har.

### **3.2 Rekruttering og utval**

Det vart føreteke eit strategisk utval ved at ein kontakta ein barnehage som la til rette for at føresette, barn og personale hadde forbindelsar før oppstart i barnehagen. Strategisk utvalg vil si at vi velger å deltakere som har egenskaper eller kvalifikasjoner som er strategiske i forhold til problemstillingen og undersøkelsens teoretiske perspektiver» (Thagaard, 2013, s.60). I samband med søket etter aktuell barnehage fekk ein informasjon om at denne barnehagen tilbyr heimebesøk i forkant av barnet sin oppstart i barnehagen. Med det som utgangspunkt kontakta ein styrar i barnehagen, der styrar synte stort engasjement for tema og studien Styraren fungerte som portvakt i undersøkinga og ei portvakt kan i fylgje (Thagaard, 2013) opne eller stenge tilgang til eit miljø. Med styraren sitt engasjement for tema i studien vart ho ein viktig støttespelar i prosessen med å kome i kontakt med informantane og den praktiske organiseringa av prosessen. Det var eit ynskje i denne studien å få fram erfaringar og opplevingar frå både foreldre og personalgruppe knytt til dei yngste barna sin overgang. Når ein lykkast i å få kontakt med foreldre til tre barn som skal starte i barnehagen samt personalgruppa på den avdelinga til desse tre barna vart dette eit viktig steg i første del av arbeidet med studien. Det var styrar som opna tilgangen til desse foreldra og personalet, og som vidareformidla invitasjon til deltaking i studien, der godkjent prosjektbeskrivinga med intervjuguide og samtykkeskjema låg ved.

Med bakgrunn i studien si problemstilling ynskta ein fortrinnsvis å intervjuje foreldre til dei aller yngste borna og foreldre som for fyrste gong erfarte og opplevde overgangen mellom

heim og barnehage, men ein opna også opp for at andre foreldre kunne ta del i undersøkinga. Føresett/føresette kunne sjølve avgjere om ein eller begge foreldre skulle delta. På denne måten vart det gjort eit strategisk utval, då informantane representerte kvalifikasjonar som var ynskja, samstundes som at utvalet vart gjort ut frå eit tilgjengelegheitsutval som innebar at foreldra var villige til å ta del i undersøkinga (Thagaard, 2013, s.55-56). Tre foreldrepar og personalet på avdeling til dei tre barna gav styrar positivt svar på at dei ynskja å delta. Det vart deretter sendt skriv til foreldre og personalet på avdelinga med informasjon om undersøkinga og formell førespurnad om deltaking.

### ***3.2.1 Kontekstforståing – kort beskriving av barnehagar***

Barnehagen «Veslebakken» har fem avdelingar (der Solstova er ei av desse), der tre av avdelingane er for barn i 1-2 år og to avdelingar er for born i alderen 3-5 år. Avdelinga til dei tre borna vi fylgjer i overgangsprosess og oppstart i barnehage er for born frå 1-2 år med til saman 12 born. Avdelinga har ei bemanning 4 personale sett saman av pedagogisk leiar, barnehagelærer, fagarbeidar og assistent. Alle er i 100 % stilling unnateke assistent som arbeider 80%, der den resterande 20 % stillinga vert dekt opp av fast vikar. Opningstida til barnehagen er 06.45 – 16.30 med maksimal dagleg opphaldstid for borna på 8 ¾ time pr. dag.

Barnehageåret fylgjer skuleåret og nytt barnehageår tek til i midten av august. Avdelinga som er med i studien hadde teke imot nye born før studien starta og skulle ta imot fleire etter siste intervju. Avdelinga tok imot 7 nye born frå første intervju medio juni til andre intervju medio september, der foreldrepar til tre av desse borna er med som informantar.

Det er ikkje utarbeidd felles plattform for overgang mellom heim og barnehage i kommunen, medan det er i utarbeida felles plan for overgangen mellom barnehage og skule. Barnehagen har planar for overgang når barnet byrjar i barnehagen, skifter avdeling og overgang barnehage og skule.

### 3.3 Intervju

I denne studien er det eit ønskje å få fram perspektiv frå både foreldre og tilsette i barnehagen, og det vert difor gjennomført intervju av foreldre, anten den eine eller begge foreldre, til dei einskilde barna, samt fokusgruppeintervju av tilhøyrande personalgrupper. I fylgje Dalen (2011, s.13) er føremålet med eit intervju å finne fram til fyldig og beskrivande informasjon om korleis andre menneske opplever ulike sider ved ein livssituasjon, og det kvalitative intervjuet er særleg godt eigna for å få innsikt i informantane sine egne tankar og erfaringar. Dalen (2011, s.50) seier også det kan vere hensiktsmessig å nytte meir enn ei informantgruppe, då det kan vere viktig å få fram korleis ulike partar opplever same situasjon og få fram nyansar og mangfald i studiet. I denne studien er det eit ønskje å få fram perspektiv frå både foreldre og personale i barnehagen, og det vert difor gjennomført intervju av foreldre, anten den eine eller begge foreldre, til dei einskilde barna, samt fokusgruppeintervju av tilhøyrande personalgruppe. Innhald og form i intervjuet for denne studien vert tilpassa dei to ulike informantgruppene (føresette og barnehagepersonale) og vidare vert dei tilpassa til tid for gjennomføring ut frå informantane sine ønsker.

I fylgje Malterud (2012) kan fleire intervju med same gruppe vere aktuelt om forskingsspørsmålet omfattar eit tidsforløp eller ein prosess. Forskingsspørsmålet om overgangen mellom heim og barnehage for dei yngste borna omfattar både ein prosess og eit tidsforløp, og intervjuet vert difor gjennomført med dei same informantane, før og etter at borna byrja i barnehagen. Første intervju vert gjennomført før barna startar i barnehagen og andre intervju vert gjennomført etter at barna har starta i barnehagen. Det vert nytta individuelle/gruppeintervju med føresette, og fokusgruppeintervju med personale på avdelinga til dei tre borna.

Eit intervju kan ligge kor som helst på eit kontinuum mellom det heilt strukturerte og det heilt ustrukturerte (Kleven, 2014). Intervjuet i denne studien har ei halvstrukturert form, nett fordi ein treng fleksibiliteten som gjer at intervjuobjektet kan opne seg meir. Fordelen med mindre strukturerte intervju er at intervjuaren har større fleksibilitet, samt moglegheit til å kome djupare inn i problematikken enn ein vanlegvis gjer med eit strukturert intervju. Fleksibilitet i intervjusituasjonen gjer at ein kan fylgje opp interessante emne som dukkar opp undervegs i intervjuet, og intervjuobjektet kan slik opne seg og avdekke forhold som ikkje ville kome fram i eit meir strukturert intervju (Kleven 2014). Intervjuet i denne studien har ei halvstrukturert form, nett fordi ein treng fleksibiliteten som gjer at intervjuobjektet kan opne seg meir.

### 3.3.1 *Utvikling av intervjuguide*

I følge Kvale og Brinkmann (2015, s.162) er eit intervju som oftast førebudd med eit manuskript, og ein intervjuguide er eit manuskript som strukturerer intervjuforløpet meir eller mindre stramt. Vidare seier Kvale og Brinkmann (2015, s163) at eit godt intervju bør bidra tematisk til produksjon av kunnskap og dynamisk til å fremme ein god intervjuinteraksjon. I denne studien vart intervju førebudd gjennom utarbeiding av intervjuguidar, der ein tok utgangspunkt i ulike tema som er knytt til studien si problemstilling for så å skisserte spørsmål som kunne nyttast under kvart av dei ulike tema.

Kvale og Brinkmann (2015, s.166) viser til Kinseys intervjuform og seier at for å sikre at spørsmål betyr det same for forskjellige menneskjer, må spørsmål modifierast slik at dei passar til kvar enkelt intervjupersons ordforråd, bakgrunn og oppfatningsevne. I og med at ein i denne studien skulle gjennomføre intervju med to ulike informantgrupper, samt gjennomføre intervju både før og etter barna sin oppstart i barnehagen, var det nødvendig å utarbeide fire ulike intervjuguidar (sjå vedlegg 3, 4 og 5). Dei fire intervjuguidane var tilpassa dei to ulike informantgruppene og til dei to ulike intervjusituasjonane: før og etter barna sin oppstart i barnehagen. (Sjå figur 3).

Datainnsamling 1	Intervjuguide 1 for foreldre -før barnet byrjar i barnehagen	Intervjuguide 1 for fokusgruppeintervju med personalet – før barnet byrjar i barnehagen
Datainnsamling 2	Intervjuguide 2 for foreldre – etter at barnet har byrja i barnehagen	Intervjuguide 1 for fokusgruppeintervju med personalet – etter at barnet har byrja i barnehagen

Figur 3 : Oversikt over intervjuguide og dei ulike intervjusituasjonane før og etter oppstart.

### 3.3.2 *Gjennomføring av datainnsamling*

Før oppstart av datainnsamling 1 føregjekk all kommunikasjon mellom foreldra og meg, og personale og meg via styrar.

Det vart gjennomført til saman seks intervju med føresette (3 foreldre/foreldrepar vart intervjuet kvar for seg, før og etter at barna starta i barnehagen), og to fokusgruppeintervju med barnehagepersonalet (før og etter at barna starta i barnehagen). I det første intervjuet med personalet var der tre tilsette, og i det andre intervjuet var der fire tilsette.

	Intervju med foreldre før barnehagestart			Intervju med foreldre etter barnehagestart		
	A1	B1 og B2	C1 og C2	A1 og A2	B1 og B2	C2
<b>Foreldre/foreldrepar</b>	A1	B1 og B2	C1 og C2	A1 og A2	B1 og B2	C2
<b>Tal på informantar</b>	1	2	2	2	2	1
<b>Intervjua si varigheit</b>	26 min	45 min	32 min	30 min	48 min	52 min

Figur 4 : Oversikt over intervju og foreldreinformantar

Det var dei same foreldre/foreldrepara som vart intervjuet både før og etter oppstart i barnehagen. I intervju med foreldrepar A deltok A1 i første intervju medan begge deltok i andre intervju. Hos foreldrepar B deltok begge i begge intervju. I intervju med foreldrepar C deltok begge ved første intervju og C2 ved andre intervju. Det vil seie at alle foreldra til dei tre borna har bidratt som informantar i studien. Foreldrepar A og B har barn på om lag 1 år ved barnehageoppstart, samt erfaring med eldre sysken som har gått i barnehage. Foreldrepar C har barn på om lag 1 år ved barnehageoppstart, og har ikkje hatt erfaringar med barn i barnehage tidlegare.

I samband med andre intervju med personalet gav pedagogisk leiar meg dokument brukt av barnehagen i samband med informasjon gitt til foreldra om overgangsprosessen. Løyve til å dele ut til meg for bruk i samband med denne studien var gitt av styrar.

	Intervju med personale før barnehagestart	Intervju med personale etter barnehagestart
	<b>Personale på avdelinga</b>	4
<b>Tal på informantar</b>	3	4
<b>Intervjua si varigheit</b>	67 min	66 min

Figur 5 : Oversikt over intervju og informantar frå personalet

I det første fokusintervjuet med personalet før barnehagestart, deltok pedagogisk leiar, barnehagelærar og fagarbeidar. I det andre gruppeintervjuet med personalet etter barnehagestart, deltok pedagogisk leiar, barnehagelærar, fagarbeidar og assistent. Det vil seie

at alle i fast tilsette i personalgruppa på avdelinga til dei tre borna, har bidratt som informantar i studien. Personalet på avdelinga som deltek i denne undersøkinga, er ein pedagogisk leiar med 14 års erfaring etter utdanning, ein barnehagelærer med 3,5 års erfaring etter utdanning, ein fagarbeidar med 10 års erfaring, og ein assistent fleire års erfaring. Pedagogisk leiar og fagarbeidar har arbeidd saman over fleire år. Barnehagelærer er ikkje ny i barnehagen, men er ny på avdelinga som er knytt til denne studien. Intervjuet er gjennomført som fokusgruppeintervju og ein gjer merksam på at deltakarane i ulik grad har hatt høve til å delta aktivt i overgangsprosessen før barnet sin oppstart i barnehagen. Ein la difor opp til at alle deltakarane skulle kunne delta i samtalen knytt til refleksjonar over tema som kom opp undervegs.

### **3.3.3 Intervjuprosessen**

I fylgje Befring (2015, s.74) er det mest vanleg at intervjuaren oppsøker informantane i heimen, institusjonen, på arbeidsplass eller i livsmiljøet elles. Som intervjuar av foreldre, la ein til rette for at foreldra sjølve kunne velje om intervju skulle gjennomførast i heimen eller i barnehagen. Nokre foreldre valte barnehagen, andre valte heimen, som intervju-arena. Intervjua med personalet vart gjennomført på avdelinga som er knytt til denne studien. Ein opplevde at barnehagen la godt til rette for gjennomføringa av intervju med personalet og foreldra som valte barnehagen, og foreldra som valte heimen som intervju-arena synte stor gjestfriheit og ein kjente seg velkomen heim til dei. Betydninga av ei god atmosfære i intervjusituasjonen kan ikkje overvurderast (Thagaard, 2013 s.113). Ein erfarte og opplevde informantane som genuint interessert i å delta gjennom begge intervju under både datainnsamling ein og to.

Kvale og Brinkmann (2015 s.160) peikar på at intervjupersonane gjerne vil ha ei klar oppfatning av intervjuaren, før dei begynner å snakke fritt og legge fram sine opplevingar og kjensler for ein framand. Som intervjuar søkte ein å legge vekt på å fylgje dette. I gjennomføringa av intervju vart mellom anna lagt til rette for at det skulle vere rom for samtaler før sjølve intervju tok til, og det vart lagt vekt på å syne interesse for foreldra, dei tilsette, barnehagen og omgivnadene rundt.

I sjølve intervjusituasjonen vart temaet først introdusert gjennom å fortelje litt om formålet med intervjuet, og hovudpunkt i tidlegare tilsendt informasjonsskriv til informantane vart gjennomgått. Det vart informert om betydninga av informert samtykke og korleis ein nytta

lydopptak for transkripsjon og analyse i etterkant av intervjuet. Deltakarane vart også gjort merksame på intervjuaren si rolle og betydninga av at alle får sleppe til, og det vart opna for spørsmål frå deltakarane.

I oppstarten av andre datainnsamling innleia ein med å takke sist og ei oppsummering av kva tema vi hadde vore innom sist, samt ei kort repetering knytt til samtykke, lydopptak og bearbeiding av desse. Med ny informantar i personalgruppa og eit av foreldrepara vart det særskilt viktig å gjere dei merksame på dette.

Kvale og Brinkmann (2015) uttrykker at der er stor skilnad på korleis personar uttrykkjer seg i intervjusituasjonar, nokon er opne og personlege, medan andre snakkar i generelle vendingar. Som intervjuar opplevde ein i alle intervjuet ei god atmosfære og at informantane var opne og personlege. Dei første intervjuet danna slik eit godt grunnlag for dei andre intervjuet. Kvale og Brinkmann (2015) seier også at utgangspunktet for eit vellukka intervju er at forskaren på førehand har sett seg godt inn i informanten sin situasjon, og kunnskap om konteksten er nødvendig for å kunne stille spørsmål som vert opplevd som relevante for informanten. Ein erfarte som intervjuar at opparbeidd kunnskap og personlege erfaringar knytt til temaet, kom til nytte i gjennomføringa av intervjuet og bidrog til at informantane uttrykte seg opent og personleg.

Avrundinga av intervjuet tok utgangspunkt i argumenta frå Kvale og Brinkmann (2015) om at ein kan avrunde intervjuet med ein debriefing, der intervjuaren nemner nokre av hovudpunkta som intervjuet har gitt han eller ho innsikt i. Vidare vart det spurt om informantane har noko meir dei vil seie eller spørje om før intervjuet vart avslutta. Under datainnsamling to innleia ein intervjuet med å ta opp att desse hovudpunkta.

### **3.3.4 Dokument som datamateriale**

Etter at det siste fokusgruppeintervjuet med personalet var gjennomført, fekk ein tildelt skriftleg materiale frå pedagogisk leiar som gav adgang til å bruke desse dokumenta i studien. Om bruk av dokument som kjelde i kvalitativ metode seier Grønmo (2016, s.175) at relevant informasjon kan brukast som datagrunnlag. Dette var dokument barnehagen nytta i samband med overgangen mellom heim og barnehage, beståande av invitasjonar og informasjonsskriv til foreldre, samt ein PowerPoint-presentasjon brukt i møte for nye foreldre. En vurderte difor desse som sær relevante for studien. I arbeidet med gjennomgåing av



teksten er det mellom anna viktig å gjere kontekstuelle vurderingar og kategorisering av relevant innhald (Grønmo, 2016). Dokumenta vart anonymisert, og systematisert etter utgivelsestidspunkt og sett i samanheng med datamaterialet frå intervju. Analysen av innhaldet vart og systematisk bearbeidd og sett i samanheng med kategorisering i datamateriale frå intervju.

### **3.4 Lydopptak, transkribering, tolking og analyse**

Intervju vart registrert gjennom lydopptak, der to lydopptakere vart nytta for å sikre opptak. Ein linear pcm recorder vart nytta saman med nettbrett, der appen «Handy Recorder» var nedlasta. Mikrofonen i linnear pcm recorderen gjorde lydopptaka i stereo som gav særleg god lyd kvalitet og det var difor denne som vart brukt i det vidare arbeidet. Ved bruk av øyretelofonar var det mogleg å skilje stemmene frå kvarandre også der fleire snakka på same tid. Gode funksjonar i denne opptakaren gjorde att det var lett å spole fram og tilbake og var med på å lette det praktiske arbeidet med transkriberinga.

Kvale og Brinkmann (2015) peikar på at det i prosessen frå lydfil til tekstfil skjer ei form for datareduksjon og at ein difor bør forhalde seg aktivt til opptaka som er gjort. I prosessen fra lydfil til tekstfil vart det nytta ordrett transkripsjon som i fylgje Kvale og Brinkmann (2015, s.208) er å transkribere det som vert sagt ord for ord, med alle gjentakingar. Det vart nytta koder for å namngje kvar informant og det det vart skrive kven som sa kva, inkludert intervjuar sine spørsmål og utsegn.

Transkribering av første datainnsamling vart gjennomført før andre datainnsamling. Befring (2015, s.118) peikar på at transkriberingsprosessen kan vere krevjande og at ein difor kan ha nytte av repeterte gjennomgangar av overføring frå tale til tekst. I samband med førebuing til andre datainnsamling lytta ein gjennom lydopptaka ein gong til og gjorde rettingar der noko var feil. Transkribering av andre datainnsamling blei gjennomført som beskrivne ovanfor og med repeterte gjennomgangar.

Det systematiske analysearbeidet starta med transkriberinga. I denne studien var ein oppteken av å studere overgangsprosessen mellom heim og barnehage, der ein undersøker korleis foreldre og personale opplever og erfarer prosessen før og under at barnet startar i barnehagen. Basert på dette vart det nytta ein kombinasjon av tema- og personsentrert analyse.

I fylgje Thagaard (2009) består ei tematisk analyse er i å rette merksemda på tema og samle svar frå alle informantane, medan ein i personsentrert tilnærming rettar merksemda mot personar eller situasjonar. Datamaterialet vart sett saman slik at ein kunne danne seg eit oversiktsbilde av innhaldet for deretter å koble dei ulike utsegner til hovudspørsmåla og samanlikne informantane sine utsegner. Ved bruk av kombinasjonen kan ein gjennom den personbaserte tilnærminga ivareta behovet for ei heilheitleg tilnærming og behovet for ei utvida forståing av tema gjennom den temabaserte tilnærminga (Thagaard, 2009). I det vidare arbeidet vart det trekt ut kva som var samanfallande og det som eventuelt skilde seg ut. Slik kan eie avdekka det mest typiske, samstundes som ein og trekkjer ut det sjeldne og spesielle (Befring, 2015, s.114). Tid er ein faktor som påverkar oss (Bronfenbrenner 1979, Sameroff 2009), noko som ein har forsøkt å ta omsyn til gjennom alle prosessane i studien.

<b>Tema</b>	<b>Foreldrepar A</b>	<b>Foreldrepar B</b>	<b>Foreldrepar C</b>	<b>Personal</b>
Datainnsamling 1	A1: utsegn	B1: utsegn B2: utsegn osv	C1: utsegn C2: utsegn osv	PL: utsegn FA: utsegn BL: utsegn
Datainnsamling 2 – innspel møtepunkt/informasjon	A 2: utsegn			
Oppsummering – analyse (datainnsamling 1)				
Datainnsamling 2	A1: utsegn A2: utsegn	B1: utsegn B2: utsegn osv	C2: utsegn osv	PL: utsegn FA: utsegn BL: utsegn AS: utsegn
Oppsummering – analyse				

Figur 8 : Oppsett av tema- og personsentrerte utsegn frå datamaterialet

### 3.5 Reliabilitet og validitet

«Reliabilitet knytter vi til spørsmålet om forskingens pålitelighet, og validitet knytter vi til spørsmålet om forskningens gyldighet» (Thagaard, 2013, s.23). For å sikre best mogleg truverd i denne studien er det søkt å vise kva ein har gjort gjennom heile prosessen, gjennom å gjere seg notata av eigne tankar, vurderingar og val undervegs og skildre framgangsmåtane ein nyttar. Befring (2015) og Thagaard (2013) seier at skildringane av framgangsmåtane ein nyttar gjennom heile prosessen er nøyaktige i kvalitativ forskning og peikar på at skildringane må omfatte tilhøve ved forskaren, informantane og intervjusituasjonen, samt kva for

analytiske metodar ein har nytta. I arbeidet med transkriberinga er det nytta repetert gjennomgang av transkriberinga og dette har synt seg verdifullt i arbeidet, då ein oppdaga feil ein hadde oversett i første del av arbeidet. Dette erfaringane samsvarer med reliabilitetsutfordringar Befring (2015) knyt til transkribering, der han seier at repetert gjennomgang av overføringa frå tekst til tale er nyttig i denne samanhengen.

«Validitet handler om gyldigheten av de tolkninger forskeren kommer frem til» (Thagaard, 2013, 204), og peikar på at ein må stille seg spørsmålet om det er verkelegheita av det vi har studert som vert presentert som resultat. Ein har søkt å vere merksam på forutintatte oppfatningar og forventningar gjennom heile prosessen i arbeidet med denne studien, då ein veit at forut-forståing kan påverke persepsjonen og redusere validiteten av data (Befring, 2015, s.54). Som forskar med egne erfaringar og opplevingar med oppstart i barnehagen for dei yngste har dette vore nyttig å reflektere over gjennom arbeidet med denne studien. I tillegg har ein søkt å gjere ei prosessvalidering som i fylgje Kvale og Brinkmann (2015) må gjerast gjennom heile prosessen. I samanheng med dette arbeidet tatt utgangspunkt i det Maxwell (1992) sine fem kategoriar av validitet i kvalitative studiar som her vert presentert:

*Deskriptiv validitet:* I arbeidet med datamaterialet la ein vekt på å gjere presise skildringar, der ein nytta ordrett gjengiving av informantane sine utsagn og repetert gjennomgang av transkriberinga. Maxwell (1992, s.285) seier at ein skal gjere presise beskrivingar, utan å forvrengje eller dikte opp innhald.

*Tolkingsvaliditeten* er i fylgje Maxwell (1992, s.288) nært knytt til deltakarane sine perspektiv, der ein mellom anna har fokus på betydninga av deltakarane sine intensjonar, kjensler og evalueringar. I denne studien har ein nytta informantane sine egne utsegn i den skriftlege framstillinga. Slik har ein søkt å styrke tolkingsvaliditeten, samstundes som to intervju med dei same informantane har synt seg verdifull i denne samanhengen.

*Teoretisk validitet:* Her har ein forsøkt å ivareta samanhengen mellom tema for studien og teorien undersøkinga er bygd på. Maxwell (1992) seier at teoretisk validitet handlar om studien si evne til å belyse det aktuelle fenomenet, både omgrepa og forholdet mellom dei. I denne samanhengen peikar han og på at dei empiriske data gir eit bidrag til eksisterande teori og vise versa. Dette er aktuelt i denne studien, der hovudteorien vart nytta som grunnlag for planlegging av intervjuguide, gjennomføring av analyse og drøfting. Vise versa er det søkt å vere open for tolking av teksten i dei empiriske data som er samla inn. På same tid er det

streba etter å vere tydeleg på omgrepa og forholdet mellom dei, ved å vise til meiningsinnhald og definisjonar brukt i studien.

Bronfenbrenner (1979, 2005) sin teori har nøye beskrivingar av omgrepa og forholdet mellom dei, noko som er teke med i kunnskapsgrunnlaget og vore nyttig i denne samanhengen

*Generaliseringsvaliditet:* Maxwell (1992) fram intervjusituasjonen som ein sosial situasjon som involverer relasjonar mellom intervjuar og informant og viser til betydinga av å forstå korleis dette kan påverke kva som skjer i intervjuet og korleis informantane sine handlingar og synspunkt kan skilje seg frå andre situasjonar (eiga oversetting s.295). I studien er det streba etter å beskrive dei faktorane knytt til intervjusituasjon og informantar slik at det unike ved akkurat denne studien kjem fram. Samstundes er ein open for informantane sine handlingar og synspunkt som vert fortalt kan kjennast igjen hos andre i lignande situasjonar og slik gje studien ein generell verdi for andre i samfunnet.

*Evalueringsvaliditet:* Den viktige komponenten i denne samanhengen er i fylgje Maxwell (1992,s. 295) «kritisk validitet». Her er det søkt å stille evaluerte spørsmål til studien gjennom heile prosessen, ved å søkje å få valide svar på studien si problemstilling og forskingsspørsmål og om gjennomføringa på ein måte som er i tråd med mål for studien.

Befring (2015) viser også til at beskrivingane til Maxwell kan brukast til å få ei forståing av validitet som utfordring og samstundes gje moglegheit til å styrke validiteten og dermed verdien av studien. Såleis vil det vere viktig å reflektere over og evaluere dei ulike prosessane gjennom ei tydeleg beskriving, transparens i tolking og bruk av teori.

### **3.6 Etiske betraktningar**

I denne studien har ein gjennom heile prosessen søkt å arbeide etter forskningsetiske retningslinjene i tråd med Den nasjonale forskningsetiske komite for samfunnsvitenskap humaniora, juss og teologi (2017), frå no av omtalt som NESHs (2017). Dei forskningsetiske retningslinjene er utarbeidd for å hjelpe forskaren med standard for god forskingspraksis og etiske oppfatningar og haldningar (NESHs,2017). Studien medførte innhenting av personopplysningar og kravde difor meldeplikt til Norsk senter for forskningsdata (NSD). Saman med prosjektbeskrivinga var intervjuguide og samtykkeskjema lagt ved søknad til godkjenning av prosjektet. Prosjektet fekk godkjenning, og datainnhenting vart starta opp etter dette. (Sjå vedlegg nr.1).

I retningslinene til NSD (2017) står det at dersom ein gjennomfører forskning i institusjonar, må forskaren på førehand avklare gjennomføringa med leiinga i institusjonen, og gjennomføringa av denne undersøkinga vart avklara med leiinga i barnehagen. Med godkjenninga frå NSD vart informasjonsskriv, intervjuguide og samtykkeskjema vidareformidla til informantane via styrar i barnehagen.

Det er eit grunnleggande prinsipp at ein skal informere og innhente samtykke frå dei som deltek i forskinga (NESHs, 2017). Denne studien involverer føresett, personale og barn, og spørsmål knytt til teieplikt og samtykkekompetanse måtte handsamast. Med bakgrunn i teieplikta til dei tilsette, må føresette samtykke før tilsette kan gje opplysningar som er personidentifiserande (NSD, 2017). Tilsendt samtykkeskjema tok omsyn til dette og føresette gav samtykke til at dei tilsette kunne gje opplysningar om deira barn til denne studien (sjå vedlegg.nr.2). I denne undersøkinga oppstår ei manglande eller redusert samtykkekompetanse, då den omhandlar barn på om lag eitt år. Når personar med manglande samtykkekompetanse vert inkludert i forskning er det føresette som samtykker (NSD, 2017).

Det er eit viktig prinsipp at all deltaking skal bygge på samtykke som skal vere gitt på eit fritt, informert og forstått grunnlag (Befring, 2015). I tillegg til utsend informasjon gjekk ein gjennom denne informasjonen munnleg, både ved første og andre intervjurunde. Det vart framheva at dei kunne trekke seg frå studien når som helst, og at alle data då ville bli sletta.

I fylgje (NESHs, 2017) skal ein sikre personvernet til dei som er deltakande, opplysningar skal handsamast med varsemnd og ein må anonymisere personopplysningane.

Forskingsmaterialet vart anonymisert og samtykkeerklæringar og lydopptak var oppbevart i låst skuffe. Etter fullført transkribering vart opptak og andre sensitivt datamateriale sletta innan fristen.

Gjennom forskingsprosessen er det blitt arbeidd med føresette og personale sine handlingar, opplevingar og erfaringar omkring prosessen knytt til 1 åringen sin oppstart i barnehagen. Barn og unge som tar del i forskning, har særlege krav på beskyttelse og forskaren må ha tilstrekkeleg kunnskap om barn til å kunne tilpasse både metode for og innhald i forskinga til den aldersgruppa som skal delta (NESHs,2017). Som barnehagelærar har eg erfaring med å arbeide inn mot dei yngste borna og mange års erfaring med å møte barn og føresette i «tilvenningstida» i barnehagen. Då studien tek føre seg ei periode som kan vere sårbar for

barn og føresette må eg ta omsyn til dette frå byrjinga av undersøkinga og gjennom studien. Etiske problemstillingar pregar heile for løpet i undersøkingar (Kvale og Brinkmann, 2015).

## 4 PRESENTASJON AV RESULTAT

I dette kapitlet vert resultat frå intervju og dokument presentert. Kapitlet vert innleia med bakgrunnsinformasjon om barnehagen, som eg vel å kalle «Veslebakken» for å gi ei forforståing av kontekst før resultat frå analysane vert presentert. For å kunne skilje datainnsamling 1 og 2 vert det og presentert ei tidlinje som syner Veslebakken si gjennomføring av overgangsprosessen saman med tidspunkt for datainnsamlinga. Det er eit ynskje å få fram breiast mogleg erfaringar og innsikt basert på informantane sine forteljingar, og presentasjonen prøver å ta omsyn til dei individuelle erfaringane og opplevingane, samstundes som ein forsøker presenterer samanfall mellom intervjugruppene. Det vert først vist til barnehagen sin praksis for overgangsprosessen for dei små borna, deretter korleis foreldre og personale erfarer og opplever prosessen før under og etter borna sin start i barnehagen. For å kunne ta omsyn til informantane si forforståing i drøftinga vert deira tidlegare erfaringar og opplevingar med overgangsprosess frå heim til barnehage for dei yngste presentert innleiingsvis.

### *4.1.1 Informantane sine tidlegare erfaringar med overgangsprosessar mellom heim og barnehage for små born*

Foreldrepar A og B har eldre barn som går i Veslebakken barnehage og deler såleis erfaringar frå denne barnehagen. Foreldrepar C har ikkje tidlegare erfaringar frå oppstart i barnehage då dette er deira eldste born.

Pedagogisk leiar, assistent og fagarbeidar har fleire år med erfaring med oppstart for dei yngste på Avdeling Solstua i Veslebakken barnehage. Barnehagelærer har arbeidd på storbarnsavdeling i Veslebakken før ho no skal byrje på avdeling Solstua, men har erfaringar med oppstart for dei yngste barna frå arbeid som barnehagetilsett i ein annan barnehage.

### **4.2 Overgangsprosessen mellom heim og barnehage for dei yngste barna**

Først vert det innleidd med ei kort oversikt over barnehagen sin praksis for overgangsprosessen sett i samanheng med tidspunkt for datainnsamlinga. Deretter vert barnehagen sin praksis for overgangsprosessen for dei små borna presentert i si heilheit for foreldra og personalet sine erfaringar og opplevingar av prosessen før borna sin start i barnehagen vert presentert. Vidare vert personale sine erfaringar og opplevingar med eigen

praksis knytt til borna sin start i barnehagen presentert før dette delkapittelet vert avrunda med foreldre sine forventningar til og opplevingar av borna sin start i barnehagen.

#### **4.2.1 Kort presentasjon av barnehagen sin praksis for overgangsprosessen mellom heim og barnehage sett i samanheng med tidspunkt for datainnsamling**

For å kunne skilje intervjudata innsamla før og etter at barnet byrja i barnehagen og slik introduserer ein kort presentasjon av barnehagen sine rutinar og tidspunkt for datainnsamlingane (sjå tabell 1).

Juni	Velkomstskriv med svarslipp Barnehagen gir tilbod om felles møtepunkt før borna byrjar i barnehagen : <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Foreldremøte for foreldre med nye barn som skal byrje i barnehagen</li> <li>2. Heimebesøk og oppstartssamtale</li> <li>3. Besøksettermiddag i barnehagen.</li> </ol>
Juli/August	Planlegging av oppstart av nytt barnehageår og oppstart med nye born. Ferieavvikling for barn og personale <b>Datainnsamling 1 som består av Intervju 1 med informantane</b> Informasjonsskriv til føresette om oppstart i barnehagen
August	Oppstart nytt barnehageår 15.august Oppstart for nye born (borna som er med i studien hadde oppstart her)
September	Oppstart for nye born <b>Datainnsamling 2 som består av Intervju 2 med informantane og dokument nytta av Veslebakken barnehage og avdeling Solstua i denne overgangsprosessen.</b>

Tabell 1: Oversikt over barnehagen sine rutinar og tidspunkt for datainnsamling.

#### **4.2.2 Veslebakken barnehage og avdeling Solstova sin praksis for overgangsprosessen mellom heim og barnehage for dei små barna**

Resultat frå studien syner at Veslebakken barnehage og avdeling Solstova har ein overordna plan for overgangsprosessen for dei små borna som syner at praksis for overgangsprosessen involverer foreldre og born før borna startar i barnehagen, samt at avdeling Solstova fylgjer ein plan og har rutinar for borna sin start i barnehagen. Fyrst presenterer ein praksis for



overgangsprosessen før borna startar i barnehagen og deretter praksis for overgangsprosessen når borna startar på avdeling Solstova.


#### 4.2.2.1 Avdeling Solstova sin praksis før borna sin start i barnehagen

Personalet fortel at barnehagen innførte nye planar og rutinar knytt til overgangsprosessen for dei små borna nokre år tilbake, der ein iverksette eit tilbod for foreldre og born før borna sin start i barnehagen. Informantane fortel at dei tre møtepunktta består av foreldremøte for nye foreldre, heimebesøk med oppstartssamtale og besøksettermiddag, samt skriftleg kommunikasjon mellom heim og barnehage. På spørsmålet om kva som var bakgrunnen for arbeidet med denne planen fortel informantane at det kom som eit resultat etter eit større prosjekt som mellom anna omhandla foreldresamarbeid. Om møtepunktta mellom heim og barnehagen fortel personalet at målsettinga med desse er å lette oppstarten for dei små borna.

Den *skriftlege kommunikasjonen* mellom heim og barnehage før borna startar syner at foreldre får eit velkomstskriv, invitasjonar til møtepunkt og informasjonsskriv før borna sin start i barnehagen. Analyse av den skriftlege kommunikasjonen mellom heim og barnehage før oppstart syner at barnehagen gir informasjon om barnehagen og avdeling Solstova, forbereder foreldra på det som skal skje framover i samband med møtepunkt og opnar for skriftleg og munnlege tilbakemeldingar frå foreldra. Eksempel på førebuing til møte er informasjonsskriv om oppstartssamtale som inneheld ei punktvis oversikt over kva pedagogisk leiar kjem til å spørje dei om i samband med denne samtalen. Invitasjonane til møtepunktta gir utfyllande informasjon om kva møta skal innehalde, kven dei kjem til å møte og ei grunngeving for kvifor ein ynskjer foreldra si deltaking på desse. I denne grunngevinga framhevast at ein kan verte betre kjent med kvarandre og utveksle informasjon som kan vere av betydning for borna sin oppstart. Innhaldet i den skriftlege kommunikasjonen knytt til møtepunktta vert nærare presentert saman med personalet sine erfaringar og opplevingar med praksis for å kunne sjå dei samanheng med kvarandre.

#### 4.2.2.2 Avdeling Solstova sin praksis for borna sin start i barnehagen

I modell 1 er det laga ei skjematisk framstilling av avdeling Solstova sin praksis som syner praksis for overgangsprosessen si fase under og etter dei yngste borna sin start i barnehagen.



*Modell 1 Skjematisk framstilling av avdeling Solstova sin praksis som syner praksis for overgangsprosessen si fase under og etter dei yngste borna sin start i barnehagen.*

Om overgangsprosessen når borna startar i barnehagen fortel personalet at dei har ein plan som syner organisering av tid, rom, personale og born, der primærkontakt har si faste gruppe med born som ein fylgjer tett gjennom aktivitetar gjennom barnehagedagen. Om foreldredeltaking under borna sin start i barnehagen fortel personalet at foreldre kan vere saman med barnet i tilvenningsperioda så lenge det er behov for det, men at dei legg opp til ein progresjon for korleis foreldra gradvis kan trekkje seg tilbake. Som eit utgangspunkt for *progresjon* fortel pedagogiske leiar at dei legg opp til at foreldra i byrjinga er saman med barnet i barnehagen, for så å la barnet vere åleine saman med primærkontakta utan att foreldra er på avdelinga/barnehagen eit par timar og til slutt la barnet vere åleine med primærkontakta over ei lengre periode. Pedagogisk leiar fortel at dei legg vekt på å ta omsyn til borna sine behov, samstundes som dei er merksame på foreldra sine moglegheiter i samband med arbeidssituasjon og liknande.

Informantane fortel at dei som supplement til munnleg kommunikasjon med foreldre nyttar «kommunikasjonsbok» som fylgjer «barnehagesekken» til barnet. Dei fortel at målet med denne er at primærkontakt skal skrive om dagen til barnet og annan informasjon av betydning,

medan foreldra sjølve tek stilling til om kva og kor mykje dei ynskjer å formidle via «kommunikasjonsboka». Avdeling Solstova har denne ordninga fram til barnet byrjar på storbarnsavdeling som tre åringar.

#### **4.2.3 Personale sine erfaringar og opplevingar av praksis før borna startar i barnehagen.**

Analyse av dokument og intervju syner at personalet i ulik grad har delteke aktivt i dei ulike møtepunkta mellom heim og barnehage. Pedagogisk leiar fortel at ho deltok og bidrog under foreldremøtet og gjennomførte heimebesøk med oppstartssamtale, medan alle personalinformantane deltok på besøksettermiddagen. Analysen av intervjudata syner at personalet hovudsakleg omtala møtepunkta heimebesøk og besøksettermiddag som ei einig og ein tek omsyn til dette innleiingsvis i presentasjonen.

Når ein spør om personalet sine tidlegare erfaringar og opplevingar av dei små borna sin start i barnehagen seier pedagogisk leiar: «*Det endra seg... særskilt etter at vi starta med møtepunkta med foreldra i forkant av oppstarten. Etter vi innførte dette har oppstarten blitt mykje betre og rolegare*». Her uttrykkjer pedagogisk leiar at ein har opplevd at møtepunkta med foreldre før borna startar i barnehagen har letta oppstarten i barnehagen, og ført til ein betre og rolegare oppstart.

I samtalen som fylgjer om møtepunkta reflekterer informantane over kvifor desse har ført til ein betre og rolegare start for dei små borna. Den pedagogiske leiaren fortel at «*foreldra verkar litt tryggare på kva dei går til. I staden for at det vert ein brå start der dei ikkje veit kva barnehagelivet er for noko, veit dei meir no. Med trygge foreldre så blir jo barna tryggare og det hjelpe i alle fall på*». Informanten fortel såleis at det er av betydning for foreldre å få kjennskap til barnehagelivet før borna startar i barnehagen, der informanten har erfart og opplevd at med kunnskap om barnehagelivet verkar foreldre tryggare og at ein har erfart at trygge foreldre tryggjar borna og dermed lettar oppstarten. I refleksjonane som fylgjer om behovet foreldre har for kunnskap om barnehagelivet seier pedagogisk leiar: «*Kva og korleis vi gjer det i barnehagen er det mange foreldre som ikkje veit, og i alle fall dei nye som ikkje har hatt nokon barn frå før*» Her peikar informanten på at kunnskapen om barnehagelivet varierer hos foreldre og at ein særskilt må tenkje på foreldre som ikkje har erfaringar frå før og no står ved inngangen til barnehagelivet saman med sitt første barn.

Personalet fortel at dei sjølve opplever at møtepunkta har betydning for dei då dei opplever oppstarten lettare når dei kjenner foreldre og born på førehand og seier:

Det vert mykje lettare når vi kjenner borna og foreldra i forkant. Då veit vi kva behov borna har og korleis foreldra syns ting skal vere. Ut frå dette kan oppstarten betre leggest til rette og vi kan lettare tilpasse kvardagen ut frå borna og foreldra sine behov (Pedagogisk leiar, 2016).

Informanten peikar på når dei kjenner foreldre og born før oppstart og kjenner borna sine behov og foreldre sine forventningar vert det lettare å legge til rette for ein betre oppstart og tilpasse kvardagen i barnehagen ut frå borna og foreldre sine behov. I samtalen som fylgjer framhevar fagarbeidar at denne kjennskapen og påverkar tilvenningsdagane når foreldre er saman med dei i barnehagen og seier: «Når ein føler at ein kjenner dei når dei startar i barnehagen kan ein bruke tida annleis under tilvenningstida og betre legge til rette for kvart enkelt barn og foreldre» (Fagarbeidar, 2016).

I samtalen om møtepunkta kjem personalet inn på at desse og har ei betydning for deira eigen trivsel, der barnehagelærar seier:

Her i Veslebakken barnehage får vi ei moglegheit til å bli betre kjent både med foreldre og ungane før dei begynner og det gjer både foreldra og barna tryggare. Så sånn sett så trivest eg veldig bra godt her ja (Barnehagelærar, 2016).

Her uttrykkjer informanten at det å verte kjent med foreldre og born, og at dette gjer foreldre og born tryggare har betydning for hennar trivsel i arbeidet på avdeling Solstova.

#### 4.2.3.1 Foreldremøte for nye foreldre

Pedagogisk leiar fortel at styrar tek del på dette møtet saman med henne, og at dei samarbeider om dette møtet. I samband med dette møtet har dei utarbeida ein PowerPoint som dei brukar i formidlinga til foreldra. Analysen av dette dokumentet syner at informasjonen foreldra får er knytt til to kategoriar, der den eine omhandlar *generell informasjon* om Veslebakken barnehage og dagsrytma til avdeling Solstua. Den andre kategorien omhandlar

informasjon og kunnskapsdeling knytt til *overgangsprosessen*, der tema som vert gjennomgått er «Dei tre møtepunkta for å lette oppstarten», tilvenningsperioda og tilknytning. I samband med tilvenningsperioda tek barnehagen opp kva dei ynskjer for borna i oppstarten, der fylgjande oppmodingar og informasjon vert gitt til foreldre : 1. Set av nok tid til tilvenning 2. Sei «ha det» til barnet når ein går 3. Eit overgangsobjekt (smukk, klut, bamse) kan vere trygt og godt for barnet å ha i starten 4. At det er viktig med ein open dialog mellom foreldre og personale 5. Primærkontakt. I samband med tema *tilknytning*, vert *tilknytingsomsorg*, *tryggleikssirkelen* og *trianglering* gjennomgått. Desse omgrepa kan knytast til tilknytningsteori og ein kan difor anta at praksis og organisering av oppstart er påverka av denne.

#### 4.2.3.2 Heimebesøk med oppstartssamtale

Pedagogisk leiar peikar på at dette er eit tilbod, og fortel at foreldre som ikkje ynskjer heimebesøk har høve til å ta del i ein oppstartssamtale i barnehagen. Pedagogisk leiar fortel at det er ho som gjennomfører heimebesøk og oppstartssamtalen. Dokumentanalysen syner at foreldra får eit orienteringsskriv om innhaldet i denne samtalen før den vert gjennomført. Analyse av dokumentet syner at samtalen legg opp til kommunikasjon mellom heim og barnehage, der målet er at pedagogisk leiar skal få meir kunnskap om barnet og at foreldra får høve til å ta opp det dei ynskjer og har behov for. Det vert gitt ei konkret oversikt over kva spørsmål foreldra vil få frå pedagogisk leiar. Analysen syner at spørsmåla hovudsakleg omhandlar barnet sin familiesituasjon, helse, kva barnet er vant til av rutinar og sosialt samspel, samt barnet sine interesser. Spørsmålet om rutinar er knytt til måltid, stell og søvn, medan spørsmålet om kva barnet likar og er vant til av sosialt samspel er knytt til samspel mellom barnet og foreldre, andre barn og andre vaksne. Foreldra vert og spurt om det er noko ved barnet som uroar dei og om det er dysleksi i familien.

I samtalen om betydninga av å legge møte til heimen uttrykkjer personalet at denne møtestaden skil seg frå andre, der dei trekkjer fram at denne arenaene gir gode forutsetningar for samtalar med foreldra og seier:

Eg føler dei opnar seg meir når vi med dei heime og at det er lettare å kome inn på ting som kan vere vanskeleg å kome inn på. Eg opplever at dei opnar seg meir i litt tryggare omgivnadene enn her i barnehagen som er meir nytt og

ukjent. Det er i alle fall slik eg har opplevd det i ein del samtalar (Pedagogisk leiar, 2016).

I samband med dette seier barnehagelærer *«dei får sagt det dei vil utan at der er andre som kan avbryte dei og utan andre som høyrer kan dei seie det dei vil og»*. Her uttrykkjer informantane at heimebesøket gir gode ramme for foreldre til å ta opp det dei har behov for då det ikkje er andre tilhøyrarar til stades og at ein opplever at det synest lettare for foreldre å ta opp vanskelege tema i heimemiljøet enn i barnehagen.

I samband med kunnskapsdeling mellom heim og barnehage før oppstart peikar pedagogisk leiar på betydinga av å vite noko om borna sine interesser og erfaringar, der denne kunnskapen kan kome til nytte i det pedagogiske arbeidet i oppstarten. Her gir den pedagogiske leiaren eit døme på kunnskap som vert etterspurt under heimebesøk: *«Eg spør mellom anna om kva dei likar å halde på med og kva songar dei liker. Då kan vi kan synge dei same songane her i barnehagen og det har betyding for tryggheta barna opplever her»*. I eksempelet om å nytte songar borna kjenner til og likar fortel informanten at ho brukar dette i oppstarten og har erfaring med at å bruke kjente songar som borna likar er med på å gjere dei tryggare i barnehagen. Om kunnskap ein får om barnet gjennom heimebesøket fortel pedagogisk leiar at denne vert samla i eit referat som vert lagt i mappa til barnet som primærkontakt får tilgang til.

#### 4.2.3.3 Besøksettermiddag på avdeling Solstova

I fylgje invitasjonen kjem det fram at foreldre og barn som skal byrje er invitert til å kome på besøk til avdeling Solstova ein ettermiddag frå 17-18. Dei som deltek frå barnehagen er personalgruppa som borna skal vere saman med på avdeling Solstova når dei byrjar i barnehagen. Personalet trekker fram at besøksettermiddagen skil seg frå dei andre møtepunkta ved at dei her har høve til å møte born og foreldre i barnehagen, der ein i dette møtet kan forsøkjer å etablere relasjonar med borna. I samanheng med dette seier fagarbeidar: *«Ein skapar no litt relasjon med dei og ser kven ein får meir eller mindre kontakt med. Ein dannar seg no eit bilde av korleis dei er fram til dei skal begynne på avdelinga og ein begynner å tenkje på kva opplegg ein skal legge»*. Her uttrykkjer informanten at i arbeidet med å etablere relasjon med borna også observerer korleis ein meistrar dette, og at ein tek med seg observasjonar og inntrykket ein har inn i vidare planlegging.

#### 4.2.3.4 Personale om førebuing av borna sin start i barnehagen

Datainnsamling 1 vart gjennomført i førebuingsfasa av overgangsprosessen. Personalet fortel at dei denne fasen no er førebur borna sin oppstart i barnehagen. Pedagogisk leiar fortel at dei med utgangspunkt i felles møtepunkt, kommunikasjon med foreldra og kunnskap og akkurat no er i gang med å utarbeide planen for borna sin oppstart i samarbeid med personalet. I samanheng med denne prosessen seier pedagogisk leiar:

Eg tenkjer mykje på organiseringa. Eg tenkjer på kven borna skal ha som primærkontakt og korleis sette saman gruppa. Kven som kan passe saman og kven av dei vaksne som kan passe i lag med dei ulike borna. Det ser vi og ut frå besøkskvelden at nokon av personalet kanskje får god relasjon med (barnet sitt namn). Vi er også såpass ærleg med kvarandre at vi kan seie at eg fekk ikkje så god kontakt der og kanskje eg kan få ha nokon andre akkurat i starten Ja sånn at vi ser litt ut i frå korleis relasjonar ein har.

Om planlegging fram mot oppstart i barnehagen peikar pedagogisk leiar på at det er utfordrande å involvere heile personalgruppa som skal vere saman om oppstarten på avdeling Solstova. Dette gjeld særleg personalet som arbeider på annan avdeling og først byrjar på avdeling Solstova ved nytt barnehageår samt avvikling av ferie:

Det er mykje som skal skje på kort tid slik at det er mange tankar som må på bordet og planleggast på kort tid, og då er det dessverre av og til vanskeleg at alle kan samlast samtidig... for nokon har ferie no og nokon har ferie då, men vi har prøvd i alle fall så langt det let seg gjere (Pedagogisk leiar, 2016).

Pedagogisk leiar fortel at informasjonsskrivet om oppstarten vert utarbeidd i samarbeid med personalet og sendt ut til foreldra før borna sin startar i barnehagen, og seier at borna i tillegg har fått tilsendt bilete av personalet før dei byrjar i barnehagen.

Dokumentanalyse av informasjonsskrivet om «Oppstart i barnehagen» syner at foreldra her får informasjon om *avdeling Solstova si organisering av tid, rom, aktivitetar, personale og born-born*. Om *organiseringa* kjem det fram at personale og personale er delt inn i fast

gruppe som består av *primærkontakt med «sine» tre born*. Det vert framheva at *primærkontakta skal fylgje borna tett* gjennom dagen, der gruppa er samla under måltid, overgangssituasjonar, stell, legging og oppvakning. Elles kjem det fram at dei i andre aktivitetar fordeler seg på roma inne etter kva barna har lyst til å leike med. I samband med *kommunikasjon mellom heim og barnehage* vil personalet forsøkje å møte foreldra i garderobe ved levering og henting, samt at foreldra har høve til å ringe avdelinga direkte eller bruke sms gjennom dagen.

#### 4.2.3.5 Oppsummering av personale sine erfaringar og opplevingar av praksis før borna startar i barnehagen

Personalet har erfart og opplevd at møtepunkta med foreldre før borna startar synest å lette oppstarten ved at dei opplever den rolegare og betre enn før ein la til rette for møtepunkta mellom heim og barnehage. Deira oppleving er at møtepunkta gir foreldre kunnskap om barnehagelivet som synest trygge foreldre og fortel at dei opplever at trygge foreldre trygger borna. I samanheng med behov for kunnskap om barnehagelivet før oppstart trekkjer personale fram at dette synest særleg viktig for nye foreldre. Personalet peikar på at heimebesøket skil seg frå andre, der dei trekkjer fram at denne arenaene gir gode forutsetningar for samtalar med foreldra og at det synest lettare for foreldre å ta opp vanskelege tema i heimemiljøet enn i barnehagen. Besøksettermiddagen skil seg frå dei andre møtepunkta ved at dei her har høve til å møte born og foreldre i barnehagen, der ein i dette møtet forsøker å etablere relasjonar med borna. Om betydninga møtepunkta har for personalet sitt pedagogiske arbeid har dei erfart at kjennskap til og kunnskap om borna og foreldre gjer det lettare å legge til rette for den enkelte born og foreldre i oppstarten. Pedagogisk leiar fortel at dei med utgangspunkt i felles møtepunkt, kommunikasjon med foreldra og kunnskap utarbeider plan for borna sin oppstart i samarbeid med personalet.

#### **4.2.4 Foreldra sine erfaringar og opplevingar av overgangsprosessen mellom heim og barnehage før borna sin start i barnehagen.**

Ein presenterer foreldre sine erfaringar og opplevingar av møtepunkt og kommunikasjon mellom heim og barnehage før ein presenterer forventningane dei har til borna sin start i barnehagen. Foreldreinformantane vert presentert enkeltvis, for slik å kunne få fram kvar enkelt si forteljing og slik kunne drøfte påverknad over tid. Ein presenterer informantane sine tidlegare erfaringar og opplevingar knytt til overgangsprosess for dei yngste borna. Slik tek



ein omsyn til perspektiva presentert i Bronfenbrenner (1979) sin bioøkologiske modell og Sameroff (2009) sin transaksjonsmodell, som begge vektlegg påverknaden miljø og individ har på kvarandre over tid.

#### 4.2.4.1 Foreldrepar A

Dette foreldreparet har eit barn som går i barnehagen frå før og dei har såleis erfaringar frå overgangsprosessen når deira eldste byrja i Veslebakken barnehagen. I samband med denne fortel dei om eit tillitsfullt barn som søkte til personalet og vart raskt trygg i barnehagen, samstundes fortel informanten at der var faktorar som gjorde at barnet trengde støtte, og seier «*når det då er eit så bra menneske som du veit passar på barnet ditt så vert det ekstra bra*» (A1). Om overgangsprosessen før barnehagestart denne gongen fortel dei at det var ulike årsaker til at dei ikkje deltok på overgangsmøta i år og seier : «*Mm vi har veldig gode erfaringar med møtepunkta frå tidlegare... så ja stort sett knallfornøgd med heile opplegget her av ulike årsaker*». Analysen av denne samtalen syner at personale og barnehagen vert omtala positivt ved fleire høve gjennom samtalen, der informanten trekkjer fram bruken av små grupper, roleg atmosfære når dei kjem om morgonen og eit personale som samarbeider godt. I samband med foreldremøtet for nye foreldre seier A1: «*Vi deltok sist med den eldste...så eg regna med at informasjonen og innhaldet var det same som sist og at det difor ikkje var nødvendig å møte*». Her uttrykkjer informanten at dei ikkje har same behovet for informasjon om oppstarten som når dei var «nye foreldre», og difor velde det vekk denne gongen. På spørsmål kva informanten har behov for av informasjon før oppstart seier informanten:

Det er eg faktisk litt usikker på for det gjekk så bra sist, så eg klarer ikkje heilt å tenkje....Men det er no kven ho skal begynne med og kven som skal vere den vaksne som skal ha ho fast i gruppa og sånn. Men kven dei skal vere i lag med føler eg har kome ut tidleg, og vi har snakka litt om det. Føler det er greitt å få ei få oversikt over primærkontakt og kven som er på gruppe med barnet (A1, 2016).

Ut frå informanten si forteljing synest det som at det betyr noko for dei å vite kven som skal vere primærkontakt og kven barnet deira skal være i gruppe med før barnet startar i barnehagen. Samstundes uttrykker informanten at dei positive opplevingar av prosessen sist gjer at ein ikkje har tenkt så mykje på informasjonsbehov før oppstart denne gongen.

Under datainnsamling to kjem ein inn på tilbode om møtepunkta før borna startar, der A2 fortel at dei var på ferie og difor ikkje hadde anledning til å delta, men har opplevd tidlegare møtepunkta som nyttig for å verte kjent med andre born og foreldre. I samtalen som fylgjer peikar dei og på at deira yngste ofte er med i barnehagen når dei henta eldre sysken og at både dei og deira yngste kjenner personalet frå før. Informantane fortel og at foreldra har arrangert korgfest i barnehagen før borna sin start i barnehagen, der foreldre og born som skulle starte på avdeling Solstova var saman på uteområdet og hadde med «mat på fat».

#### 4.2.4.2 Foreldrepar B

Dette foreldreparet har eit eldre barn som gjekk i ein annan barnehage før det byrja i Veslebakken barnehage og har difor erfaringar og opplevingar frå to ulike overgangsprossar med deira eldste. Om den første overgangsprossen fortel foreldra om eit barn som brukte lang tid på å verte trygg i barnehagen og seier at dei opplevde samarbeidet med personalet som utfordrande i samband med dette. Foreldra fortel at det var lite kontinuitet i personalgruppa, ein primærkontakt som var mykje ute av avdelinga gjennom dagen, motstand i personalgruppa mot overgangsobjekt, samt ei oppleving av at rutinar og tiltak som vart sett i verk i samband med utfordringane ikkje vart fylgt opp. Det er særleg erfaringar og opplevingar med mottakssituasjonen som kjem opp i samtalen, der fylgjande vert sagt:

Dei såg oss kom gjennom ei glasdør, men då satt dei berre der og drakk kaffien sin og kom ikkje ut og møtte han. Ikkje så bra start om dei berre sit og ventar på at han skal kome inn og ikkje kjem og tek imot han på ein skikkeleg måte (B2, 2016).

Her fortel informanten om personalet sin måte å ta imot om morgonen, der dei ventar på at dei skulle kome inn på avdelinga i staden for å kome ut og møte dei. Informanten uttrykkjer og at handlinga til personalet som valde å sitte i ro og drikke kaffi i staden for å møre dei i garderobe ikkje er ein god måte å verte møtt på om morgonen. Når dei fortel om erfaringane og opplevingane frå overgangsprossen når dei flytta og deira eldste byrja i Veslebakken barnehage skil denne seg positivt ut frå den første overgangsprossen. Her fortel foreldra at dei sjølve tok ein del grep på førehand, der dei tidleg tok kontakt med barnehagen og besøke den fleire gongar før oppstart i barnehagen. Analysen av denne samtalen syner at foreldra ved fleire høve formidlar ei positiv oppleving av personalet og rutinane i Veslebakken barnehage,

og trekkjer særskilt fram mottaksrutinane. Det vert framheva at *«dei var veldig flinke dei som var her- både til å møte opp i garderobe og til å ta seg av han. Så det var ei heilt anna oppleving»* (B2). Her uttrykker informanten at det gav ei heilt anna oppleving når dei vart møtt i garderobe og uttrykkjer at det gir ei oppleving av at personalet tek seg av barnet. Foreldrepar B løftar fram heimebesøket som eit bra tilbod og seier *«Eg syns det er veldig bra at dei gir tilbod om heimebesøk. Det er jo litt mindre kaotisk med heimebesøk enn med besøksdag der alle andre er»* (B1). Her uttrykkjer informanten at fordelene med heimebesøket er at dei opplever meir ro ved heimebesøket enn ved besøksettermiddagen. I samband med besøksettermiddagen seier B1: *«Virka ikkje som han brydde seg så mykje om kor vi var på ei stund»*, der B2 fylgjer opp og seier: *«Han kika av og til på oss, men han sette seg til og med opp på fanget til ei av dei tilsette og då tenke eg jaja (ler)»*. Her uttrykkjer foreldra at dei observere barnet i samspel med personalet og gir uttrykk for at dette gav dei ei god oppleving før oppstart i barnehagen. Under datainnsamling 2 fortel foreldra at dei har forsøkt justere eigne rutinar fram mot barnehagestart og B1 seier at *«etter heimebesøket når vi fekk vite kva som var dagsrytma, brukte eg slutten av permisjonstida mi og sommarferien til å justere rytma....Ja så langt det går an å justere sånne ting (ler)»*. Her fortel informanten at når dei fekk informasjon om barnehagen sine rutinar brukte tida fram mot barnehagestart til å samordne eigne rutinar med barnehagen sine rutinar.

#### 4.2.4.3 Foreldrepar C

Dette foreldreparet fortel dei ikkje har eigne erfaringar frå overgangsprosessen for dei yngste borna, då dette er deira fyrste born. Dei fortel vidare at pedagogisk leiar delte erfaringar frå borna sin start i barnehagen der dei fekk fortalt *«at borna kan komme til å uttrykke at dei ikkje vil i barnehagen gjennom gråt i oppstarten, men at det heller ikkje er uvanleg at det ikkje skjer. Den pedagogiske leiaren sa også at borna som ikkje gret i oppstarten kan begynne å gråte seinare»* (C2). Her fortel informanten om erfaringar og opplevingar pedagogisk leiar har formidla frå tidlegare overgangsprosessar for dei yngste borna, der borna sine reaksjonar gjennom prosessen kan vere ulike. I samtalen som fylgjer fortel informantane at dei kjenner familiemedlemmer som med born i barnehage og gir uttrykk for at det sikkert også kjem til å gå bra med dei og. Om møtepunkta før borna startar seier (C1): *«At dei tek seg tida til heimebesøk og besøkskveld gjer no at ein kjenner seg litt tryggare»*. Informanten uttrykkjer at barnehagen si prioritering av å legge til rette for desse møtepunkta gjer at ein kjenner seg litt tryggare. Om å ta imot personale i heimen uttrykkjer foreldra at dei opplever heimen som ein

god arena for kommunikasjon mellom heim og barnehage og fortel: «*Heimebesøk er greitt for då kan vi kanskje seie meir enn ein ville sagt med alle dei andre borna og foreldra til stades..., og særleg om det skulle vere noko spesielt med barnet mm*» (C2). Her uttrykkjer informanten at heimebesøket gjer det lettare å ta opp og seie det ein ynskjer enn på arenaer der foreldre og born er saman, og at dette særskilt kan vere av betydning om ein har behov for å ta opp tema dei kan oppleve som vanskelege. Under datainnsamling 2 kjem ein inn på foreldremøte og kommunikasjon mellom heim og barnehage der C2 seier: «*Ynskjer ikkje vere den forelderen som alltid har eit spørsmål til og berre skal seier ein ting til. Du er redd for å bli sett på som den som dryer ut møte og vere den typen da (latter)*». Her uttrykkjer informanten ei oppleving av at der ligg nokre forventningar på kva som er innanfor å gjere for foreldre under foreldremøte, der ein kan tolke informanten dit at ein ikkje bør trekke ut møtetid ved å stille «private» spørsmål. I samtalen om kunnskapsdelinga mellom heim og barnehage reflekterer foreldra over tidspunktet for gjennomføringa av heimebesøket og peikar på informasjonen dei gav ikkje lenger er like gyldig og seier:

For no har han jo heilt andre rutinar med søvn og sånn da. Han et både meir og variert mat enn då så sånn sett så er den informasjonen vi gav då nesten utan nytte. Det er mykje som forandrar seg på to månader med han her [ler] (C2).

Her uttrykkjer C2 at informasjonen barnehagen fekk ikkje er like nyttig i samband med barnet sin start i barnehagen, då rutinane for deira barn har i stor grad har endra seg fram mot oppstart i barnehagen. Samstundes trekkjer informantane inn barnehagen sine rammer og peikar på at barnehagen nok ikkje har anledning til å gjennomføre heimebesøk nærare oppstart, då det skal avviklast ferie i barnehagen.

#### 4.2.4.4 Oppsummering

Resultat frå studien syner at foreldre si deltaking i møtepunkt mellom heim og barnehage varierte hjå foreldreinformantane. Samstundes syner resultat frå studien at alle informantane er samstemte og trekkjer fram heimebesøk og besøksdag som ein viktig forbindelse mellom heim og barnehage før borna startar i barnehagen. Nye foreldre seier at barnehagen si prioritering av møtepunkta heimebesøk og besøksettermiddag har gjort at ein kjenner seg tryggare på tida som kjem med borna sin start i barnehage. Foreldre trekkjer fram betydinga

av heimearenaen som møtestad og uttrykkjer at den gir gode forutsetningar for samtale mellom heim og barnehage, der foreldre framhevar at ein opplever denne arenaen som roleg og at ein kjenner seg meir fri til å spørje og ta opp det ein har behov for og særleg om ein har behov for å samtale om tema foreldre opplever som utfordrande. Besøksettermiddagen skil seg frå andre møtepunkt ved at foreldre synest nytte denne til å observere borna i samspel med personalet og slik gjere seg tankar om det som kan kome under borna sin start i barnehagen. Av kunnskap som synest vere av betydning for foreldre å få i forkant av borna sin start er barnehagen sine rutinar, kven som skal vere barnet sin primærkontakt og kven barnet skal vere på gruppe med. Der er eksempel på at foreldre forsøker tilpasse egne rutinar med barnehagen sine rutinar før borna startar i barnehagen, og at foreldre reflekterer over barnehagen og heimen sine rutinar og vurderer om der er behov for tilpassingar i forkant. Det vert peika på tida for gjennomføring av heimebesøk, då borna sine rutinar endrar seg fram mot barnehagestart. Ein ser og at tidlegare erfaringar og opplevingar synest påverke informantane sin inngang og forventning til borna sin start i barnehagen.

#### ***4.2.5 Personalet sine erfaringar og opplevingar av eigen praksis når borna startar i barnehagen***

Når ein møter personalet under datainnsamling 2 har det byrja ni born på avdelinga Solstova, der sju av dei er nye og dei tre borna som er med i studien har vore i barnehagen i vel seks veker. I løpet av hausten vil det byrje fire nye born til og gruppa vert då fulltalig med tolv born og fire personale. Personalinformantane har alle vore med på borna sin oppstart i barnehagen.

Alle informantane i fokusgruppeintervjuet gir uttrykk for at dei har hatt ein god start på barnehageåret. Informantane kjem inn på betydinga av gode rutinar for oppstarten, der assistenten seier «*Eg trivast kjempegodt og syns det har gått bra...så har vi gode rutinar... då vi veit kva vi skal gjere gjennom heile dagen... og det har no sikkert gjort at det er ganske stille og roleg*». Her uttrykkjer assistenten at ho trivast godt på avdeling Solstua og trekkjer fram betydinga av gode rutinar og det å ha kjennskap til arbeidsoppgåvene sine.

Rutinane personalet trekkjer fram er knytt til organiseringa av oppmøtetid for dei nye borna. Dei vektlegg betydinga av å fordele oppmøtetidspunkta for dei nye slik at ein har høve til å møte foreldre og born på ein god måte. Fagarbeidaren forklarar at det er «*viktig at ikkje alle*

*nye kjem klokka ni, men at ein faktisk set opp tider der ein klarer å ta imot og roe ned før den neste kjem».* Her peikar informanten på at ein treng tid til å ta imot foreldre og barn i denne tida og at det er viktig å oppnå ro på avdelinga før neste kjem.

I samtalen om rutinar knytt til mottaket av born og foreldre kjem dei inn på korleis dei løyser dette. Fagarbeidaren forklarar at han ofte set seg *«ned på huk for å sjå dei».* Her fortel informanten om korleis ho arbeider i møtet med borna og gjer seg tilgjengeleg for borna i denne situasjonen. Barnehagelæraren seier det er *«Viktig att vi sit på golvet saman med dei og er der utan å stresse. At vi har kontakt med barnet og ikkje berre med foreldra»* (Barnehagelærar). Her uttrykkjer informanten at dei i mottaket må hugse på å gjere seg tilgjengeleg for borna og ikkje berre foreldra. Om utfordringar som kan oppstå i mottakssituasjonen kjem, fortel pedagogisk leiar at ho då mellom anna brukar å spørje foreldra om dei syns det er greitt å gå frå barnet når dei står i slike situasjonar. I samanheng med dette seier pedagogisk leiar at det er viktig kva foreldra signaliserer av trygghet/utrygghet, då dette påverkar barnet si oppleving av situasjonen.

Om primærkontaktordninga seier pedagogisk leiar at kvar av personalet har tre primærborn og seier:

Vi er inndelt i små grupper med ein vaksne og tre born, der den vaksne er primærkontakt for sine bor. Primærkontakta har mest av den daglege kontakta med borna då dei sit saman under måltid, er saman under påkledning, stelling og legging så langt det går. Primærkontakt har og den daglege kontakta med foreldra så langt det går spesielt i starten no i innkøyringsperioden. Og så etter kvar som den vaksne er godt kjent med sine tre born så utvidar vi slik at vi blir kjent med alle og alle borna vert kjent med alle vaksne. Men at primærkontakta er ein trygg base for dei tre i starten (Pedagogisk leiar, 2016).

Om erfaringane med primærkontaktordninga fortel pedagogisk leiar at det er primærkontakta som har hovudansvaret for kommunikasjon med foreldre i oppstartsperioda og seier : *«På sikt skal jo eg ha kontakt med alle, men dei første dagane har vi lagt vekt på at det er primærkontakta som har hatt den daglege kontakta og kontakt med foreldra som spør».* I samtalen som fylgjer fortel personalet primærkontakta skriv i kommunikasjonsboka til borna kvar dag, medan foreldre ikkje har valt å skrive så mykje. I samanheng med dette fortel pedagogisk

leiar at ho har sagt til foreldra at dei kan skrive om dei har lyst og at dei ikkje krev at foreldra skal skrive i boka.

I samband med primærkontakta si rolle inn mot borna uttrykkjer personalet at dei prioriterer å være nær primærborna, der fagarbeidar seier:

Det viktigaste er at dei blir trygg her....både når dei skal legge seg på soverommet og alle dei andre timane dei er her. Då må vi vere i nærheita og tett på... så det er slik at pause det kan vi ta i september [latter] (Fagarbeidar, 2016).

Her peikar informanten på samanhengen mellom at dei er tett på og borna si trygghet gjennom aktivitetar gjennom heile dagen. Samstundes fortel informantane at dei kontinuerleg arbeider med å utvide kontaktflata slik at ein vert kjent med alle borna. Eit av argumenta dei trekkjer fram i denne samanhengen er betydinga av å bygge relasjon til alle barna og at borna etter kvart skal verte trygge nok til at alle i personalgruppa kan stelle, legge og ta imot borna om morgonen.

I samtalen kjem personalet ved fleire høve inn på betydinga av samarbeidet deira, der fagarbeidar seier : «*Det går nesten av seg sjølv...vi kjenner kvarandre så godt at vi ser det som må gjerast*». Ut frå utsegn til fagarbeidaren kan ein tenkje at det å ha arbeid saman over tid og kjenne kvarandre gjer det lettare å samarbeide om arbeidsoppgåvene. gjer det lettare å får til samarbeide om arbeidsoppgåvene. Betydinga av at dei fylgjer planen vert og trekt fram der dei uttrykkjer at dei fylgjer denne:

Ja vi er ganske «straight» på at vi held den same timeplanen kvar dag. Det kan hjelpe både små og store til at det vet forutsigbart og roleg på avdelinga. Vi er trygg på kvarandre og det merkar barna for eg trur dei sansar det (Fagarbeidar, 2016).

Her uttrykkjer fagarbeidaren at det vert forutsigbart og roleg på avdelinga når dei fylgjer timeplanen og at det tryggjar personalet og at dette har ein positiv verknad på borna.

Personalet fortel at dei i samband med bruken av roma tek utgangspunkt i gruppedelinga og at dei fordeler seg på roma både inne og ute og trekkjer fram betydinga av å vektlegge ro og tid

til barna i overgangssituasjonar gjennom dagen. Personalet fortel ein at dei har bilete av gruppa der dei har måltid og at dei kvar dag ser på bilete og inkluderer born som ikkje er komne eller ikkje er i barnehagen av andre grunnar.

Personalet uttrykkjer at det er variasjonar i borna sine behov og i kva grad foreldra har hatt høve til å vere saman med borna under oppstarten, der dei peikar på at arbeidssituasjon til føresette kan påverke moglegheitene til foreldre. Pedagogisk leiar seier «...for nokon born så er det knapt med tre dagar så dei kunne fått litt meir tid til det. Samstundes er det viktig at foreldra kan vere fleksible den første veka slik at borna ikkje har så lange dagar og får det best mogleg». Her uttrykkjer pedagogisk leiar at lengda på dagen borna er der i byrjinga og er ein faktor som er av betydning i oppstarten.

#### **4.2.6 Oppsummering**

Resultat frå studien syner at personalinformantane har erfart og opplevd ein positiv overgangsprosess under og etter borna sin start i barnehagen. Dei peikar på betydinga av gode planar, fylgje rutinane, samarbeid og informasjon mellom personalet. Skape ei roleg atmosfære når born og foreldre kjem, gjere seg tilgjengeleg for barnet, samtale med foreldre om det vert utfordringar, primærkontakt som fylgjer barnegruppe ein har ansvar for tett gjennom dagen og utvide relasjonane etter kvart som borna er klar.

#### **4.2.7 Foreldra om sine forventningar til borna sin oppstart i barnehagen og korleis dei opplevde at det gjekk av borna sin start i barnehagen**

Her presenterer ein forventningane foreldre har til borna sin start i barnehagen og korleis dei opplevde den. Foreldrepara si forteljing vert presentert kvar for seg for å ta omsyn til tidsperspektiv før og etter.

##### **4.2.7.1 Foreldrepara A om forventningar til barnet sin start i barnehagen og korleis dei opplevde det gjekk**

Om forventningar til oppstart i barnehagen denne gongen seier A1: «Det gjekk så godt med første mann så eg trur det går minst like bra no med den yngste». Analysen av samtalen syner at informanten trekkjer fram moglegheitene som ligg i barnehagelivet og fortel at dei har stor familie som gjer at deira yngste er vant til å være saman med mange andre og seier «så eg ser



*at ho trivast veldig godt med å være i lag med folk så det trur eg vert kjempebra» (A1). Om endringar i rutineane ved start i barnehagen trekkjer informanten fram soverutinane og seier: «Det er no berre ein dupp det skal vere i barnehagen og heime brukar ho/han enten sove ein eller to gongar. Så då vert det kanskje ein dupp i staden for to, men det og trur eg går bra» (A1). Informanten reflekterer her over «heimerutinar» og «barnehagerutinar», og uttrykkjer at ein trur denne overgangen går bra sjølv om der er skilnader i rutinar mellom heim og barnehage. Analysen syner at informanten fleire gongar uttrykkjer tillit til Veslebakken barnehagen og personalet. Eit eksempel er knytt til organisering i oppstarten: «Det viktigaste er at personalet har tid til ho og har rutinar. At personalet har tida til dei så dei ikkje vert stressa er viktig for om det vert for lite personale vert det fort uro. MEN det inntrykket har eg ikkje her» (A1). Informanten kjem og inn på eiga rolle i «Ja viktig at vi som foreldre og tek oss tida når vi kjem for å hente og ikkje berre flyg av garde igjen er viktig. Ofte eg set meg ned med resten av barna og det er veldig koseleg faktisk». Om deira deltaking under oppstartsdagane seier informanten at dei enno ikkje veit korleis dei skal fylgje opp barnet dei første dagane i barnehagen, då det er uklart kva permisjon A1 vil få og A2 skal ta til i ny stilling.*

#### 4.2.7.2 Foreldrepar A om korleis dei opplevde barnet sin start i barnehagen

Foreldra fortel at barnet sin start samsvarte med forventningane og seier:

*Nei det har no gått slik som vi trudde då. Det gjekk veldig godt og bornet stortrivest. Ho/han vil i barnehagen kvar dag og det er lett å levere. Det er aldri noko skriking og når vi kjem i barnehagen skal ho opp i hendene til personalet med ein gong. At der er mange barn og vaksne og mykje action er ypparleg for ho/han og ho/han trivest veldig godt (A2, 2016).*

Her trekkjer informanten fram at dei opplevde at barnet fekk ein god start i barnehagen og at det trivast med å være saman med dei andre borna og personalet, samt alle aktivitetane på avdeling Solstova. Ein kan tolke informanten som at dei opplever at barnet har knytt seg til personalet og meistrar avskjeden med dei utan gråt. I samband med dei første dagane barnet var i barnehagen fortel foreldra dei ikkje hadde høve til å vere der meir enn tre dagar, men at dette gjekk bra då barnet synest å trivast i barnehagen frå første stund. Foreldra fortel at grunnen til at dei ikkje kunne ta del så mange dagar var knytt til arbeidstilhøve, der A2 var i

opplæring i samband med ny jobb og A1 ikkje fekk meir enn ein dag permisjon med arbeidsgjevar. Samstundes i denne samtalen trekkjer foreldra fram at dei har forsøkt å gje barnet korte dagar. I samtalen uttrykkjer dei betydinga miljøet og avdelinga si organisering av oppstarten har hatt å seie for deira oppleving. Dei løftar fram kor positivt det er at der ikkje er for mange barn per primærkontakt, at dei opplever avdelinga som stille og roleg samt at avdelinga ligg for seg sjølv og skjerna frå storbarnsavdelingane. Foreldra trekkjer fram kommunikasjonsboka og seier at det er kjekt å få eit innblikk i dagen til barnet og kva dei har gjort og seier: *«Ikkje sikkert ein har tid til eller der er fleire som hentar på same tid og då er det veldig greitt at ein kan sjå i boka kva dei har gjort når vi kjem heim»* (A2).

#### 4.2.7.3 Foreldrepar B om forventningar til barnet sin start i barnehagen og oppleving av korleis det gjekk

Foreldrepar B uttrykkjer ei viss spenning knytt til oppstart i barnehagen og seier *«Vi trur kanskje det kjem til å bli litt lettare denne gongen...kanskje han er litt meir sosial og utadvent han minste»* (B1). Her uttrykkjer informanten at overgangsprosessen kan erfarast og opplevast annleis med ulike born. Om kva endringar dei forventar fylgjer med overgangen frå heim til barnehage for barnet trekkjer foreldra det å skulle forhalda seg til nye barn og vaksne, samt endringar i rutinar knytt til mellom anna søvn. Sjølv om foreldra uttrykkjer at dei er førebudd på utfordringar som fylgjer med desse endringane kjem dei og inn på moglegheitene som ligg barnehagemiljøet og seier:

Du utvidar jo kontaktsirkelen eller bekjentskapsirkelen når du startar i barnehagen, så det er klart han/ho må jo venne seg til det. Han/ho er ikkje så vant til å vere saman med så mange barn og så vert det jo og mange vaksne han/ho skal vere i lag med så det blir jo ein overgang (B1, 2016).

B2 seier *«men det blir spennande å sjå korleis han taklar å vere saman med så mange andre så lenge»*. I refleksjonane over kva dei forventar av personalet seier B1 *«Viktig at han føler det er trygt i barnehagen og at dei forhåpentlegvis stimulerer ut frå interessene han har for det brukar gå lettare då. Om dei får til dette i oppstarten så trur eg han fortare kjem over separasjonen frå oss»*. Samstundes trekkjer foreldra fram eiga rolle og seier at dei vil forsøkje å endre sine rutinar og slik tilpasse seg barnehagen sine rutinar og seier at informasjonen dei har fått frå barnehagen har gitt dei moglegheit til å tilpasse heimerutinane med

barnehagerutinane «*Ja dei legg litt seinare på dagen så vi har prøvd å strekke det litt no og det er greitt å vite slike ting*» (B2). B svarar at dei tenkjer å fylgje barnet kvar sine dagar og framhevar at ein må sjå korleis det går og tilpasse deretter. Om lengd på dag seier dei at dei vil forsøkje å unngå at det vert for lange dagar den første tida og peikar på å gjere gode avtaler med primærkontakt og gode rutinar ved avskjed om morgonen.

#### 4.2.7.4 Foreldrepar B om korleis dei opplevde barnet sin start i barnehagen

Foreldra seier at barnet trivast godt i barnehagen og at dei opplevde at barnet sin start i barnehagen gjekk bra sjølv om det var nokon utfordringar i byrjinga og seier:

Som eg forventa var det litt separasjonsgråt til å begynne med, men når det vert fylgt opp godt og personalet kjem deg i møte ved å kome ut i gangen i tek imot med meir... ja så kan du vinke. Dette skaper trygghet og då vert det jo bra til slutt og det vart det med han og- så det har gått veldig bra det har det (B1, 2016).

Her fortel informanten at dei hadde forventa ein reaksjon hjå barnet, men at samarbeidet med personalet var av betydning for korleis det gjekk. Samarbeidet informanten trekkjer fram her er knytt til rutinane ein har ved mottak om morgonen, og informanten peikar på betydninga av å verte møtt av personalet når dei kom om morgonen. I samanheng med denne situasjonen trekkjer foreldra inn eiga rolle i førebuingane til barnet sin start i barnehagen og seier :

Vi har no vore opptekne av å informere personalet om at dei må vere der når vi kjem ved levering, kome oss i møte og ta imot han på ein god måte. Sidan vi hadde med oss den erfaringa frå før så vi har snakka litt med dei om det. Vi er opptatt av det for ein best mogleg start (B2, 2016).

Informanten seier her at dei informerte personalet om dei tidlegare erfaringane og at for dei som foreldre var opptekne av ein god mottakssituasjon i barnehagen. Analyse av samtalen syner at foreldra ved fleire høve trekkjer fram barnehagane si organisering knytt til oppstart i barnehage og personalet sine haldningar og handlingar, og samanliknar det med tidlegare erfaringar og opplevingar og seier:

Eg har tenkt på det mange gongar at det hadde vore annleis om vår eldste hadde begynt i denne barnehagen først. Sjølv om han er ein meir forsiktig

person tenkjer eg det ville blitt annleis enn i den andre barnehagen. Annleis fordi dei har eit betre opplegg her og eit heilt anna personale som ser. Måten barnet har blitt møtt på har vore av betydning for korleis det har opplevd oppstarten og korleis det utvikla seg (B2, 2016).

Foreldrepar B fortel at dei var saman med barnet dei første fire dagane og leverte barnet den femte dagen utan å sette av tid til å vere saman med barnet i barnehagen. Samstundes peikar dei på at så langt det er råd forsøker å organisere seg slik at barnet får korte dagar i barnehagen.

Foreldra fortel at dei set pris på kommunikasjonsboka og uttrykkjer at dei er særns nøgd med det faglege opplegget på avdeling Solstova og B2 seier «*Dei virka veldig grundig syns eg ser på planane og kva som kjem ut veka før*», der B1 fylgjer opp «*Ja artig å sjå kva tema dei har og det står så grundig og bra. Ja ein vil no vite kva dei driv med og ha mest mogleg informasjon då (ler) det blir på ein måte aldri nok informasjon og i alle fall på individnivå er det utømmelig (ler)*». Her seier informanten vidare at det er meir enn praktiske ting som soving og lignande dei ynskjer informasjon om og seier :er særns viktig å få informasjon om og seier : «*... ein får jo ikkje sett så mykje av det sosial samspelet i barnehagen. Ein kan no prøve å stå og spioner litt når ein kjem for å hente, men ein blir no fort oppdaga veit du (latter)*» (B1).

Analyse av samtalen syner at ein ved fleire høve kjem tilbake til at born er ulike og at dei difor vil kunne ha behov for ulik oppfylgning.

#### 4.2.7.5 Foreldrepar C om forventningar til barnet sin start i barnehagen og korleis dei opplevde det gjekk

Foreldrepar C gir uttrykk for at dei er spent, men at dei trur det vil gå bra. «*Eg er no spent på korleis det går men trur det skal gå bra ja*» (C1), der C2 fylgjer opp og seier: «*Ja det går no bra med alle andre så da går det vel bra med oss og håpa eg*». Som synt tidlegare har foreldra trekt fram erfaringar delt av pedagogisk leiar og familie har til dei yngste barna sin overgang frå heim til barnehagen. Foreldra fortel at dei begge har høve til å bruke god tid på tilvenningsperioda, då dei har permisjon og ferie i denne. Dei har tenkt at dei begge skal vere med den første dagen og vere saman med barnet i barnehagen og at dei vil sjå an korleis det går dei neste dagane før dei avgjer noko C2 seier «*Men ein vil jo helst prøve å kome inn i*

*vanlege rutinar som kjem til å komme når vi skal begynne i arbeid. For då vil vi ikkje ha moglegheit til å komme og hente han».*

#### 4.2.7.6 Foreldrepar C om korleis dei opplevde barnet sin start i barnehagen

C2 fortel om ein oppstart i barnehagen som gjekk veldig fint for barnet, men som vart utfordrande for han/ho:

Det vart jo verst for meg då. Eg starta å gråte dagen før oppstart og fortsette den dagen han byrja og dagen etter, så ja.... eg hadde ein sånn tre dagars tilvenning eg då [latter] ... Mens han... , han tok det heilt fint han [latter] (C2, 2016).

Her formidlar informanten at starten i barnehagen vart utfordrande for hennar/hans del og i samtalen som fylgjer seier ho/han at C1 vart den som fylgde barnet i barnehagen dei neste dagane, då ho ynskte å unngå at det skulle verte vanskeleg for barnet om ho vart med når ho hadde det slik.

Om barnet sin start i barnehagen fortel dei om eit barnet som synest å trivast frå byrjinga og ikkje har reagert med gråt verken i byrjinga eller no i etterkant. I refleksjonane over oppstarten uttrykkjast tankar om betydninga av å gå i barnehage og C2 seier: *Å begynne i barnehagen er ein stor overgang, men eg opplevde att det var godt for han å begynne i barnehagen og få vere meir i lag med andre vaksne og andre barn. Eg trur det var riktig å sende han i barnehagen - det følte eg».*

I forteljinga om barnet som trivast gir dei samstundes uttrykk for at barnet er meir sliten enn før men at det er naturleg å forvente: *Han blir jo meir sliten til lenger dagar ein har, men det blir ein jo når det er mykje som skjer rundt ein som skjer der heile tida* (C2). C2 trekker fram at han er komen lenger i den sosiale- og språklege utviklinga og er blitt meir engasjert i leiker etter han byrja i barnehagen. I samanheng med dette vert personalet si rolle i å leike saman med barnet trekt fram og C2 seier:

Han har blitt meir generelt meir interessert i leiker enn før, å dei er kanskje flinkare til å leike med leiker enn eg har vore då. Og så er han litt meir forsiktig enn før når han er saman med andre barn. Før så kunne han ta tak og

rive i dei andre barna, medan han no er det meir forsiktig, så da har han nok lært seg å ta litt omsyn (C2).

I samtalen uttrykkjer undring over korleis personalet får til soverutinane «*Eg er jo kjempeoverraska over soverutinane der dei legg alle barna inne på eitt rom. Her er det no tolv barn på det meste som skal sove i lag og det har gått fint utruleg nok. Ja eg veit ikkje kva dei gjer eg, men dei kan jo det*».

Om eigen situasjon trekkjer C2 fram at støtta som kom frå andre foreldre ved at dei sa at dei også hadde hatt det vanskeleg og seier : *Ja då følte eg det var greitt at eg reagerte slik*. I forteljinga om barnet som trivast gir dei uttrykk for at barnet er meir sliten enn før og seier *Han blir jo meir sliten til lenger dagar ein har, men det blir ein jo når det er mykje som skjer rundt ein* « *som skjer der heile tida* (C2).

Foreldrepar C fortel at dei hadde høve til å vere saman med barnet over lengre tid enn dei gjorde, då dei framleis hadde omsorgspermisjon og ferie i denne perioden. Foreldra fortel at det for barnet vart ein overgang uttrykkjer at barnet trivdas så godt i barnehagen og at dei difor valde å la barnet vere åleine i barnehagen etter kort tid. Under intervjuet hentar informanten kommunikasjonsboka og uttrykker begeistring for denne, og les opp eksempel der primærkontakt formidla barnet sine opplevingar i barnehagen og seier:

Det er litt morosamt for eg kan sjå han for meg at han eigentleg er ein sånn ja kva skal eg seie eg oppfattar han som en sånn tenkande då og så ser eg dei skriv at han satt lenge og studerte eit blad og då ser eg han for meg og skjønar (latter). Så det er litt godt å sjå at det er samanheng med slik eg opplever han heime og slik han er i barnehagen (C2).

Informanten fortel at kommunikasjonsboka har vore nyttig for dei i samband med mottak om morgonen og C2 seier: « *... i vert fall når vi har det litt travelt om morgonen når oss levere då er det greitt å skrive i den. Eg veit dei kjem til å lese den i løpet av dagen*». Informanten fortel at arbeidstida gjer at dei har kort tid til å levere, då der er kort tid mellom barnehagen si opningstid og dei må vere komne på arbeid.


#### 4.2.7.7 Oppsummering

Foreldra sine forteljingar ber preg av positive erfaringar og opplevingar av barna sin oppstart i barnehagen og at barna no trivast i barnehagen. Også i møtet med utfordringar fortel foreldra om positive erfaringar og opplevingar knytt til korleis desse utfordringane vart løyst.

Gjennom foreldra sine forteljingar kan ein sjå samanheng med avdelinga sin praksis under denne delen av overgangsprosessen og kvifor dei har sit att med gode erfaringar og opplevingar. Dei delane av praksis som foreldra trekkjer fram er knytt til avdelinga si organisering av personale og barn, informasjonsflyt, personalet sine haldningar og handlingar, samt personalet si evne til å samarbeide med kvarandre.

#### 4.2.7.8 Oppsummering av praksis for overgangsprosessen før, under og etter borna sin oppstart i barnehagen og informantane sine erfaringar og opplevingar av denne

I modell 2 vert det presentert ei skjematisk framstilling av Veslebakken barnehagen og avdeling Solstua sin praksis som syner progresjonen gjennom overgangsprosessen sine fasar før-under-etter dei yngste borna sin start i barnehagen.



*Modell 2 Skjematisk framstilling av Veslebakken barnehagen og avdeling Solstua sin praksis som syner progresjonen gjennom overgangsprosessen sine fasar før-under-etter dei yngste borna sin start i barnehagen.*

Resultatet frå studien syner at Veslebakken barnehage og avdeling Solstova i sin praksis legg til rette for å involvere foreldre, personale og barn gjennom forbindelsar og prosessar i overgangsprosessen sine tre fasar før-under-etter. I fasen før borna startar i barnehagen legg Veslebakken barnehage og avdeling Solstova til rette for kommunikasjon mellom heim og barnehage og gir foreldre eit tilbod om delta i tre møtepunkt mellom heim og barnehage før borna startar i barnehagen. Kunnskapsdeling mellom heim og barnehage legg vekt på at foreldre, personale og born får kunnskap om kvarandre sine arenaer slik at både heim og barnehage kan førebu seg på og planlegge borna sin start i barnehagen. Avdeling Solstova lagar ein plan for oppstarten som dei fylgjer, samt rutinar dei har for borna sin start i barnehagen som vektlegg primærkontakt med fast gruppe av born, fleksibilitet tal dagar foreldre deltek i tilvenningsperioda og eit nært samarbeid mellom primærkontakt og foreldre.



## 5 DRØFTING

I dette kapittelet vert det sett på resultat frå datamaterialet i lys av teori, tidlegare forskning og samfunnsmandatet som er representert i kunnskapsgrunnlaget i kapittel 2. Drøftinga tek utgangspunkt i modell 2 presentert i kapittel 4.2.7.8 som syner Veslebakken barnehagen og avdeling Solstova sin praksis som syner progresjonen gjennom overgangsprosessen sine fasar før-under-etter dei yngste borna sin start i barnehagen.

For å drøfte problemstillinga: *Kva er barnehagen sin praksis for overgangsprosessen for dei små borna og korleis erfarer og opplever foreldra og personalet denne?* blir dei fire forskingsspørsmåla knytt til problemstillinga, svara på kvar for seg. Forskingsspørsmåla kan kvar for seg og saman gje kunnskap og forståing for studien si problemstilling. I kunnskapsgrunnlaget i kapittel 2 har ein sagt at i denne studien blir det lagt omfattande vekt på den bioøkologiske modellen av Bronfenbrenner (1979, 2005). Når ein drøftar resultat frå det empiriske datamaterialet som viser korleis foreldre og personale erfarer og opplever praksisen knytt til overgangsprosessar, vil ein difor søkje å ta omsyn til dette perspektivet.

### **5.1.1 Forskingsspørsmål 1 : *Kva er barnehagen sin praksis for overgangsprosessen mellom heim og barnehage for dei små borna***

Modell 2 (kapittel 4.2.7.8) gir ei skjematisk framstilling av Veslebakken barnehagen og avdeling Solstova sin praksis som syner progresjonen gjennom overgangsprosessen sine fasar før-under-etter dei yngste borna sin start i barnehagen. Analyser av praksis i overgangsprosessen syner at den tek inneheld tidsperspektiv og fasar, brubygging gjennom forbindelsar og prosessar, tilrettelegging for foreldresamarbeid og relasjonsbygging.

5.1.1.1 Ein praksis som tek omsyn til overgangsprosessen sine fasar før-under-etter Resultat frå studien syner at barnehagen sin praksis for overgangsprosessen mellom heim og barnehage legg til rette for *forbindelsar og prosessar* mellom heim og barnehage *før, under og etter borna sin start i barnehagen*. Å knytte overgangar til eit tidsforløp i form av før, under og etter vert også understreka av Wilder og Lillvist (2017). I lys av dette perspektivet på overgangsprosessen kan ein seie at Veslebakken barnehage sin praksis for overgangsprosessen tek omsyn til tidsaspektet før-under-etter, der dei involverer foreldre og

born i overgangsprosessen før borna startar i barnehagen. Mesosystemet omfattar i fylgje Bronfenbrenner (1979) forbindelsar og prosessar mellom dei ulike miljøa eller arena barnet deltek i, der mesosystemet vert forma eller utvida når ein går inn i den nye settinga. I lys av denne teorien kan ein seie at Veslebakken barnehage sin praksis legg til rette for å forme og utvide mesosystemet for «nye barnehageforeldre» og «erfarne barnehageforeldre».

#### 5.1.1.2 Ein praksis som byggjer bru mellom heim og barnehage gjennom forbindelsar og prosessar

Forbindelsane og prosessen mellom heim og barnehage før borna startar i barnehagen er foreldremøte, heimebesøk med oppstartssamtale og besøksettermiddag i barnehagen. I tillegg sender barnehagen ut skriftleg kommunikasjon mellom heim og barnehage, der det er lagt vekt på informasjonsutveksling før oppstart i barnehagen. Desse forbindelsane mellom heim og barnehage samsvarar med Bronfenbrenner (1979) sine grunnleggande forbindelsar mellom heim og barnehage som han seier er *deltaking* i begge settingar, *kommunikasjon* mellom heim og barnehage og *kunnskap om den andre*. Kunnskap i denne samanhengen er i fylgje Bronfenbrenner (1979) informasjon eller erfaringar som eksisterer mellom i den eine settinga om den andre og som ein kan få gjennom kommunikasjon mellom heim og barnehage. I lys av denne teorien kan ein seie at forbindelsane Veslebakken barnehage legg til rett for før borna startar i barnehagen, gir heim og barnehage moglegheit til å få *kunnskap om kvarandre*.

I fylgje den norske studien om norske barnehagar sine rutinar for oppstart i barnehage (Drugli et al., 2017) brukar halvparten av dei som deltok i undersøkinga å ha foreldremøte for nye foreldre før borna startar i barnehagen, medan neste alle inviterte foreldre og born til å besøke barnehagen før oppstart. Sett i samanheng med denne studien kan ein seie at Veslebakken barnehage og avdeling Solstova høyrer til fleirtalet av barnehagar i Norge som har besøk av foreldre og born, samt som foreldremøte for nye foreldre før oppstart. Nesten alle barnehagane som deltok i undersøkinga til Drugli et al. (2017) melder dei har oppstartssamtale med foreldre i løpet av den første tida etter at borna har starta, medan under to prosent har heimebesøk i samband med borna sin start i barnehagen. I kontrast kan ein seie at Veslebakken barnehage og avdeling Solstova skil seg ut då dei har heimebesøk samt oppstartssamtale før borna startar i barnehagen.

### 5.1.1.3 Ein praksis som legg til rette for samarbeid med foreldre om oppstarten

Avdeling Solstova sine rutinar for borna sin start i barnehagen legg til rette for fleksibilitet med omsyn til tal dagar foreldre er saman med borna under oppstarten. Primærkontakt samarbeider med foreldra om «tilvenningsdagane». Analyser syner at personalet den første tida legg dei til rette for ein *progresjon* der foreldra i byrjinga er saman med barnet i barnehagen, for så å la barnet vere åleine saman med primærkontakta utan at foreldra er på avdelinga eit par timar og til slutt let barnet vere åleine med primærkontakta over tid. Personalet legg vekt på å ta omsyn til borna sine behov, samstundes som ein er merksam på foreldra sine moglegheiter i samband med arbeidssituasjon og liknande.

Om overgangar når barnet begynner i barnehagen står det i rammeplan for barnehagar:

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørgje for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrsløse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære (Kunnskapsdepartementet, 2017, Overgangar).

Her peikar rammeplanen på at barnehagen skal samarbeide med foreldra om borna sin start i barnehagen, og legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Sett i samanheng med dette kan ein seie at barnehagen sin praksis med fleksibilitet på tal dagar foreldra er saman med barnet i barnehagen og samarbeid melom heim og barnehage med vekt på borna sitt behov legg til rette for å fylgje rammeplanen si vektlegging av eit samarbeid til barnets beste gjennom progresjon som tek omsyn til borna sine behov og foreldre sin situasjon.

Om overgangsprosessen når borna startar i barnehagen fortel personalet at dei har ein plan som syner organisering av tid, rom, personale og born, der primærkontakt har si faste gruppe med born som primærkontakta fylgjer tett gjennom barnehagedagen. I samband med rammeplanen som peikar på at personalet skal sørgje for tett oppfølging den første tida kan ein seie at avdeling Solstova sin praksis der primærkontakta fylgjer si gruppe med «primærborn» legg til rette for ei organisering av tid og rom der primærkontakt har moglegheit til eit pedagogisk arbeid som gir borna tid til å verte kjent, etablere relasjonar og

knyte seg til personalet og til andre born slik at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.

Drugli et al. (2017) finn i si undersøking i norske barnehagar at med omsyn til rutinar for borna sin start i barnehagen er det vel halvparten som hadde fleksibel ordning med foreldredeltaking i oppstarten. Det tyder å fortløpande vurdere kor mange dagar borna treng å ha foreldre til stades. Vel ein tredjedel av barnehagane hadde primærkontaktmodell som fast ordning og seksti prosent barnehagane i oppstartsfasen. I lys av dette kan ein seie at avdeling Solstova høyrer til den tredjedelen som nyttar primærkontakt som fast ordning, men undersøkinga til Drugli seier ikkje noko om kor tett primærkontaktene følger barna. Denne studien finn at avdeling Solstova si organisering av dagen er samordna med primærkontakt og i tillegg ei fast gruppe av born slik at borna vert fylgt tett av primærkontakt gjennom store delar av barnehagedagen.

Samla sett legg Veslebakken barnehage avdeling Solbakken til rette for omfattande kontakt mellom foreldre, barn og personale gjennom heile overgangsprosessen. Både før, under og etter oppstart i barnehagen blir det gitt høve til samspel og gjensidig påverknad. Sameroff sin modell (sjå kap. 2) peiker på at både individet og miljøet endrar seg gjennom gjensidig påverknad. Individet er på ulike tidspunkt på ei tidslinje og er eit resultat av si tidlegare utvikling og nye påverknader frå miljøet, medan miljøet er eit resultat av eksisterande eigenskapar og nye påverknader frå individet (Sameroff, 2009). Dette opnar opp for å sjå på overgangsprosessen som ein dynamisk prosess. Kontakt før barnet startar i barnehagen kan påverke det som skjer under og etter oppstart.

### ***5.1.2 Forskingsspørsmål 2: Kva er personalet og foreldre sine erfaringar og opplevingar med barnehagen sin praksis for overgangsprosessen før borna startar i barnehage?***

Med utgangspunkt i møtepunkta for å lette oppstarten vil ein no drøfte personalet og foreldre sine erfaringar og opplevingar med Veslebakken barnehagen sin praksis for overgangsprosessen før borna startar i barnehagen.

Analysen viser at foreldreinformantane hadde ulike erfaringar frå tidlegare overgangsprossar for små born, der informantane A og B hadde tidlegare erfaringar frå oppstart med deira eldste born, medan informant C ikkje hadde tidlegare erfaringar, då dette er deira første born. Informant A fortalde om gode overgangar og Informant B som fortalde

om både gode og utfordrande overgangar. Personalet hadde alle erfaringar frå tidlegare overgangsprosessar og fortalde om positive overgangar i samband med Veslebakken barnehagen og avdeling Solstova sin praksis for overgangsprosess for små born. Rosenkoetter et al. (1994, s.5) peikar på betydinga av å erfare og oppleve gode overgangar: «Successfully completion of early transition can promote confidence and encourage success with later transition». I lys av dette kan ein seie at dei tidlegare erfaringane og opplevingane foreldre hadde med seg før denne overgangen vil kunne vere av betyding for erfaringane og opplevingane av overgangsprosessen denne studien undersøker. Det er også mogleg at dei gode erfaringane som foreldre opplever, er noko som blir tatt med inn i det vidare samarbeidet etter at barnet har begynt i barnehagen.

#### 5.1.2.1 Møtepunkt mellom heim og barnehage før oppstart

Studien finn at alle informantane trekkjer fram og er samstemte i at heimebesøk og besøksdag er viktige forbindelser mellom heim og barnehage før borna startar i barnehagen.

Bronfenbrenner (1979) peikar på at deltaking i begge settingar er den mest sentrale samanbindinga mellom heim og barnehage og viser til at det her kan oppstå primære og sekundære lenker. Barnet som deltek i barnehage og heim vert den *primære lenkja* og pedagogen som besøker heimen og eller foreldre som besøker barnehage vert den *sekundære lenkja*. I lys av denne teorien kan ein seie at heimebesøk og besøksettermiddag synest styrke samanbindinga mellom heim og barnehage før borna sin start i barnehagen. Dette samsvarar med tidlegare forskning på overgangsprosessar for små born, der resultat frå studien «Barnet i Centrum» synte at ein av faktorane for ein god oppstart var at pedagogane besøker barnet heime. Det å starte overgangsprosessen før barnet startar i barnehagen, der barnet besøker barnehagen ein gong i veka over tid, er ein god måte å ta imot dei små borna i barnehagen på (Hansen, 2016). I lys av denne forskinga ser ein at Veslebakken barnehage sine møtepunkt i stor grad legg til rette for forbindelsar og prosessar mellom foreldre og personale før borna sin start i barnehagen. Både foreldre og personale har erfart og opplevd at møtepunkta er av betyding for både foreldre og personale gjennom at dei får kjennskap til kvarandre og kunnskap om kvarandre sitt miljø. Analysen viser at møtepunkta mellom heim og barnehage vart ei kjelde til å førebuing og til planlegging av borna sin start i barnehagen. Som synt tidlegare er kunnskap om kvarandre ein grunnleggande forbindelse mellom heim og

barnehage som ein får gjennom kommunikasjon mellom heim og barnehage (Bronfenbrenner, 1979).

#### 5.1.2.2 Heimebesøk og oppstartssamtale mellom foreldre og pedagogisk leiar

Foreldre uttrykkjer at heimebesøket er ein god arena for å dele informasjon og ta opp tema dei har behov for å samtale om før borna startar i barnehagen. Tema foreldre opplever som private og vanskelege å snakke om kjennest lettare å ta opp på heimearena. Tidlegare forskning syner at heimebesøk og forståing for kva som kan hindre foreldre i å samarbeide kan vere moment som *fremmar samarbeid* (Nordahl & Drugli, 2016). I lys av dette kan ein seie at heimebesøk i seg sjølv kan fremme samarbeid mellom heim og barnehage, samstundes som pedagogisk leiar kan få ei større forståing for foreldre som kan hjelpe ein i samarbeid. Dette samsvarer med pedagogisk leiar sine erfaringar og opplevingar av at samtalar med foreldre på deira heimearena synest gjere det lettare for foreldre å ta opp tema dei opplever som private og vanskelege å ta opp. Pedagogisk leiar gir foreldre tilbod om ein oppstartssamtale, der dei som tek imot besøk heime har denne samtalen i samband med denne.

I kontrast syner norske barnehagar sine rutinar for oppstart i barnehage at nesten ingen gir eit tilbod om heimebesøk. Sjølv om fleirtalet av barnehagane gjennomfører samtaler med foreldre, vert dei vanlegvis gjennomført etter at borna har starta i barnehagen (Drugli et al., 2017). Veslebakken barnehage skil seg såleis frå fleirtalet av norske barnehagar ved at dei gir eit tilbod om heimebesøk og oppstartssamtale før borna sin start i barnehagen.

#### 5.1.2.3 Besøksettermiddag

Studien finn at foreldre og personale erfarer og opplever at det kan etablerst relasjonar mellom born og personale under besøksettermiddagen. Ein relasjon oppstår når ein person i ein setting gir merksemd til eller deltek i ein aktivitet til den andre (Bronfenbrenner 1979, s. 56). Bronfenbrenner (1979) peikar og på at ein kan ha forbindande dyader og seier at desse oppstår i kvar setting som involverer ein forbindande person, noko eg tolkar som at foreldra som vert involvert i barnehagen og barnehagepersonale som vert involvert i heimen vert *forbindande dyade*. Besøksettermiddagen gir dei høve til å starte relasjonsarbeidet med borna og med betre kjennskap til borna etter møtet kan dei betre førebu oppstarten.

Analyse syner at pedagogisk leiar under besøksettermiddagen observerer barna og begynner planlegginga på korleis sette saman personale og barnegruppe komande barnehageår. Dette kan ein sjå i samanheng med sensitiv og responsiv åtferd hos personalet i samhandling med barna. Dette er faktorar som ifølge Smith (2017) fremjar trygg tilknytning, og som er viktig både overfor det enkelte barnet og barnegruppa (Ahnert et al., 2006).

#### 5.1.2.4 Etablering av samarbeid

Analyse av studien syner at foreldre si deltaking i møtepunkt mellom heim og barnehage varierte hjå foreldreinformantane. Dette kan ha ein samanheng med personalet sine opplevingar av at foreldre har ulike behov i samband med oppstart i barnehage, der dei peikar på at ein særskilt må tenkje på foreldre som ikkje har erfaringar frå før og behovet dei har for kjennskap til barnehagelivet og overgangsprosessen ved inngangen til barnehagelivet saman med sitt første barn. Bronfenbrenner (2005) og Sameroff (2009) vektlegg betydinga av korleis individ og omgjevnader påverkar kvarandre over tid. I lys av dette kan ein seie at Veslebakken barnehage og personale på avdeling Solstova gjennom sitt samarbeid med foreldre før borna startar i barnehagen har meistra å involver nye foreldre, gitt rom for å avklare forventningar etter behov og slik gitt foreldre ei oppleving av positiv kontakt med barnehagen som vil vere av betyding for vidare samarbeid om overgangsprosessen og opplevinga av denne. Analysen syner at foreldreinformantane alle er samstemte i at praksisen og personalet sine haldningar er av betyding før samarbeidet og særleg i etableringsfasen før barna startar i barnehagen.

Dette samsvarar med forskning (Nordahl og Drugli, 2016) som syner at personalet sine haldningar er viktig for kvaliteten på samarbeidet. For å fremme foreldresamarbeid er det viktig med *foreldreinvolvering, avklaring av forventningar og positiv kontakt*. I lys av dette kan ein seie at barnehagen sin praksis, i denne studien, med møtepunkt og kommunikasjon mellom heim og barnehage, legg til rette for å kunne *etablere eit samarbeid* med «nye» foreldre og *vidareføre etablert samarbeid* med «gamle» foreldre tidleg i overgangsprosessen.

#### 5.1.2.5 Førebuing til borna sin start i barnehagen

Resultat frå studien syner at personalet har erfart og opplevd at praksis med heim-barnehage samarbeid før borna startar er av betyding før borna sin start samstundes som kunnskapen dei har fått gjennom prosessen nyttast i det pedagogiske arbeidet med å organisere og førebu

borna sin start i barnehagen. Kjennskap til foreldra sine behov synest også å være av betydning i avdelinga sitt arbeidet med å legge til rette og tilpasse relasjonar og aktivitetar i overgangsprosessen. I lys av dette kan ein seie at Veslebakken barnehagen sin praksis gjennom møtepunkt og kommunikasjon mellom heim og barnehage før borna startar i barnehagen legg til rette for forbindelsar og prosessar som gjer det mogleg å *samarbeide med foreldre om borna sin start i barnehagen, samt tilpasse plan og rutinar på avdelinga* slik at dei tek omsyn til borna sine behov. Dette samsvarar med Rammeplan for barnehagen (2017) som seier at barnehagen skal samarbeide med foreldre om barnet sin oppstart i barnehagen:

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn (Rammeplan, 2017, Overgang).

Analyse av studien syner at foreldre også reflekterer over barnehagen sine rutinar og eigne rutinar i samband med overgangen dette fører med seg for borna når dei byrjar i barnehagen. Eksempel på dette er foreldre som søker tilpasse eigne rutinar til barnehagen sine før barnehagestart. I lys av dette kan ein seie at også foreldre synest vere opptekne av å legge til rette for borna sin start i barnehagen ved å tilpasse eigne rutinar og at dette forutset kunnskap om barnehagen. Om betydninga av foreldresamarbeid seier Nordahl og Drugli (2016) at eit foreldresamarbeid mellom arenaene påverkar barnet si fungering og utvikling. Begge arenaene får moglegheit til å påverke borna si fungering og utvikling.

Bronfenbrenner (1979) peikar på at det vil vere ein fordel for barnet om målsamordning mellom heim og barnehage i overgangen (mesosystemet) og rollekrava til barnet i heim og barnehage er foreinleg med kvarandre.

I lys av denne teorien kan ein kan såleis seie at eit foreldresamarbeid om å samordne mål gjennom å tilpasse rutinar, aktivitetar og relasjonar mellom heim og barnehage før borna startar kan vere av betydning for barnet sin trygghet, trivsel og utvikling ved inngangen til barnehagelivet.



### **5.1.3 Forskingsspørsmål 3: Korleis erfarte og opplevde personalet eigen praksis når borna starta i barnehagen?**

Forskingsspørsmål 3 har som utgangspunkt modell 1 (sjå kap. 4.2.2.2) og modell 2 (sjå kap. 4.2.7.8), som gir ei skjematisk framstilling av avdeling Solstua sin praksis i overgangsprosessen si fase for dei yngste borna sin start i barnehagen. Analyse av studien syner at avdeling Solstova har utarbeida ein plan for borna sin start i barnehagen som omhandlar organisering av tid, rom, personale og born. Planen var utarbeidd med utgangspunkt i rutinane for start i barnehagen og kunnskapen personalet har fått via møtepunkt og kommunikasjon mellom heim og barnehage før start i barnehagen. Plan for oppstart syner ei organisering, der ein tek omsyn til tid, rom, personale-barn og barn-barn. Rutinar avdeling Solstova vektlegg i sin praksis både under og etter borna sin start i barnehagen er bruk av primærkontakt med fast gruppe av born, samt eit nært og tett samarbeid og munnleg og skriftleg kommunikasjon mellom heim og barnehage. Personalet samarbeid med foreldra om «tilvenningsdagar» og vurderer borna sine behov undervegs.

#### 5.1.3.1 Organisering av oppstart

Analyse av studien syner at personalinformantane har erfart og opplevd ein positiv overgangsporsess for foreldre, born og personale under og etter borna sin start i barnehagen. Dei peikar på betydinga av gode planar nært samarbeid mellom personalet, der dei fylgjer rutinar men samstundes er fleksible og tek omsyn til borna sitt behov. Betydinga av gode planar, nært samarbeid og delt informasjon samsvarar med Rosenkoetter et al. (1994) som peiker på at faktorar som synest vere av betyding for ein positiv/suksessfull overgang er *planlegging, delt og mykje informasjon, tillit*, samt betydinga av å *individualisere*. I lys av dette kan ein seie at Veslebakken sin praksis med planlegging, organisering og tett samarbeid mellom personale-personale, synest vere av betyding for korleis overgangsprosessen blir opplevd av personalet.

#### 5.1.3.2 Tilvenningsdagar og foreldredeltaking

Personalet uttrykkjer at dei opplevde variasjonar i borna sine behov og i kva grad foreldra hadde høve til å vere saman med borna under oppstarten fordi arbeidssituasjon påverka moglegheitene til foreldre. Dei fortel at lengda på dagane borna hadde også spelar inn og at det var ein fordel der foreldre kunne vere fleksible i starten slik at borna ikkje hadde så lange

dagar. Bronfenbrenner (1979) sin teori seier at samankoplinga mellom heim og barnehage kan vere i og mellom ytterpunkta «fleirlenka» og «svakt lenka». «*Fleirlenka*» refererer til samankoplingar i mesosystemet der det er meir enn barnet som er aktiv i begge settingane, og «*svakt lenka*» referer til samankoplinga direkte gjennom barnet sjølv, der deltakinga frå foreldre er av betydning for barnet sine moglegheiter til å finne seg til rette i barnehagemiljøet.

I lys av denne teorien kan ein seie at praksis legg til rette for foreldra si deltaking i barnehagen. Slik kan foreldre bidra til å støtte borna sånn at dei kan meistre å finne seg til rette i barnehagemiljøet. Samstundes peikar personalet på at det var forhold knytt til arbeidssituasjon som gjorde at foreldre ikkje hadde høve til å delta så mykje som ein kanskje kunne ynskje. Dette kan tolkast som ei utfordring slik at ein ikkje får til ei fleirlenka samankopling (Bronfenbrenner, 1979) i den grad som barnehagen ideelt sett har lagt opp til.

Bronfenbrenner (1979) peikar på at den mest kritiske periode ved ein overgang er når barnet trer inn i den nye settinga, og at endringar som fylgjer med er knytt til relasjonar og aktivitetar. Det vil difor vere av betydning korleis barnehagen arbeide med dette når foreldre ikkje lenger er saman med barnet i barnehagen. I lys av denne teorien kan ein seie at avdeling Solstova legg til rette for at foreldre og personale kan samarbeide tett i denne kritiske fasa då personalet fortel om eit nært samarbeid mellom primærkontakt og foreldre gjennom kombinasjon av munnleg og skriftleg kommunikasjon (kommunikasjonsboka som fylgjer med «barnehagesekken»). Dei fortel om erfaringane med mottakssituasjonen, der dei la vekt på å skape ei roleg atmosfære, gjere seg tilgjengeleg for borna og anerkjenne foreldre sine kjensler om situasjonen vart utfordrande for borna.

Samanlikna med forskingsprosjektet «Barnet i Centrum» (Hansen, 2016), som studerte mottakssituasjonen for å finne kva faktorar som synest gje ein god mottakssituasjon for born, foreldre og personale, synest resultata derifrå å samsvare med personalet på avdeling Solstova sine erfaringar og opplevingar. Hansen (2016) seier at resultat frå deira studie av faktorar som er av betydning for mottakssituasjonen er iscenesett møtesituasjonen, der ein ser til at ein har nok tid til situasjonen og gjer seg tilgjengeleg for barnet. Vidare, å vise innleving og ta barnet og foreldra på alvor: Anerkjenn barnet og foreldra sine kjensler og hugse at foreldra sine kjensler kan påverke barnet (Hansen, 2016). I lys av resultat frå forskingsprosjektet «Barnet i Centrum» (Hansen, 2016), kan ein seie at personalet i denne studien viser til liknande erfaringar.

### 5.1.3.3 Primærkontaktordning med fast gruppe av born

Personalet fortel at dei har fylgt planen og rutinane knytt til primærkontaktordning der dei har fylgt borna tett gjennom heile barnehagedagen og personalet peikar på at ein sentral faktor for at dei har opplevd at dei har lykkast er at dei har fylgt rutinar og samstundes samarbeidd og vore fleksible ved behov hos borna. Bronfenbrenner (1979) peiker på at den mest grunnleggande eininga i ei setting er dyaden, som han seier er ei gruppa bestående av to personar. Han viser samstundes til betydinga av utvidinga av gruppa slik at kapasiteten i ein dyade vert påverka av tredje part. I lys av denne teorien kan ein seie at personalet si forteljing av betydinga av å være saman som gruppe over tid og at primærkontakta er tett på borna gir høve til både dyade og utviding.

Solstova sin praksis, som legg til rette for pedagogisk arbeid med relasjonsetablering mellom både personale-barn, personale-barn-barn og barn-barn, kan bli tolka i lys av Hartrup (1989) sine omgrep *horisontale* og *vertikale* relasjonar. Vertikale relasjonar oppstår når barnet knyt seg til individ som har større kunnskap og sosial styrke enn seg sjølv, medan barnet sine relasjonar med individ som har same verdi av sosial styrke som seg sjølv vert kalla horisontal relasjon. Avdeling Solstova si organisering med primærkontakt og fast gruppe av born knyter vaksne og barn i barnehagen saman. Dette er i samsvar med rammeplanen: «Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn». Eit eksempel på korleis personalet arbeider med gruppetilhøyrse er personalet si forteljing av at dei har bilete av gruppa dei er saman med, at dette heng over bordet der dei har måltidet sitt og at dei kvar dag ser på bilete og inkluderer born ved å snakke om dei som ikkje er komne eller ikkje er i barnehagen av andre grunnar.

Primærkontaktordninga legg til rette for at primærkontakt fylgjer barnet tett gjennom måltid, overgangar, legging, stell med meir og tek omsyn til at det er ei kritisk fase når barnet trer inn i barnehagen (Bronfenbrenner, 1979). Drugli et al. (2017) peikar på at personalet kan ha ulike syn på barnet og at barnehagane generelt er delt i synet på barnet som «kompetent» eller «sårbart», og at dette synest påverke barnehagane sin praksis for dei små borna sin start i barnehagen. Kalliala (2014) sine observasjonsdata frå eiga undersøking utfordrar ei overgeneralisering av diskursen om barnet som enten kompetent eller sårbart, begge elementa kan vere til stades. Som døme på dette kan eittåringen veksle mellom å vere tett på sin

primærkontakt, det vil seie tek korte turar opp i *tryggleikssirkelen* (Brandtzæg et al. 2013, s 51-52) og å utforske barnehagemiljøet på eiga hand.

Uavhengig om ein ser på barnet som kompetent eller sårbart, vil det trenge omfattande støtte i overgangsprosessen heim – barnehage. Personalet har ei nøkkelrolle i å skape trygge relasjonar til alle barn. GoBaN-prosjektet oppsummer viktige kjenneteikn på god kvalitet, som personal med høg kompetanse, profesjonell entusiasme, god og tydeleg leing og at personal samarbeider godt både internt, med foreldre og eksterne partar (Alvestad et al., 2019, s 70-71).

#### **5.1.4 Forskingsspørsmål 4: Kva forventningar hadde foreldra til borna sin oppstart i barnehagen og korleis opplevde dei at den gjekk?**

Drøftinga vert gjort i lys av foreldre sine forventningar til borna sin start i barnehagen. Alle foreldreinformantane uttrykkjer at det gjekk som forventa under borna sin start i barnehagen. Foreldreinformantane trekkjer fram personalet sine planar, rutinar og samarbeid med kvarandre. Dei opplevde anerkjenning av personalet når dei møtte utfordringar undervegs og samarbeida med personalet om å løyse desse utfordringane. Foreldra sitt sterke og nødvendige engasjement ved oppstart i barnehagen blir understreka av rammeplanen: Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Kunnskapsdepartementet presiserer i Rammeplanen at barnehagen har ei plikt til å:

legge til rette for at foreldrene og barnehagen jevnlig kan utveksle observasjoner og vurderinger knyttet til enkeltbarnets helse, trivsel, erfaringer, utvikling og læring. Barnehagen skal begrunne sine vurderinger overfor foreldrene og ta hensyn til foreldrenes synspunkter. Samarbeidet skal sikre at foreldrene får medvirke til den individuelle tilretteleggingen av tilbudet (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Samfunnsmandatet peikar på at foreldra sine synspunkt og perspektiv skal bli tillagt stor vekt, også i overgangsprosessen heim – barnehage. Det at Veslebakken barnehage i stor grad har eit ferdig opplegg som dei ønsker å gjennomføre, kan på den eine sida bli tolka som liten grad av foreldreinvolvering med tanke på organisering av overgangen. På den andre sida har barnehagepersonalet utvikla ein praksis på grunnlag av erfaringar frå tidlegare praksis. I

denne studien ser det ut som at personalet har fått til å skape tillit til at barnehagen sit med nødvendig kompetanse til å løse barnet trygt inn i barnehagekvardagen. Ifølge Dalli (2002) har ein barnehage sin praksis og praksisteori innverknad på korleis både barn og foreldre erfarer overgangen heim – barnehage. Undersøkinga til Dalli (2002) finn at praksis for ein positiv overgang for dei små borna er klare reglar og rutinar, primærkontakt som fylgjer barnet tett gjennom dagen og borna sine aktivitetar, og at ein utvidar til fleire relasjonar til resten av personalet etter kvart som barnet vart trygt. Dette samsvarer i store trekk med avdeling Solstova sin praksis for start med dei små borna og kan vere noko av grunnlaget for at foreldra er godt nøgde med overgangsprosessen.

Foreldra sine forteljingar ber preg av at det er ein samanheng mellom erfaringar og opplevingar gjennom overgangsprosessen sine tre fasar før-under og etter borna sin start i barnehagen. Der er tre ulike forteljingar der den eine (informant A) er prega av positive opplevingar og at utfordringar vert møtt med at det kjem til å gå bra. Den andre forteljinga (informant B) er prega av erfaringar og opplevingar av både positive og mindre positive erfaringar, der det å verte møtt av personalet og få til eit godt samarbeid og då særskilt i samband med utfordringar som kan oppstå er av stor betydning for korleis foreldrepar B erfarte og opplever overgangsprosessen sine tre fasar. Den tredje forteljinga (informant C) er prega av at dette er første erfaring med overgangsprosessen, der etablering av samarbeid med personalet og kunnskap om det som ventar har vore av stor betydning for korleis dei erfarte og opplevde prosessen.

Dei ulike forteljingane viser til endringar og vekst. Dette blir også understreka av Rosenkoetter et al., (1994):

Overgangar inneberer å vokse opp og gå ut, møte nye utfordringar og lære å overvinne dei. Dei inneberer å møte nye menneskje, gå til nye stadar, tilpasse seg ulike tidsplanar og nye skikkar, og akseptere endra forventningar.

Overgangar er også ei stor utfordring for lærarane, terapeutar, administratorar og agentar som fremmer utviklinga av små born. For fagfolk, så vel som for barn og deira familiar, gir overgang ofte ubalanse. Faktisk inneberer overgangen endring (Rosenkoetter et al., 1994, s.3, eiga oversetting).

Her peikar Rosenkoetter et al. (1994) på at overgangar kan vere ei stor utfordring og inneber endring også for familiare, der det handlar om å møte utfordringane og lære å overvinne dei. I dei ulike forteljingane til foreldra ser ein samstundes at alle opplever at overgangen til barnehagen gjekk godt og at barna no trivast i barnehagen. Dei er samstemte i forteljinga om barnehagen sin praksis, der foreldra trekkjer fram avdelinga si organisering av personale og barn, informasjonsflyt, personalet sine haldningar og handlingar, samt personalet si evne til å samarbeide med kvarandre. Dette samsvarer med Dalli (2002) som i si undersøking finn seier at *barnehagen sin praksis og praksisteori* har betydning for kvaliteten og korleis barna og mødrene erfarte overgangen. Undersøkinga viser vidare at kjenneteikna på god praksis for ein positiv overgang for dei små borna var klare reglar og rutinar, primærkontakt som fylgjer barnet tett gjennom dagen og borna sine aktivitetar, og at ein utvidar til fleire relasjonar etter kvart som barnet vart trygt. Dette samsvarer i store trekk med avdeling Solstova sin praksis for start med dei små borna.

Også i møtet med utfordringar fortel foreldra i denne studien om positive erfaringar og opplevingar knytt til korleis desse utfordringane vart løyste. Rosenkoetter et al. (1994) framhevar korleis overgangar kan skilje seg frå kvarandre og peikar her faktorar som barnet sin alder og familieforhold, korleis dei involverte tek del, kva alternativ tenestene tilbyr og den offisielle politikken. Rosenkoetter et al. (1994) seier også at tidlege gode overgangar ikkje kjem av seg sjølv men er eit resultat av felles innsats mellom foreldre og profesjonelle. I lys av dette kan ein seie at foreldre og personale sitt samarbeid og samspel gjennom dei tre fasane før-under og etter borna sin start i barnehagen har vore av betydning for korleis overgangen vart erfart og opplevd av deltakarane i denne studien.

## 6 Avslutning og vegen vidare

Utgangspunktet for denne studien var eit ynskje om å undersøkje overgangsprosessen frå heim til barnehage for dei små borna, der både moglegheiter og utfordringar gjennom denne overgangen vil verte belyst. Studien tok utgangspunkt i at auka kunnskap om overgangen mellom heim og barnehage for dei yngste borna kan knytast til oppstart av samarbeid mellom heim og barnehage og ein positiv start på barnehagelivet til beste for barnet. For å belyse overgangsprosessen mellom heim og barnehage for dei yngste barna når dei skal byrje i barnehagen for første gong vart følgjande problemstilling stilt: *Kva er barnehagen sin praksis for overgangsprosessen for dei små borna og korleis erfarer og opplever foreldra og personalet denne?*

Problemstillinga er for det første undersøkt gjennom kunnskapsgrunnlaget I kapittel 2 med vekt på samfunnsmandat, teoriar og forskning. For det andre er problemstillinga undersøkt empirisk gjennom ei eiga kvalitativ intervjuundersøking med bruk av både individuelle intervju og fokusgruppeintervju, i tillegg til analyse av barnehagens dokument som gjaldt overgangsprosessen.

Studien tok utgangspunkt i ei samansett problemstilling då *overgangsprosessen* består av prosessar før barnet har sin oppstart i barnehagen, samt under og etter barnet sin start i barnehagen., og det var nødvendig å dele problemstillinga i fleire forskingsspørsmål. Sjølv om studien hadde eit bestemt tema ein ynskje å undersøkje, gjorde ein tidleg i prosessen erfaring med at å studere alle fasane av overgangsprosessen og inkludere både foreldre og personale med to datainnsamlingar førte til at omfanget av datamaterialet utfordra ein i det vidare arbeidet. Ein erfarte også at når resultat knytt til overgangsprosessen før borna starta framstod som ein sentral faktor for overgangsprosessen sine neste fasar (under og etter), vart det utfordrande å løyse oppgåva med det omfanget denne masteroppgåva skal ha.

Med utgangspunkt i desse utfordringane vil ein likevel peike på at det har vore nødvendig å sjå prosessane i samanheng og særskilt då ein har teke utgangspunkt i Bronfenbrenner (1979) sitt økologiske perspektiv på menneskeleg utvikling og Sameroff (2009) sin transaksjonsmodell og velde ei systemteoretisk tilnærming. Ved å studere korleis barnehagemiljø og heimemiljø kan påverke og virke saman i overgangsprosessen har vore ei spennande reise og samstundes kunna fylgt korleis individ og omgivnader påverkar kvarandre. Ein har difor prioritert å løfte fram faktorane som kan vere av betydning for

«*positive overgangar*», der ein tenkjer at denne kunnskapen kan hjelpe ein i det pedagogiske arbeidet med overgangsprosessen med sine utfordringar og moglegheiter. Resultatet frå denne studien syner at ein praksis som legg til rette for forbindelsar mellom heim og barnehage som gir foreldra moglegheit til å samarbeide med barnehagen før, under og etter barnet sin oppstart i barnehagen gir *moglegheiter å byggje bru mellom heim og barnehage i samband med overgangsprosessen*.

### **6.1.1 Refleksjon over eige forskingsarbeid, studien sine avgrensingar, og vegen vidare**

For eigen del har dette vore ein lærerik og interessant prosess. Gjennom studien har det blitt gjort tydeleg at barnehagen har ansvar for å etablere eit godt foreldresamarbeid til beste for borna, og at forbindelsane mellom heim og barnehage vil vere av betydning for barnehagen sitt samarbeid med foreldre. I samband med dei yngste borna sin start i barnehagen vil det for nokre foreldre vere første gong dei får erfaringar og opplevingar i samband med samarbeid heim og barnehage, der inngangen til dette samarbeidet kan vere av betydning for det vidare samarbeidet med barnehagen. Andre foreldre kan ha tidlegare erfaringar og opplevingar som påverkar samarbeid om overgangsprosessen med barnehagen. For begge desse foreldregruppene vil forbindelsane mellom heim og barnehage vere av betydning for opplevinga av overgangsprosessen, samarbeid med barnehagen og livet borna har i barnehagen. Foreldre og personale er viktige for barna, og samarbeidet deira om tilrettelegging av borna sin start i barnehagen kan vere avgjerande for barnet sine erfaringar og oppleving av barnehagelivet og det å skulle bevege seg mellom dei to miljøa.

Studien har vist til eit fortsett forskingsbehov med omsyn til små barns oppstart i barnehagen, foreldra sitt perspektiv og personalet sine erfaringar. Av særleg interesse er barna si oppleving i ein slik overgangsprosess. Studien avsluttar med sitat frå ein av foreldreinformantane:

Du kan lage system og rutinar som er gode, men så må dei jo tilpassast ut i frå individuelle behov. Då er det avgjerande at ein får god kommunikasjon med kvarandre og kanskje særleg den første gongen, slik at ein veit kva ein kan forvente. Det viser no kor viktig forskingsområdet her er for det har stor betydning om det fungerer eller ikkje, og har veldig stor betydning for korleis oppstarten vert. Ja vi har jo hatt to forskjellige opplevingar og det er klart at det har mykje å seie for oss som foreldre korleis det blir. Det å skape ei trygghet for oss som foreldre om at det er heilt i orden å levere han frå seg til deg ja då treng eg ikkje tenkje så mykje meir på det før eg skal



hente han. Tryggheit fordi det ordnar seg... og om noko står på så blir vi kontakta av barnehagen og når du veit dei gjer det ...då fungere ting slik som det skal mm så det (B1).

Som sitatet viser, det viktigaste er å møte den enkelte sin behov, både barn og foreldre. Og å samarbeide med dei om ein best mogleg overgangsprozess til beste for barnet.

## 7 LITTERATURLISTE

- Abrahamsen, G. (2015). *Tilknytningsbaserte barnehager*. Oslo: Universitetsforlaget
- Ahnert, L., Pinquart, M. & Lamb, M.E. (2006) Security of children`s relationships with nonparental care providers: A meta-analysis. *Child development*, 77,s.664-679  
<https://doi.org/10.1111/j.1467-8624.2006.00896.x>
- Almeida, D. & Wong, J (2009). Life transitions and daily stress processes. I: G.H. Elder & J. Giele (red.) *The craft of life course Research*. New York: The Guilford press
- Alvestad, M., Gjems, L., Myrvang, E., Storli, J.B., Tunglund, I. B. E., Velde, K.L. & Bjørnestad, E. (2019). *Kvalitet i barnehagen* (Universitetet i Stavanger rapport nr. 85/2019). Henta frå [https://uis.brage.unit.no/uis-xmllui/bitstream/handle/11250/2630132/Rapport\\_85.pdf?sequence=3&isAllowed=y](https://uis.brage.unit.no/uis-xmllui/bitstream/handle/11250/2630132/Rapport_85.pdf?sequence=3&isAllowed=y)
- Askeland, L. & Sataøen, S. O. (2013). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst*. (3.utg) Oslo: Gyldendal
- Barnehagelova. (2005). Lov om barnehager. LOV-2005-06-17-64 Henta frå <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64>
- Befring, E. (2015). *Forskningsmetoder i utdanningsvitenskap*. Oslo: Cappelen Damm
- Bjørnestad, E. & Samuelsson, I. P. (2012): *Hva betyr livet i barnehagen for barn under 3 år? En forskningsoversikt*. Oslo: Høgskolen i Oslo og Akershus. Henta frå [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/barnehager/rapporter20og20planer/forskningsoversikt\\_barn\\_under\\_tre\\_aar.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/barnehager/rapporter20og20planer/forskningsoversikt_barn_under_tre_aar.pdf)
- Brandtzæg, I., Torsteinson, S. & Øiestad, G. (2013). *Se barnet innenfra. Hvordan jobbe med tilknytning i barnehagen*. Oslo: Kommuneforlaget
- Bronfenbrenner, U. (1979). *The Ecology of Human Development. Experiments by nature and design*. Cambridge, MA: Harvard University Press
- Bronfenbrenner, U. (red.) (2005) *Making human beings human*. Thousand Oaks: Saga Publications

- Brostrøm, S., Hanssen, O.H, Jensen, A.S. & Svinth, L. (2016). *Barnet I Cenrtum. Pædagogik og relaioner I vuggestue og dagpleje*. (kap 1, 4). København: Akademisk forlag
- Bø, I. (2018). *Barnet og de andre. Nettverk som pedagogisk og sosial ressurs*. Oslo: Universitetsforlaget
- Bø, I. & Helle, L. (2013). *Pedagogisk ordbok. Praktisk oppslagsverk i pedagogikk, psykologi og sosiologi*. (3.utg.) Oslo: Universitetsforlaget
- Dalen, M. (2011). *Intervju som forskningsmetode – en kvalitativ tilnærming*. (2.utg.) Oslo: Universitetsforlaget
- Dalli (2002). From home to childcare centre. Challenges for mothers, teachers and children. (kp.3) I: Fabian, H. & Dunlop. A.-W, (red.). *Transitions in the early years. Debating continuity and progression for children in early education*. New York: Routledge
- De nasjonale forskningsetiske komiteene (NESH). Henta frå <https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/innledning-formal/>
- Drugli, M.B. & Lekhal, R. (2018). *Livsmestring og psykisk helse*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk
- Drugli, M.B. (2017). *Liten i barnehagen. Forskning, teori og praksis*. Oslo: Cappelen Damm
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskaplige metoder* (2.utg., s 175-182) Bergen: Fagbokforlaget
- Gulbrandsen, L.M (2017). Urie Bronfenbrenner: En økologisk utviklingsmodell. I: L.M, Gulbrandsen (Red.) (2017). *Oppvekst og psykologisk utvikling. Innføring i psykologiske perspektiver*, (2.utg., kap. 2). Oslo: Universitetsforlaget
- Hartup, W. W. (1989). Social relationships and their developmental significance. *American Psychologist*, 44(2), 120–126. <https://doi.org/10.1037/0003-066X.44.2.120>

- Kalliala, M. (2014). Toddlers as both more and less competent social actors in Finnish day care centres. *Early years, Vol. 34 (1)*, s. 4-17.
- Kleven, T.A. (2014). *Innføring i pedagogisk forskningsmetode. En hjelp til kritisk tolking og vurdering.* (2. utg). Bergen: Fagbokforlaget
- Kunnskapsdepartementet (2017) *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.* Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju.* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Maxwell, J.A. (1992). *Understanding and Validity in Qualitative Research.* Harvard Educational Review, 62(3), 279-300. Henta frå [http://mkoehler.educ.msu.edu/hybridphd/hybridphd\\_summer\\_2010/wp-content/uploads/2010/06/maxwell92.pdf](http://mkoehler.educ.msu.edu/hybridphd/hybridphd_summer_2010/wp-content/uploads/2010/06/maxwell92.pdf)
- Nordahl, T. & Drugli, M.B. (2016) *Forskningsartikkel: Samarbeidet mellom hjem og skole.* Henta frå <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/samarbeid/hjem-skole-samarbeid/samarbeidet-mellom-hjem-og-skole/hvordan-fremme-foreldresamarbeid/>
- Personvernombudet for forskning (NSD). Temaside barnehage og skule. Henta frå: <http://www.nsd.uib.no/personvern/forskningstemaer/barnehageskole.html>
- Pianta, R.C. (1999). *Enhancing relationships between children and teacher.* Washington, DC: American Psychological Association
- Rosenkoetter, S.E, Hains, A.H. & Fowler, S.A. (1994). *Bridging early services for children with special needs and their families. A practical guide for transition planning.* Sydney: Paulh Brookes Publishing Co.
- Sameroff, A. (red.) (2009). *The transactional model of development: How children and contexts shape each other.* Washington, DC: American Psychological Association.

- Smith, L. (2017). Tilknytning: teori og forskning. I: L. M., Gulbrandsen (Red.) (2017). *Oppvekst og psykologisk utvikling. Innføring i psykologiske perspektiver*, (2.utg. kap. 5) Oslo. Universitetsforlaget
- Statistisk sentralbyrå (2020). Henta frå <https://www.ssb.no/barnehager>
- Tetzchner, S.V. (2012). *Utviklingspsykologi*. Oslo: Gyldendal Akademiske.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. (4.utg.) Oslo: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS
- Undheim, A.M. & Drugli, M.B. (2011). *Perspective of parent and caregivers on the influence of full-time day-care attendance on young children*. Henta frå [http://www.r-bup.no/cms/cmsmm.nsf/lupgraphics/Artikkel%20om%20sm%C3%A5%20barn%20i%20barnehage.pdf/\\$file/Artikkel%20om%20sm%C3%A5%20barn%20i%20barnehage.pdf](http://www.r-bup.no/cms/cmsmm.nsf/lupgraphics/Artikkel%20om%20sm%C3%A5%20barn%20i%20barnehage.pdf/$file/Artikkel%20om%20sm%C3%A5%20barn%20i%20barnehage.pdf)
- Vogler, P. Crivello, G. & Woodhead, M. (2008). *Early childhood transitions research: a review of concepts, theory and practice*. Henta frå <https://ora.ox.ac.uk/objects/uuid:dfa1d685-97e1-4365-a8b7-ca7d44ffc618>
- Wilder, J. & Lillvist, A. (2017). Teoretiska perspektiv på övergångar I Lillvist, A. & Wilder, J. (2017). *Barns övergångar. Förskola, förskoleklassfritidshem, grundsärskola och grundskola*. (kap 9) Polen: Interak
- Zachrisson, H.D., Lekhal, R. & Schølberg, S. (2010). Barnehage og psykisk helse hos sped- og småbarn. I: V. Moe, K. Slinning & M. Hansen Bergum (Red). *Håndbok i sped- og småbarns psykiske helse*. Oslo: Gyldendal Norsk forlag.

# 8 VEDLEGG

## Vedlegg 1



Liv Ingrid Håberg  
Institutt for pedagogikk Høgskulen i Volda  
Postboks 500  
6101 VOLDA

Vår dato 26.05.2017

Vår ref. NR.2017/131824

Dinns dato

Dinns ref.

### TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 08.05.2017. Meldingen gjelder prosjektet:

E43d3	Overgang mellom heim og barnehagen. Søkjelyset vert sett på dei yngste barna og korleis overgangen mellom heim og barnehage vert gjennomført når barnet byrjar i barnehagen
Behandlingsansvarlig	Høgskulen i Volda, ved Institusjonens øverste leder
Daglig ansvarlig	Liv Ingrid Håberg
Student	Bernt Huse

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, [http://www.nsd.uib.no/personvernombud/meld\\_prosjekt/meld\\_endringer.html](http://www.nsd.uib.no/personvernombud/meld_prosjekt/meld_endringer.html). Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://wvvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 01.05.2018, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Kjersti Haugsvædt

Beilinda Gløppen Helle

Documentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSD's rutiner for elektronisk godkjenning

## Vedlegg 2

### Forespørsel om deltaking i forskingsprosjektet

«Overgangsprosessen mellom heim og barnehage»

#### Bakgrunn og formål

Formålet med studien er å undersøkje korleis overgangsprosessen mellom heim og barnehage kan bli gjennomført for dei yngste borna. Som barnehagelærer med 30 år i barnehage har eg eit ynskje om å sette fokus på korleis ein kan legge til rette for ein god overgang når dei yngste barna skal begynne i barnehagen. Studien er ein del av ein Mastergradsstudie i utdanning og læring med vekt på spesialpedagogikk ved Høgskulen i Volda. For å gjennomføre studien ynskjer eg å intervjuje føresette til born som begynner i barnehage og personalet på avdelinga/basen barna begynner.

Då de er foreldre/personale i barnehagen til barn som skal begynne i barnehagen for første gong vert de spurt om å delta i denne studien.

#### Kva inneber deltaking i studien?

Datainnsamlinga vert gjennomført med intervju av føresette og personale. Intervjua vert gjennomført to gongar, der det første intervjuet vert gjennomført før barnet byrjar i barnehagen og det andre intervjuet vert gjennomført etter vel ein månads erfaring etter at barnet har begynt i barnehagen. Føresett/føresette kan sjølve avgjere om far og mor ynskjer å vere med på intervjuet saman eller om berre ein av dokke ynskjer å delta. Intervju av personale på avdelinga barnet går er eit fokusgruppeintervju. Fokusgruppentervjuet vert gjennomført ved at personalet er saman som gruppe under intervjuet. I samband med dette intervjuet er det ein føresetnad at føresette gir løyve til at personalet vert fritekne for taushetsplikt. Intervjuspørsmåla ligg vedlagt slik at de veit kva det vert spurt om. Spørsmåla i det første intervjuet vil fokusere på tankar føresette/personale har om overgangen frå heimetilværelsen til barnehage og kva ein tenkjer er viktig i samband med denne overgangen. Det andre intervjuet vil ha fokus på erfaringane de har gjort dokke etter vel ein månad i barnehage for barnet. Det vert brukt lydopptakar under intervjua.

#### Kva skjer med informasjonen om deg?

Alle personopplysningar vil bli behandlet konfidensielt. Det er kun underteikna som har tilgang til lydopptaka og opptaka vert lagra i låsbart arkiv. Når ein overfører lydopptak til skriftspråk vert namna anonymisert ved at eg brukar fiktive namn. Det vil ikkje verte vist til kva barnehage, kommune eller fylke intervjuet er

blitt gjennomført. Det vil difor ikkje vere råd å kjenne igjen deltakarane i denne studien/masteroppgåva.

Prosjektet skal etter planen avsluttast 1.juni 2018. Datamaterialet vert anonymisert og opptak av intervju vert sletta ved prosjektslutt.

Frivillig deltaking Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekkje ditt samtykke utan å gje opp nokon grunn. Dersom du trekkjer deg, vil alle opplysningar om deg bli sletta.

Om du ynsker å delta eller har spørsmål til studien, ta kontakt med (BLINDED)

Rettleiar (BLINDED)

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD - Norsk senter for forskningsdata AS.

Samtykke til deltaking i studien «Overgangsprosessen mellom heim og barnehage»

Eg har motteke informasjon om studien «Overgangsprosessen mellom heim og barnehage», og vil delta i dette forskingsprosjektet. Det medfører å ta del i intervju.

---

(Signert av informant, dato)

Samtykkeerklæring for fritak av taushetsplikt

Vedr: \_\_\_\_\_  
Født: \_\_\_\_\_

Eg/vi samtykker til at barnehagepersonalet deltek i gruppeintervju om tilvenningsperioden til

..... (Barnet sitt navn) i samband med deltaking i dette forskingsprosjektet.

---

(Signert av føresette, dato)



## Vedlegg 3

### Intervjuguide for foreldre

#### Intervjuguide 1 – Før barnet byrjar i barnehagen

##### Bakgrunnsinformasjon :

Kva veit de om barnehagen frå før ?

Kva erfaringar har de med overgang frå heim til barnehage og tilvenning i barnehage ?

##### Informasjon frå barnehagen :

Kan de fortelje om kva informasjon de har fått om oppstarten i barnehagen ?

- Kva kontakt har det vore mellom dokke og barnehagen ?
- Kva møte har de hatt med barnehagen i forkant av oppstarten ?
- Kva tenkjer de er viktig informasjon for dokke å ha før oppstart i barnehagen ?
- Kva informasjon tenkjer de er viktig at barnehagen får frå dokke før oppstart ?

##### Overgangsprosessen

Kva tenkjer de er viktig for barnet dokkar i forbindelse med overgangen frå heimetilværelsen til barnehage ?

- Kva ser de på som den største endringa for barnet ?
- Kva ser de på som den største endringa for dokke som foreldre ?
- Kva tenkjer de vert viktig i denne overgangen ut frå slik de kjenner barnet dykkar sine erfaringar og behov ?

##### Om rolle

Kva ser de på som viktig at de og barnehagen samarbeider om i tida framover ?

- Korleis tenkjer de at de kan førebu barnet på overgangen frå heim til barnehage ?
- Korleis tenkjer de at barnehagen kan bidra til å førebu dokke og barnet på denne overgangen ?

- Kva er viktig for dokke som foreldre i denne prosessen ?

### **Organisering :**

Korleis planlegg de tilvenningstida ?

- Kva informasjon har de fått frå barnehagen om sjølve tilvenningstida som planar, organisering og liknande ?
- Kor mange dagar tenkjer de ein vil bruke på «tilvenninga» ?
- Kva tenkjer de om lengda på dagane i tilvenningstida ?

### **Tilvenning :**

Kva tenkjer de er viktig for barnet dokkar i tilvenningstida ?

- Kva tenkjer de er viktig for at barnet dokkar skal verte trygg i barnehagen ?
- Kva tenkjer de at rolla til dokke som foreldre er og korleis de kan støtte barnet i tilvenningstida?
- Kva tenkjer de at rolla til barnehagen er og korleis dei kan støtte barnet i tilvenningstida ?
- Kva tenkjer de er viktig i forhold til samarbeid og kommunikasjon mellom foreldre og barnehagen i forbindelse med tilvenningstida i barnehagen ?

**Kva ser de på som det aller viktigaste i overgangsprosessen ?**

### **Avslutting**

Er det noko meir de ynskjer å tilføre i forhold til det vi har snakka om som eg ikkje har spurt om ?

## Vedlegg 4

### Intervjuguide 2 (etter at barnet har byrja i barnehagen)

#### Erfaringar :

Kva tenkjer de om korleis barnet opplevde overgangsprosessen ?

Korleis opplevde de som foreldre overgangsprosessen ?

- Har de gått slik de forventa ?
- Har det vore utfordringar og på kva måte vart det eventuelt løyst ?

Kva vil de trekkje fram om de skulle gje råd til andre foreldre om overgangsprosessen frå heimetilværelse til barnehage :

- Kva informasjon kan vere viktig å ha på førehand ?
- Kva er viktig å tenkje på i samband med tida før barnet begynner i barnehagen ?
- Kva er viktig å tenkje på i samband med tilvenningstida ?
- Kva er viktig i samband med samarbeid heim og barnehage ?

Kva vil de trekkje fram om de skulle gje råd til barnehagar om korleis legge til rette for ein god overgang mellom heimetilværelse og barnehage ?

- Kva informasjon er viktig at barnehagen gir på førehand ?
- Kva kan barnehagen gjere for å støtte føresette og barna i overgangsprosessen frå heimetilværelse til barnehage før barnet tek til i barnehagen ?
- Korleis kan barnehagen legge til rette for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage i denne prosessen ?
- Kva tenkjer de er viktig at barnehagen ber dokke om å gjere i samband med tida før barnehagestart ?

Kva vil de trekkje fram om de skulle gje råd til barnehagar om korleis legge til rette for ei god «tilvenningsperiode»

- Kva tenkjer de er viktig at barnehagen legg vekt på i tilvenningstida ?
- Kva er viktig at barnehagen gjere for å trygge barnet i barnehagen ?
- Kva informasjon er det viktig at barnehagen gir foreldre i tilvenningstida ?
- Kva informasjon er det viktig at de som foreldre gir til barnehagen i tilvenningstida?
- På kva måte bør foreldre/personale gje denne informasjonen ?

#### Avslutting

Er det noko meir de ynskjer å tilføre i forhold til det vi har snakka om som eg ikkje har spurt om ?

## Vedlegg 5

### Intervjuguide for fokusgruppeintervju personale Intervjuguide 1 – Før barnet byrjar i barnehagen

#### Bakgrunnsinformasjon :

Kva stilling har de i barnehagen ?

Kor mange år har dei arbeidd i barnehage ?

Kva erfaringar har de med oppstart i barnehage ?

#### Formelle planar :

Er det utarbeidd plan for overgangsprosessen til barna og «tilvenningsperioda» ? Kva inneheld denne planen ?

- Er planen utarbeidd med bakgrunn i noko teorigrunnlag, erfaringsbasert kunnskap, rammeplan og liknande ?

#### Informasjon frå barnehagen til føresette :

Kan de fortelje om kva informasjon og kontakt de har gitt til føresette om oppstarten i barnehagen ?

- Kva møte har de hatt med føresette og barn ?
- Kva informasjon har føresette fått og korleis er denne informasjonen blitt formidla ?
- Kva informasjon ser de på som viktig at de får frå føresette før tilvenningstida ?

#### Overgangsprosessen

Kva tenkjer de er viktig for barnet i forbindelse med overgangen frå heimetilværelsen til barnehage ?

- Kva tenkjer de er den største endringa for barnet ?
- Kva tenkjer de vert den største endringa for foreldra ?

#### Om rolle

Kva ser de på som viktig at de og foreldra samarbeider om i tida framover ?

- Kva ser de på som viktig med samarbeidet for barnet i denne prosessen ?
- Kva ser de på som viktig med samarbeidet for foreldra i denne prosessen ?
- Kva ser de på som viktig for personalet i denne prosessen ?
- Kva kan barnehagen gjere for å førebu barnet ?
- Kva kan foreldra førebu barnet på ?

#### Organisering :

Korleis planlegg de oppstartsperioden ?

- Kva tenkjer de om planen frå barnehagen ?
- Korleis tenkjer de om organisering av dagsrytme, sovetider, måltid m.m
- Korleis ser de det å bruke kontaktperson/primærkontakt ?
- Korleis tenkjer de om samarbeid og fordeling av oppgåver i personalet ?

#### Tilvenning :

Kva tenkjer de er viktig for barnet i tilvenningstida ?

- Kva tenkjer de er viktig for at barnet skal verte trygg i barnehagen ?
- Kor mange dagar tenkjer de ein bør bruke på «tilvenninga» ?
- Kva tenkjer de om rolla til personale og korleis personalet kan støtte barn i tilvenningstida?
- Kva tenkjer de om rolla til personale og korleis personalet kan støtte foreldra i tilvenningstida?

- Kva tenkjer de om foreldrerolla og korleis foreldra kan støtte barnet i tilvenningstida ?
- Kva ser de på som viktig i forhold til samarbeid og kommunikasjon mellom barnehage og foreldra i forbindelse med tilvenningstida i barnehagen ?
- Kva ser de på som viktig i forhold til samarbeid og kommunikasjon innad i barnehagen i forbindelse med tilvenningstida.

### **Avslutting**

Er det noko meir de ynskjer å tilføre i forhold til det vi har snakka om som eg ikkje har spurt om ?

## **Intervjuguide 2 (etter at barnet har byrja i barnehagen)**

### **Erfaringar :**

Korleis opplevde de som personale overgangsprosessen ?

- Kva ser de på som viktige faktorar i samarbeidet og fordelinga av oppgåver knytt til overgangsprosessane og tilvenningstida ?

Kva tenkjer de om korleis barnet opplevde overgangsprosessen ?

Kva tenkjer de om korleis foreldra opplevde overgangsprosessen ?

Kva vil de trekkje fram om de skulle gje råd til barnehagar om korleis legge til rette for ein god overgang mellom heimetilværelse og barnehage ?

- Kva informasjon er viktig at barnehagen gir på førehand ?
- Kva kan barnehagen gjere for å støtte føresette og barna i overgangsprosessen frå heimetilværelse til barnehage.
- Korleis kan barnehagen legge til rette for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage i denne prosessen ?

Kva vil de trekkje fram om de skulle gje råd til barnehagar om korleis legge til rette for ei god «tilvenningsperiode»

- Kva er viktig at barnehagen legg vekt på i «tilvenningstida» ?
- Kva er viktig at barnehagen gjer for å trygge barnet i barnehagen ?
- Kva informasjon er det viktig at barnehagen gir foreldre i tilvenningstida ?
- Kva informasjon er det viktig at de som foreldre gir til barnehagen i tilvenningstida?

### **Avslutting**

Er det noko meir de ynskjer å tilføre i forhold til det vi har snakka om som eg ikkje har spurt om ?